

Perspektiv på bygdeutvikling

MARTIN BYRKJELAND

KNUT GROVE

STEIN ROKKAN SENTER FOR FLERFAGLIGE SAMFUNNSSTUDIER

UNIVERSITETSFORSKNING BERGEN

DESEMBER 2005

Notat 14 - 2005

Innhold

SAMANDRAG	3
ENGLISH SUMMARY	4
1 INTRODUKSJON.....	5
2 PERSPEKTIV PÅ BYGDEUTVIKLING.....	6
Bygdeutvikling – eit nytt politikkområde.....	6
Ny offentleg styring og omlegging av landbrukspolitikken i 1990-åra.....	7
Tre perspektiv på bygdeutvikling.....	10
3 TEMA I NORSK BYGDEUTVIKLING 1990–2005	14
Det grunnleggjande spørsmålet: Korleis avgrense bygda.....	14
Første tema: Industri og/eller landbruk	16
Andre tema: Nisje og/eller tilleggsproduksjon i landbruket.....	23
Tredje tema: nye og gamle næringar.....	26
Fjerde tema: Postmoderne opplevingsbygd	31
Femte tema: Frå produsent til landskapsforvaltar og tradisjonsbærar	36
Sjette tema: Den demografiske ubalansen	38
Sjuende tema: Entreprenørskap og brei mobilisering.....	40
4 UTVIKLINGSTILTAK I HORDALAND 1992–2005	42
Prosjekta i Hordaland	42
Prosjekta – perspektiv og refleksjon.....	64
5 OPPSUMMERING OG TILRÅDINGAR	68
LITTERATUR OG MATERIALE	73

Samandrag

Rapporten drøftar eit utval bygdeomstilling- og utviklingsprosjekt som har vore gjennomførte i Hordaland i perioden 1990 til 2005 på bakgrunn av sentrale tema i den norske diskusjonen om bygdeutvikling. Fleirtalet av prosjekta er retta mot jordbruksområde, medan to omhandlar industriutvikling. Bygdeutvikling vaks fram som eit eige politikkområde i 1980-åra då det viste seg at den tradisjonelle distriktpolitikken ikkje sikra busetnaden i spreiddbygde jordbruksområde. Omlegging av landbrukspolitikken etter 1990 ført til nye krav om omstilling i norske bygder. Bygdeutvikling er eit omfattande temaområde som spenner vidare enn den reine landbruksomstillinga. Innanfor den landbruksrelaterte delen av bygdeutvikling står nisje- og tilleggsproduksjon av høgkvalitets matprodukt og småskala reiseliv sentralt. Her har det skjedd ei rivande utvikling i Hordaland seinare år. Samtidig er det nødvendig å utvikle arbeidsplassar innanfor industri og privat og offentleg tenesteyting for å sikre busetnaden på norske bygder. Ei særleg utfordring er å få til utvikling av kunnskapsverksemder som kan medverke til tilflytting av personar med høgare utdanning. Slike aktivitetar er mindre synlege i utviklingsprosjekta i Hordaland. Bygdeutviklinga i Hordaland er prega av mange og fragmenterte prosjekta. Innanfor dei reine bygdeutviklingsprosjekta har sosiale mobiliseringprosessar blitt meir sentrale seinare år. Dei har hatt varierande sukses, men mange stader har dei ført til aktivisering av innbyggjane og synleggjering av sosiale og økonomiske ressursar i lokalsamfunnet. Det er likevel først og fremst dei relativt enkle tiltaka som er gjennomførde. Utfordringa er å utvikle prosessane vidare, særleg å få til meir omfattande innteksgjevande aktivitetar. Rapporten tilrar ei større satsing på langsigktige utviklingsprosjekt som kan verke til å integrere ulike prosessar og næringsaktivitetar.

English summary

The report discusses a selection of rural development projects in Hordaland from the period 1990 to 2005. The policy of rural development emerged during the 1980-ies because traditional regional development did not satisfy the special requirements of the peripheral rural areas. The shift of agricultural policy in the 1990-ies strengthened the need for an adjustment of rural development. Rural development has to encompass agricultural production as well as manufacture and service industries. A special challenge is to establish knowledge intensive enterprises. There has been an increasing production of high quality food products by the farms in Hordaland. A number of them have also moved into small scale tourism. There is less activities within other business areas. Most rural development projects are small and fragmented. Later years there has been an increasing concentration on social mobilisation processes. These projects show different degrees of success. But many projects have successfully promoted local activists although mostly by picking the low-hanging fruits. A challenge for further development is to transform the mobilisation processes into money making activities. The report recommends that projects for the future will imply long-term development contracts that may serve to integrate social mobilisation and business development.

1 Introduksjon

Denne rapporten drøftar norsk bygdeutvikling sidan slutten av 1980-åra med særleg vekt på det som har skjedd i Hordaland på oppdrag for Fylkesmannens i Hordaland si landbruksavdeling og Hordaland fylkeskommune. Rapporten er eit innspel til arbeidet med å utvikle strategiar for bygdeutvikling for komande år. Ein del av problemstillinga har derfor vore å diskutere kva grenser og skjeringsflatar bygdeutvikling har mot andre politikk- og tiltaksområde. Vi tar derfor òg opp tema som ligg utanfor den smale tydinga av bygdeutvikling.

I rapporten prøver vi å plassere dagens trendar innanfor bygdeutvikling i forhold til det som har skjedd sidan 1980-åra. Vi har medvite teikna biletet med brei pensel og trekt inn ei stor mengde prosessar som vi meiner har og har hatt verknad for diskusjonen om bygdeutvikling. Ein grunnleggjande påstand i rapporten er at dagens bygdeutvikling er resultat av ei spesifisering i to omgangar: Først blei bygdeutvikling eit eige praksisfelt innanfor distriks- og regionalpolitikken på slutten av 1980-åra. Seinare har den blitt vidare innsnevra til hovudsakleg å dreie seg om to område: utvikling av tilleggsproduksjon i landbruket og lokal mobilisering rundt trivselsskapande tiltak. Innsnevringa kjem seg mellom anna av funksjonsdelinga mellom ulike instansar i fylkesnivået: Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Funksjonsdelinga kan ha positive verknader ved å gjøre lokale tiltak meir målretta, men den fører òg til at ein mister av synne sentrale prosessar som har verknader for økonomiske aktivitetar og levemåte på norske bygder. Vi har derfor prøvd å trekke inn eit breiare perspektiv på bygdeutvikling, då særleg forholdet mellom primærnæringar og andre næringar.

I kapittel 2 tar vi for oss korleis bygdeutvikling oppstod som eit eige politikkområde på slutten av 1980-åra og korleis endringar i offentleg politikk i 1990-åra har endra rammevilkåra for å drive bygdeutvikling. Vi avsluttar med ei drøfting av tre idealtypiske måtar å forstå bygdeutvikling: det stiavhengige kontinuitetsperspektivet, det kulturokonomiske perspektivet og det økonomistiske perspektivet.

I kapittel 3 tar vi for oss ein del spenningar i bygdebegrepet og korleis dei kjem til syn, både i dei ulike satstingar på og prosjekt om bygdeutvikling og i diskusjonen om denne. Kapittelet går òg inn på ein del sentrale prosessar når det gjeld næringsutvikling, som forholdet mellom industri og tenesteytande næringar og forholdet mellom nye og gamle jordbruksaktivitetar og kva dette kan ha å seie for bygdeutvikling.

Kapittel 4 tar for seg eit utval prosjekt og program i Hordaland. Dei fleste av dei har merkelappen bygdeutvikling. To er likevel innretta mot industriutvikling: omstillingsprosjektet i Odda kommune, som skal gjøre kommunen mindre avhengig av storbedriftene, og eit prosjekt retta mot industrien på Osterøy som skal auke innovasjons- og omstillingsevna i denne. Vi har i tillegg trekt vekslar på erfaringar frå bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane. Dei utvalde prosjekta er typiske eksempel på lokalsamfunnsretta utviklingstiltak i regi av Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland. Dei utgjer likevel berre ein del av alle typar tiltak og satsingar som har vore gjennomførde sidan 1990. Rapporten har heller ikkje ambisjonar om å ha gjennomført noko totalkartlegging av nærings- og lokalsamfunnsutvikling i

Hordaland. Den er i første rekke opptatt av å drøfte problemstillingar som har relevans for bygdeutvikling.

I kapittel 5 oppsummerer vi og kjem med nokre tilrådingar for vidare bygdeutvikling og annan lokalsamfunnsutvikling i Hordaland.

Rapporten byggjer på dokumentasjon av prosjekta i form av prosjektoppsummeringar, evalueringar og liknande og meir generell litteratur både om bygdeutvikling og andre samfunnsprosessar. I tillegg har vi henta inn synspunkt frå lokale aktørar innan bygde- og næringsutvikling i form av intervju med nokre av dei og deltaking på oppsummeringsseminar for Streif i Hordaland og på ein todagars ekskursjon til Sverige for bygdeutviklarar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.¹

2 Perspektiv på bygdeutvikling

Bygdeutvikling – eit nytt politikkområde

Bygdeutvikling voks fram som eit eige politisk praksisfelt i 1980-åra. Bygda som samfunnsform oppstod sjølvsgart ikkje i 1980-åra; heller ikkje den politisk målsetjinga om å oppretthalde denne samfunnsforma. Men fram til i 1980-åra låg bygdeutvikling implisitt i distriktpolitikken og sektorpolitikken, då i første rekke landbrukspolitikken. Idégrunnlaget for denne politikken er det gode samfunnet ikkje berre strevar etter å få til likeverd mellom sosiale grupper, men også mellom område innanfor ein stat, og at eit slikt likeverd ikkje sjølvgenererande; i alle fall ikkje nødvendigvis og i tilstrekkeleg grad. Dette idégrunnlaget har prega norsk politikk det meste av etterkrigstida og utgjer kva vi kan kalle det romlege eller horisontale dimensjonen av den norske velferdsstaten, i motsetnad til den vertikale som har med ulikskap mellom sosiale grupper å gjere.²

Mot slutten av 1970-åra var det fleire prosessar i gang som resulterte i at det å oppretthalde den spesielle samfunnsforma «bygd» blei sett på den politiske dagsordenen. For det første hadde nyvinningar i teknologi og driftsformer ført til ein voldsom auke i produktiviteten i landbruket. Produksjonskapasiteten var blitt langt større enn kva heimemarknaden etterspurde og eksportlandbruk var lite relevant i Noreg. Med andre ord, landets behov for norskproduserte jordbruksvarer kunne dekkjast av langt færre bruk enn dei som var i drift. Det var derfor liten spore til at landbrukspolitikken skulle fremje framhaldande auke i totalproduksjon. Dette truga på sikt busetnaden i område dominert av landbruk.³

For det andre hadde distriktpolitikken ført til ei relativ sentralisering innanfor område med distriktsstatus. Dette var i nokon grad politisk initiert enten direkte gjennom den såkalla vekstsenterstrategien på 1960- og 1970-talet, eller indirekte ved at

¹ Dei omfatta lokale entreprenørar og representantar for politikk og forvaltning lokalt og på fylkesnivå.

² Almås 1995, Teigen 2000.

³ Almås 1995.

institusjonar og verksemder blei lagt til regionale knutepunkt og dermed hadde ein sentraliserande effekt. Minst like viktig var likevel den aukande vekta tenesteytande næringar fekk. Den økonomiske logikken i slike næringar førte gjerne til ei lokalisering i samferdsleknutepunkt (meir om dette i kapittel 3). Dermed opplevde ein at dei distrikts-politiske målsetjingane om å oppretthalde busetnaden i ulike delar av landet kunne nåast samtidig som det skjedde ei folkeflytting innom desse områda: Kommune- og regionsenter eksplanderte medan (mange) bygder stagnerte. Det var nødvendig med særskilde tiltak om folkesetnaden i bygdene skulle haldast oppe, eller om reduksjonen skulle haldast innom visse grenser.⁴

Ei tredje endring hadde også innverknad på framveksten av bygdeutvikling om enn noko meir indirekte. Fram til ca. 1980 hadde den norske næringspolitikken vore prega av ein storindustriell modernisme: Det var dei store industriselskapene som skulle vere lokomotiva i økonomien. Stagnasjon i mange av dei tradisjonelle industribransjane, og elendige økonomiske resultat i mange av kjerneforetaka plasserte denne vekststrategien i eit dårlig lys og førte til aukande merksemrd mot innovasjon, entreprenørskap og dei mindre bedriftene. Som vi skal kome tilbake til, var denne endringa del av eit internasjonalt paradigmeskifte, og det kom til å inngå som ein del av idegrunnlaget av bygdeutvikling, då som interesse for kva lokale bedrifter bedriftsnettverk og entreprenørar hadde å seie for busetnad og næringsliv på bygda.

Ny offentleg styring og omlegging av landbrukspolitikken i 1990-åra

Dei tidlegare måla for distrikts- og regionalpolitikken kom under press rundt 1990. Ei deregulering hadde teke til på ei rekke område i det norske samfunnet. Endringane kom også til å omfatta landbrukspolitikken.⁵ I St.prp. nr. 8 (1992–93) heitte det at bygdeutvikling framleis skulle vera eit sentralt satsingsområde, men at kostnadsnivået i landbruket var for høgt, og at næringsoverføringane skulle ned.⁶ Framveksten av bygdeutvikling som eit eige satsingsområde blei ein del av omlegginga av landbrukspolitikken. Medan det i 1984 hadde vore kontroversielt å driva bygdeutvikling med midlar som gjekk over jordbruksforhandlingane, kom det i 1989 eit eige bygdeutviklingsfond, først som ei prøveordning i samarbeid mellom Kommunal- og arbeidsdepartementet og Landbruksdepartementet.⁷ Ordninga blei så ein fast post under Landbrukets utviklingsfond og omfatta frå 1993 alle fylke. I tillegg fekk kommunar med

⁴ Almås 1995.

⁵ St.prp. nr. 8 (1992–1993).

⁶ Almås 1995, s. 239. Jf. også NOU 2004:19.

⁷ Prøveordninga var knytt til frikommune- og frifylkeforsøka som fann stad på denne tida.

mange sysselsette i primærnæringane eigne omstillingsmidlar.⁸ Midlane skulle fremja lønsam næringsutvikling på og i tilknyting til bygdene.

Omlegginga av distrikts-, nærings- og jordbrukspolitikken avspeglar ei generell økonomisk-ideologisk omsnuing. Omsnuinga viste for det første att gjennom ei omlegging av den økonomiske politikken, der meir marknad og mindre regulering og statsstyring var sentrale kjenneteikn. For det blei det vist til problem ved den offentlege forvaltninga. Den første Maktutgreiinga hadde tidleg på 1980-talet retta merksemda mot det nære hopehavet mellom fagekspertise, organisasjonar og politikk i det norske samfunnet. Diagnosen var mellom anna at departement og interessorganisasjonar styrte for mykje på kostnad av politikarane i dei ulike einskildsektorane.⁹ Dette skapte uklare ansvarsforhold mellom politikk og forvaltning, og heldt oppe ordningar der interesseorganisasjonar sat saman med byråkrati i same organ (såkalla korporative ordningar) som utforma faglege løysingar. Interesseorganisasjonane og byråkratane si makt måtte avgrensast. Den sterke samanvevinga av statlege reguleringar, særlovgjeving, profesjonell fagekspertise og standardisering som hadde prega mange sektorar i mykje av tida etter krigen, framsto no som problematisk. Dette galdt ikkje minst for landbrukspolitikken, det tradisjonelt sterke segmentet i det norske styringsapparatet.¹⁰ Endringane i offentleg sektor med deregulering, privatisering og fristilling som kom i gang i siste del av 1980-åra, skulle bøta på slike forhold.¹¹

Moderniseringa av offentlig sektor fekk inspirasjon frå oppfatningar om offentleg styring som på norsk har blitt kalla «Ny offentleg styring» eller i engelsk språkbunad «New Public Management» (NPM).¹² Politiske styringsproblem og effektivitet i teneste-produksjonen stod i sentrum. Reformene skulle effektivisera og målretta offentleg verksemd, sikra overordna politisk styring og gje brukarne påverknad på utforminga og utøvinga av politikken. Kostnadseffektivitet og brukarfokus, utskiljing av resultat-einingar, mål- og kvalitetsstyring var det som no skulle prega offentleg sektor. Endringane i landbrukspolitikken utover på nittitalet må sjåast i lys av dette nye synet på forholdet mellom politikk og forvaltning.¹³ Frå å ha kunna spela ei rolle som premissleverandør for andre politikkområde, blei aktørane i denne sektoren i sterke grad underordna behova til andre sektorar som framstod som viktigare i høve til dei overoverordna måla for politikken. Rammevilkåra var ikkje lenger bestemt av landbrukssektoren sjølv, og organisasjonane der var ikkje lenger nødvendige

⁸ Helland og Østvang 1998, s. 8.

⁹ NOU 1982:3.

¹⁰ Dahl Jacobsen 1978 og NOU 1982:3.

¹¹ Røkholt 2000, s. 151.

¹² Om NPM i norsk samanheng, sjå Christensen og Lægreid 2001, Østerud, Engelstad og Selle 2003, Osland og Michelsen 2003 (spesielt om kommunane), og for eit alternativt inntak Sørensen 2005.

¹³ Jf. følgjande frå St.prp. nr. 8 (1992–1993) kap. 4.5.4: «Regjeringen foreslår derfor at en legger om jordbruksforhandlingene og stortingsproposisjonen slik at stortingsbehandlingen så langt som mulig blir basert på mål- og rammestyring utfra visse normer for resultatkontroll. Dette vil i større grad gi Stortinget mulighet til å ta stilling til forslag om prinsipper og retningslinjer for landbrukspolitikken...».

høyningsinstansar.¹⁴ Ved inngangen til det nye årtusenet kom situasjonen for landbruket dermed til å bli prega av krav om strukturrasjonalisering av produksjonen, kostnadsreduksjonar i alle ledd, konkurranse, fokusering på pris frå forbrukarane, miljøvernkonfliktar og i tillegg press nedanfrå for å unngå nedleggingar av meieri og slakteri.

Fordelinga av bygdeutviklingsmidlar i politisk forstand har vore ein del av det som blir kalla «den smale distriktpolitikken», der løyingane skulle stimulere til ekstra innsats for å få til ei positiv utvikling i bestemte geografiske område. Nivået på løyingane blei halvert frå 1993 til 2003, frå 2,9 milliardar til 1,4 milliardar kroner. Lokalsamfunnsmidlane, den bedriftsretta støtta til verksemد i distrikta, som i hovudsak har gått gjennom fylkeskommunen, har hatt ein tilsvarande og endåtil sterkare nedgang.¹⁵ Effektutvalet, som blei sett ned i 2001 for å vurdere dei ulike distriktpolitiske verkemiddela, viste at den sterke reduksjonen i dei distriktpolitiske løyingane i perioden 1993 til 2003 innebar at det norske støttenivået har kome til å ligga godt under det EØS-avtalen opnar for. Utvalet konkluderte med at den smale distriktpolitikken har positive verknader for å nå distriktpolitiske og regionale målsettingar, og at det difor bør vurderast å auka dei økonomiske rammene.¹⁶

Forvaltninga av midlane innan distrikts- og regionalpolitikk blei frå slutten av 1990-talet ein del av dei såkalla regionale utviklingsprogramma (RUP) i fylka. RUP-programma skulle vera betre tilpassa forholda i det einskilde fylke enn dei tidlegare programma, vera meir effektive og betre koplinga mellom planlegging og verkemiddelbruken til fylkesnivået.¹⁷ I Hordaland meiner representantar frå FMLA og Fylkeskommunen at programma kom til å fungera godt.¹⁸ Her skil Hordaland seg frå inntrykket av RUP-programma som heilskap, der det mellom anna har blitt vist til for dårleg oppfølging frå fylka.¹⁹ Målsetjingane for programordninga blei ført vidare gjennom Ansvarsreforma i 2003.²⁰ Midlane som før kom frå Kommunal- og regionaldepartementet til næringsutvikling går no via fylkeskommunen til Innovasjon Noreg (IN). Dei bedriftsretta BU-midlane skal no gå via Fylkesmannen til IN, medan Fylkesmannen forvaltar utviklingsmidlane.²¹

Samtidig blei det utvikla nye strategiar for den landbruksretta næringsutviklinga som blei samla i ei ny satsing kalla Landbruk Pluss, som særleg la vekt på alternative måtar å

¹⁴ Røkholt 2000, s. 156.

¹⁵ NOU 2004:2, s. 104.

¹⁶ NOU 2004:2, s. 109.

¹⁷ St.meld. nr. 31 (1996–1997), kap. 6 (frå det som då heitte Kommunal- og arbeidsdepartementet).

¹⁸ Jf. kommentarar på prosjektmøte 8.12.05.

¹⁹ Innst.S. nr. 105 (2001–2002), kap.7, der komiteen kom med sine merknader.

²⁰ St.meld. nr. 19 (2001–2002).

²¹ Jf. skriftleg kommentar frå FMLA 14.12.05 og kommentar frå Fylkeskommunen 8.12.05.

sikra inntekt og sysselsetjing i landbruket.²² Denne satsinga til Bondevik II-regjeringa på nisjeproduksjon la vekt på familjebruk og var ein del av programmet Innovasjon 2010 som skulle verke til auka nyskaping i næringslivet.²³ Nasjonale og regionale strategiar for landbruksrelatert næringsutvikling og BU-ordninga skulle fornyast, mellom anna ved å overføra forvaltningsansvaret til regionalt nivå.²⁴ Frå 2005 skulle regionale strategiar styra dette arbeidet med ordningar retta mot landbruket i dei ulike regionane. Denne «moderniseringa» av bygdeutviklingsmidlane skulle også auka målstyringa av midlane. Dei regionale strategiane for næringsutvikling skulle frå no av bli til i samarbeid mellom Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Innovasjon Noreg regionalt, næringsorganisasjonane og kommunane, med hovudansvaret for utforminga hjå Fylkesmannen.²⁵ I jordbruksoppgjeret blei partane samde om ei ny målformulering for BU-midlane som tok opp i seg endringane.²⁶ Ordninga med RUP blei bygd ut og målsetjingane for den regionale utviklinga blei samla i slike regionale program. Landbruksbasert næringsutvikling kom også inn, medan dei sentrale aktørane på fylkesnivå blei samla i eit regionalt næringsforum som skulle vera med på å samordna bruken av midlane.²⁷ Vi kjem nærrare inn på korleis RUP fungerer i kapittel fire.

Samla heng utforminga av og gjennomføringa av bygdeutvikling saman med den generelle utviklinga i landbrukspolitikken og andre endringar i synet på politikk-utforming. EØS-avtalen og etter kvart WTO-forhandlingane har vore sentrale for den overordna tenkinga rundt landbrukspolitikk, støtteordningar og internasjonal konkurranse i norsk samanheng.

Tre perspektiv på bygdeutvikling

Etter at bygdeutvikling kom til som eit eige politikkområde sist i 1980-åra, har det blitt drøfta i litteratur innanfor ulike fagtradisjonar, i tillegg til spesialiserte rapportar og evalueringar. I denne litteraturen kan det myntast ut tre posisjonar som representerer ulike perspektiv på norsk bygdeutvikling.²⁸ Vi skil mellom eit *stiarbengig kontinuitetsperspektiv*, eit *kulturøkonomisk perspektiv* og eit *økonomistisk perspektiv*. Perspektiva representerer for det første ulike faglege grunngjevingar for kva målet for bygde-

²² St.prp. nr. 1 (2003–2004).

²³ St.prp. nr. 66 (2003–2004) og St.prp. nr. 1 (2004–2005), samt skriftleg kommentar FMLA 14.12.05.

²⁴ Landbruks- og matdepartementet, «Landbruk mer enn landbruk».

²⁵ St.prp. nr 66 (2003–2004).

²⁶ «Hovedmålet for bygdeutviklingsmidlene er å legge til rette for næringsutvikling som danner grunnlag for langsiktig, lønnsom verdiskaping og desentralisert bosetting med utgangspunkt i landbrukets ressurser generelt og landbruksenirommen spesielt». Jf. Ny forskrift om midler til bygdeutvikling, fastsett 24.01.05 (Landbruks- og matdepartementet 2005).

²⁷ Regionalt Utviklingsprogram for Hordaland, 2005.

²⁸ For å tydeleggjere perspektiva framhevar vi skilnadene meir enn å trekka fram likskapane. Dei er såleis meir ideal- enn realtypar.

utviklingsarbeid bør vera, og korleis ein skal vurdera kva som har kome ut av arbeidet og bruken av midla. Slik viser skilnadene korleis ulike faglege «briller» påverkar måten bygdeutviklingsarbeidet blir sett på utanfrå. For det andre representerer perspektiva skilnader i tilnærningsmåtar som kan finnast att i dei einskilde programma og prosjekta og måten dei har blitt planlagde og gjennomførte «innanfrå», dvs i samspelet mellom lokale aktørar og fylkesnivået. For oss blir perspektiva dermed både verktøy for å analysera prosjekt og uttrykk for tenkjemåtar som kan finnast att i dei.

I eit *stiahengig kontinuitetsperspektiv* skjer bygdeutviklingsarbeidet i lys av lokale tradisjonar og samanhengar, men innanfor ei overordna landbrukspolitisk ramme. Kontinuiteten i samfunnsprosessane er det avgjerande. Ei slik overordna og historisk tilnærming karakteriserer feltet «rural sociology» eller bygdesosiologi i Norge, som Reidar Almås og Senter for bygdeforskning er fremste eksponentar for.²⁹

Forholda i bygdene i dag må skjønast som resultat av det som har skjedd tidlegare. Føresetnadene har utvikla seg over tid og set det som skjer inn i ein kontinuitet, ein tidmessig samanheng. Men også overordna politiske og økonomiske forhold er viktige for å forstå prosessane som skjer i bygdene. Slik kan bygdeutvikling i følgje Almås liknast med det å modernisera eit hus. Ein kan velje å rive ned eller byggje om, men må heile tida ta omsyn til kva ein fjernar eller foyer til.³⁰ «Grunnmuren» i bygget eller bygdeutviklinga er primærnæringane («grøn verdiskaping»). Men samtidig blir dynamikken i utviklinga til i lokale bedrifter, bedrifter som må vera innovonne i bygdesamfunnet. Tradisjonelle norske bygdeverdiar som jamlíksskap (egalitet) og lokale nettverk er suksessfaktorar.³¹ Det å utvikla lokale industrielle miljø, vera med i klynge og andre former for bedriftsorienterte tiltak og samarbeidsordningar hører også til innanfor eit slikt perspektiv. Det er ikkje lenger slik at bygdeutvikling berre dreier seg om landbruksutvikling. For å fanga dei sosiale omskifta som no skjer i bygdene, og samtidig peike på grunnlaget for handling, må både økonomi, kultur, sosial struktur og handling inn i dei modellane som blir nytta når desse forholda blir analysert.³² Grunnleggande for perspektivet er ein føresetnad om at det ikkje har funne stad noko

²⁹ I tillegg vil Håvard Teigen ligga nær ei slik tilnærming. Også Jørgen Amdam med samarbeidspartnerar kan her trekkast fram. Saerleg Almås og Teigen har vore sentrale premisseleverandørar for ei rekke av utgjeingane rundt distrikts- og regionalpolitikken frå mittalet og framover. Synspunkt og perspektiv kan også finnast att i ei rekke av dei forskingsbaserte rapportane og evalueringane som har blitt gjennførde.

³⁰ Almås 1995, s. 18. Jf også Teigen 2000.

³¹ Kor godt fundert analysane er når det gjeld desse forholda kan diskuterast. Graden av egalitet i norske bygdesamfunn veksler med tid og stad. Vestlandsbygdene har historisk framstått som meir egalitære enn dei austlandske (og trønderske) flatbygdene, men også her har det vore skilnader, ikkje minst mellom kyst og innland (jf. Dyrvik 1993, Grove 2004). Det å føresetta egalitet i ei bygd er såleis eit litt usikkert utgangspunkt å ha. Det same kan seiast om nettverka. Desse blir sett på som ein del av ein «sosial kapital» som skapar grunnlaget for økonomisk utvikling i eit lokalsamfunn. Som Torsvik (2000) peikar på, er både omgrepene sosial kapital og mekanismane som knyter det til produktiv verksemد høgst uklare. Eit nøkkelpunkt er måten sosial kapital skapar tillit mellom folk på. Tillit er avgjerande for at lokale nettverk blir til og blir vedlikehaldne, og kan igjen få folk til å skapa produktive tiltak i lag – til dømes starta ei bedrift. Dei tillitsbaserte nettverka kan også få folk til å stola på at bedrifta blir driven og at ein bør ta arbeid der, eller stø oppunder i krisetider. Men «lokale nettverk» kan heller ikkje føresettast, og dermed heller ikkje tillit.

³² Jf. kapittel 3. Sjå elles sluttrapporten frå Bygdeutviklingsprogrammet i Oppland 2000–2003 der erfaringane frå fylket blir diskutert eksplisitt med tilvising til Almås 1995, Kaltenborn 2003, s. 41–42.

avgjerande brot i samfunnsutviklinga, verken generelt eller på landsbygda. Det som gjerne blir kalla det moderne prosjektet og som avløyste det tradisjonelle samfunnet ein gong i siste del av 1800-talet, er ikkje avslutta.³³ Vi er framleis i seinmoderniteten, der eit større medvit om prosessane som omsluttar ein er viktig («refleksiv modernisering»), men noko avgjerande brot med fortida har ikkje funne stad.

Det grunnleggande i det *kulturokonomiske perspektivet* er motsett det førre at det nettopp *har* skjedd eit brot med fortida og det moderne prosjektet eller samfunnet.³⁴ Særleg brotet med industrilogikken som kjenneteikna denne fortida, blir vektlagt. I staden må det lagast strategiar for å omdanna lokal kunnskap til ressursar for nærings- og stadutvikling, skapast nye salsprodukt for intern og ekstern marknadsføring. Slik får lokal kultur og identitet nye feste og utgangspunkt. For bygdene blir det viktig å definera «heilskaplege utviklingsvegar», med satsingar tufta på stadleg sær preg. Lokale spesialitetar må bli merkevarer for bygdene for å gjera dei kjende. Sosialantropologen Dag Jørund Lønning er den kanskje tydlegaste målberaren for eit slikt perspektiv.³⁵ Det blir lagt til grunn at bygdeutviklinga no finn stad i eit postmoderne bygdesamfunn, der det tidlegare produksjonsperspektivet («industrilogikken») i det moderne prosjektet har falle.³⁶ Føresetnaden er såleis stikk motsett av den som låg til grunn for perspektivet som vektla kontinuitet og opptrakka stiar. Vekta må i staden leggast på kulturokonomien, der bygda si evne til å skapa sær preg gjennom identitetsmarkørar og til å framstå som ei merkevarer er avgjerande for å få i gang utviklingsprosessar. Industrijordbruks si tid er dei fleste stader forbi. Verkemiddel som før oppmoda til masseproduksjon av bulkvare og einsretting av landskap og kultur, må rettast mot nyskaping og produkt-differensiering. Det blir lagt vekt på at einsarta verkemiddel ovanfrå ikkje fungerer. Forholda i dei norske bygdesamfunna er for ulike til det.³⁷ Men eit fellestrek ved bygdene må framhevest: Det er på bygda ein finn det gode livet. Her er individua sine interesser avgjerande. Primærnæringa er ikkje lenger primær når det gjeld lønsemd, ei lønsemd som ligg andre stader, innanfor nisjeprodukt eller alternativ drift der ein satsar på eller bygger opp det lokale særpreget (gjennom mat, handverk, gamle driftsformer

³³ Overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet på den norske landsbygda blir gjerne kalla «det store hamskiftet» (Krokann 1982). Dette var ei endring som skjedde på alle samfunnsområde, sjølv om diskusjonen om kor stort brotet med fortida var, gjerne har blitt sett i samanhengen med overgangen frå ein sjølverbergings- til ein pengeøkonomi (jf. Gjerdåker 2002). Overgangen skjedde uansett ikkje brått eller på same vis alle stader, men blei i utgangspunktet sett på som å ha blitt avslutta før andre verdskrig.

³⁴ I røynda er dette ein spesiell variant av eit kulturokonomisk perspektiv som grunngjev ei satsing på kulturprodukt og opplevingsøkonomi i postmoderne teori. Jf. kapittel 3.

³⁵ Lønning (red.) 2003. Der Almås held fram Anthony Giddens og Pierre Bourdieu som sentrale bidragsytarar for å forstå samfunnsutviklinga, er det på eit overordna nivå Zygmunt Bauman og til dels Jean Baudrillard som ligg til grunn for Lønnings diagnosar (Lønning (red.) 2003).

³⁶ Lønning kan kritisera for å overdrive brotet med fortida. Mange av trekka ved dagens samfunn, så som brotet med tradisjonsbinding og auka individualisme, blir til vanleg sett på som markørar av overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunnet. Sjølv om innhaldet i desse prosessane kan ha aksellerert, er det dermed vanskeleg å akseptera at slike trekk utan vidare er ein del av brotet som kjennetegnar den postmoderne samfunnstilstanden han teiknar opp.

³⁷ Jf. Lønning (red.) 2003, s. 99.

osv.). Ein merkelapp på tilnærminga kan vera «lønsam trivnad i postmoderne bygdesamfunn».

Ei tredje tilnærming finn vi i eit økonomistisk perspektiv. Grunnleggande her er ei fagøkonomisk tilnærming der rasjonelle aktørar gjer rasjonelle val. Midlane som blir løyvde til bygdeutvikling må dermed underleggast eksplisitte kostnads-nyttevurderingar.³⁸ Ei liknande kostnads-nytte-tilnærming (*public choice*) ligg til grunn for forståinga av aktørane innan landbrukssektoren som heilskap (som når andre sektorar blir undersøkte).³⁹ Representantar for interesseorganisasjonar og offentleg etatar er i første rekke forsvarar av eigne interesser når dei uttalar seg eller skal iverksetja politikken dei er sette til. Dei vurderer kva dei har å tene på det dei er med på, heller enn det som er sett som det felles beste gjennom politiske vedtak. Den politikken som blir sett ut i livet, er dermed ein annan enn den som var tenkt, og som ville tena interessene til borgarar flest.⁴⁰

Midlane til bygdeutvikling og liknande støtteordningar til primærnæringar og bygder har til dels fått hard kritikk frå økonomhald. Eit relevant døme i vår samanheng er ein større analyse frå to av landbruksøkonomane frå Ås som tok for seg BU-ordninga fram til 1996.⁴¹ Dei såg her på korleis ordninga hadde verka i fem norske fylke, mellom anna Hordaland.⁴² Ås-økonomane argumenterer for at ordninga i tillegg til å ha lite for seg i privatøkonomisk forstand, også førte med seg store samfunnsøkonomiske tap. Rundt 1/3 av prosjekta var unødvendige eller blei lagt ned. Dei konkluderer for det første med at BU-midlane ikkje førte til nyskaping, men fann prosjekt med god økonomi nær nær byar og tettstader og for det andre med slike midlar ikkje i det heile gjev nokon sysselsettjingseffekt. Derimot påførte BU-ordninga for tilleggsnæringar samfunnet eit tap på fleire hundre millionar.⁴³

I staden for å skapa fleire arbeidsplassar i dei enkelte kommunane hadde BU-prosjekta i staden vore med på å omfordеле arbeidsplassar som blei liggande meir spreidde enn dei elles ville ha gjort. Resultatet har blitt færre arbeidsplassar i byer og tettstader. Støtteordninga kan ha slått negativt ut for dannninga av næringsklynger i nedgangskommunar.⁴⁴ For alternativet til satsing på bygdeutvikling er klart: Det er i slike næringsklynger grunnlaget for ein innovasjonsbasert økonomi som kan gje auka

³⁸ Aanesland og Labugt 2000.

³⁹ For ei kort innføring, sjå <http://www.econlib.org/library/Enc/PublicChoiceTheory.html>

⁴⁰Dermed representerer dei også politiske problem, der NPM kan sjåast som eit middel for å koma dette til livs, med sine meir prinsipielle skilje politikk-administrasjon i overordna spørsmål og delegering av andre spørsmål til nivå nærmere borgarane og innføring av tiltak for å sikra politisk kontroll Jf. Sørensen 2005, s. 258–259.

⁴¹ Aanesland og Labugt 2000.

⁴² Sjå Helland og Østvang 1998.

⁴³ Aanesland og Labugt, s. 98, og s. 106, der dei viser til Telemark. BU-ordninga påførte i følge analysen samfunnet eit tap på mellom 327 og 431 millionar kroner (etter 1996-situasjonen), noko som for kvart BU-årsverk innebar eit tap på mellom 429 000 og 326 000 kroner.

⁴⁴ Aanesland og Labugt 2000, s. 109.

effektivitet og velstand ville ligga.⁴⁵ Klyngene kunne fremja lokale læringsprosessar og redusere bedriftene sine kostnader (transaksjonskostnader) med å skaffa seg nye kunnskapar. I synet på klyngene si rolle ligg dei nær synet til det første perspektivet vi såg på, men utan at den historiske dimensjonen og kontinuiteten blir lagt til grunn.

Når meir effektive verkemiddel ikkje blei nytta då BU-midlane skulle fordelast, var det på grunn av motstanden frå offentlege byråkratar som i staden går inn for selektive ordningar for å forsvara eigne arbeidsplassar og oppretthalda offentlege institusjonar.⁴⁶ Dei meiner hovudproblemet til manglende effektivitet i det politiske styringssystemet er politikarar, byråkratar og organisasjonar opptekne av eigne sektorar.

Dømet viser korleis ei ordning som har fungert slik BU-ordninga gjorde, har problematiske sider ved seg sett frå ein tradisjonell fagøkonomisk ståstad. Det er ikkje overraskande, gjeve den grunnleggande skepsisen til bruk av selektive støtteordningar fagøkonomane har. Slike ordningar forstyrrar marknadsmekanismane som bør få verka. Samtidig la dei to økonomane seg nær opp til oppfatningane bak NPM og reformtenkinga i offentleg sektor som vi såg på over.

Desse tre perspektiva vil vi koma tilbake til mot slutten av kapittel fire, etter gjennomgangen av satsingane vi har sett på i Hordaland. Først er det likevel nødvendig å drøfte nærmare dei ulike tema som diskusjonen om norsk bygdeutvikling har kretsa om.

3 Tema i norsk bygdeutvikling 1990 – 2005

Det grunnleggjande spørsmålet: Korleis avgrense bygda

Det er i utgangspunktet stor semje om kva som er ei «bygd». Dei fleste følgjer definisjonen til Reidar Almås: Ei bygd er ein sosial og økonomisk struktur som kombinerer det å vere spreiddbygd med ein dominans av primærnæringer i produksjons- og arbeidslivet. Karaktertrekka er relative: Eit område kan ha dei i større og mindre grad.⁴⁷ Denne definisjonen avgrensar bygdeområde frå andre områdetypar som tettstader og byar. I tillegg er bygder avgrensa seg i mellom. Folk høyrer til i éi bygd og ikkje i ei anna. Almås nyttar derfor òg ein identitetsdimensjon når han avgrensar bygda: Ei bygd er eit spreiddbygd område som gjev stabile rammer for samhandling og der innbyggjarane har ei kjensle av å høyre saman («vi-kjensle»).

Det er likevel ein del problem med desse definisjonane som har vore viktige for den vidare diskusjonen om bygd og bygdeutvikling.

⁴⁵ Porter (1990), som vi kjem tilbake til.

⁴⁶ Særleg bruken av geografisk differensiert arbeidsgjevaravgift blir sett på som ei betre løysing.

⁴⁷ Almås 1985, Almås 1995. Som som mange andre begrep er «bygd» kjenneteikna av å ha uskarpe definisjonsgrenser og ha prototypekarakter: Sjølv om det kan diskuterast i kva grad eit område er «bygd», er det likevel nokre stader som framstår som meir typisk «bygd» enn andre.

Det første problemet spring ut av identitetsdimensjonen. Område som gjev stabile rammer for samhandling, og der innbyggjarane kjenner seg heime, kan vi finne på mange ulike nivå. Det er ein definisjon som òg gjev mening på nasjonsnivået. Det er derfor grunn til å spørje kva nivå som utgjer «bygda» – er det grenda, skulekrinsen eller kommunen – og om dette nivået *er* særleg viktig som identitetsfaktor. I praksis blir «bygd» oppfatta som mindre enn ein kommune, men større enn ei grend – skulekrinsen ser ofte ut til å vere det operasjonelle nivået – men dette vil truleg variere frå stad til stad. Større problem ser det ut til å vere med å fastslå kor viktig «bygda» er for identiteten. Dette vil truleg òg variere mykje frå stad til stad og mellom kva typar aktivitetar vi er opptekne av. Identitetssamanhangar er aldri eintydige, men består av fleire typar nettverk som kan vere overlappande.

Det andre problemet har med næringsgrunnlaget å gjere. Rett nok har bygdene vanlegvis meir av primærnæringer enn andre stader. Dette gjeld særleg jordbruksbygdene, der gardsbruka utgjer det synlegaste og tydelegaste innslaget i kulturlandskapet. Men ingen stader er primærnæringane einerådane, og dei er ofte heller ikkje dei viktigaste næringane. Inntektsgrunnlaget for folk på norske bygder kjem like mykje og meir frå industri og tenesteytande næringar. Særleg viktige er arbeidsplassar i det offentlege, som dei fleste stader tyder i kommunen. Dette er ei utvikling som har skote fart seinare tiår, men i mesteparten av etterkrigstida har andre næringar enn primærnæringer vore viktige innslag i den økonomiske aktiviteten på bygdene, då særleg mindre industribedrifter. Bygdeutvikling som ser bort frå desse bedriftene, vil miste eit vesentleg grunnlag for å forstå næringsdynamikken i norske bygder (sjå nedanfor). Vi ser då òg at analysar av bedrifter og bedriftssystem er vel så viktige som analysar av primaærnæringer i sentrale studiar av bygdeutvikling.⁴⁸

Det tredje problemet har med busetnadsstrukturen å gjere. Sjølv om bygder framleis er meir spreiddbygde enn andre område, bur mange på bygdene òg i byggjefelt. Her er det rett nok store variasjonar mellom ulike bygder. Dette heng nær saman med det fjerde problemfeltet: Korleis skal vi forstå forholdet mellom bygd og tettstad/senter? Almås definerer bygda som avstand til senter. Definisjonen reiser spørsmålet om dette gjeld alle former for senter. Bygder har gjerne òg sine bygdesenter som er viktige for funksjonaliteten til bygda. Dersom bygder òg omfattar senterstrukturar, er det eit spørsmål om kor stort/lite eit senter kan vere utan å forstyrre bygdeomgrepet. Spørsmåla heng saman med det grunnleggjande problemet at bygder inngår i funksjonelle nettverk med sentra og tettstader på ulike nivå. Sett på spissen kan sjukeheimen i kommunesenteret like viktig for bygdeutviklinga som garden. Sjukeheimen gjev arbeid og inntekt – oftast for gardkona – i tillegg til at den er ein sentral institusjon i det norske velferdssystemet.

Bygder er dessutan verken statiske eller isolerte. Dei kommuniserer med omverda. Endringar i samferdslemønster er ein sentral faktor som påverkar bygda, kan hende den mest sentrale. Bygder er såleis å finne i eit spenningsfelt mellom historisk etablerte identitetar og nye samferdslemønster. I dagens Noreg er truleg den motoriserte

⁴⁸ Almås 1995, Amdam, Isaksen og Mattland Olsen 1995.

samferdsla den meste sentrale faktoren for folks dagleliv. Vegutbygging og andre infrastrukturtiltak skapar defor nye og endra vilkår for dei enkelte bygdelag.

Særleg Andreas Hompland har kritisert eit nostalgitisk bilet av bygda, der dei spreidde gardsbruks utgjer det sentrale kjenneteiknet. Hompland ser i staden ei utvikling mot byens bu- og leveformer. Bygdene er dominert av bygdebyar og bustadfelt, men utan at dette føre til at det fullt ut blir ein bystruktur. Hompland har utvikla begrepet «rurbanisering» om denne prosessen.⁴⁹

Sjølv om ikkje alle vil omfamne rurbaniseringomgrepet til Hompland, er det ei utbreidd oppfatning i bygeforskinga at dagens bygder ikkje kan forståast som system av spreidde gardsbruk, det vil har kalla «det nostalgitiske bygdebiletet». Det er likevel ikkje noko eintydig oppfatning av på kva måte dei skil seg frå dette og kva konsekvensar endringane har for praktisk politikk. Endringane stiller òg spørsmål ved om det er meiningsfullt å operere med bygdeutvikling som eit særskilt politikkområde. Det er ikkje berre bygder som kan vere truga av stagnasjon og fråflytting. Tettstader og byar kan vere det òg. Ikkje minst gjeld dette dei såkalla einsidige industristadene som er utsette for fråflytting og endringar som trugar kokurranseposisjonen til hjørnesteinbedriftene. Diskusjonen om bygdeutvikling omhandlar derfor i kva grad denne berre er ein variant av ei meir generell lokalsamfunnsutvikling, og korleis forholdet mellom bygdeutvikling og annan stadutvikling skal forståast. Desse spørsmåla skal vi drøfte nærmare med referanse til nokre sentrale tema i diskusjonen om bygdeutvikling.

Første tema: Industri og/eller landbruk

Sjølv om primærnæringar er mellom dei grunnleggjande kjenneteikna for dei fleste som skriv om bygdeutvikling, er dei overraskande lite tematisert i litteraturen. Mykje av det som står om næringsutvikling og entreprenørskap, byggjer på studiar av *industribedrifter*.⁵⁰ Dette kjem seg dels av at bygdeutvikling ikkje er eit klart avgrensa forskingsområde, men glir over i den større problematikken regional utvikling. Men det kjem òg av at industribedrifter er og har vore eit sentralt innslag i norske bygder; i alle fall i mange av dei. Eit paradigmeskifte i den internasjonale forskinga om økonomisk utvikling i 1980-åra gjorde at dei blei oppdaga.

I første halvdel av 1980-åra blei det publisert fleire samfunnsstudiar som hevda at det var i ferd med å skje (eller hadde skjedd) grunnleggjande endringar i den økonomiske dynamikken som hadde dominert dei vestlege landa i etterkrigstida. Samla blei denne endringa karakterisert som «krisa i fordismen» og endå til «fordismens død». Kva som var meint med «fordisme», varierte mellom ulike forfattarane. Hos dei fleste omfatta omgrepet for det første eit produksjonssystem dominert av store integrerte føretak som produserte lange einsarta produktseriar for massekonsum, og der produktivitetsveksten bygde på mekanisering, altså å skifte menneske ut med maskiner. For det andre eit samfunnsøkonomisk system der staten sikra kjøpekraft for massekonsumet gjennom

⁴⁹ Hompland 1991.

⁵⁰ Dette gjeld særleg dei meir samanfattande studiane som Almås 1995 og Amdam m.fl. 1995.

omfordeling, gjerne i samverknad med ei organisert fagrørsle som var knytt til staten i korporative band.

Systemet hadde sikra veksten i dei vestlege industrilanda fram til ca. 1970, men det kom stadig fleire teikn på at det hadde nådd sine grenser: Først og fremst avtakande kapitalavkasting i storføretaka, men òg uro og arbeidskonfliktar og stigande arbeidsløyse.

Om det var relativt stor semje om kriesymptoma, så var det stor spreiing i oppfatningane om kva som var eller burde bli alternativet til fordisme-systemet, men det er råd å identifisere to typiske utviklingstrekk:

Det første henta inspirasjonen frå japanske føretak, som i 1960- og 1970-åra framstod mykje meir rentable enn dei vestlege. Japanske føretak var karakterisert ved desentraliserte underleverandørnettverk og stor merksemd om produksjonsflyt. Arbeidsorganisatoriske innovasjonar var vel så viktige som mekanisering som grunnlag for produktivitetsvekst. Det andre henta inspirasjon frå regionar dominert av småføretak, særleg enkelte italienske område og Silicon Valley. I desse fanst ingen dominerande føretak, men heile nettverket av småbedrifter agerte som ei slags superbedrift.⁵¹ Men felles for dei to utviklingsretningane var ei orientering mot føretakssystem prega av *nettverkstrukturar*, der fordismen var prega av integrerte og byråkratisk organiserte føretak, og mot organisatoriske innovasjonar og «liten» teknologi, der fordismen var prega av dei av dei «store» tekniske systema.

Interessa for nettverksorganisering av bedrifter blei vidare stimulert av dei såkalla «klyngesstudiane» som vokste fram kjølvatnet av Michael Porters *The Competitive Advantage of Nations*, som blei publisert i 1990. Boka bygde på studiar av suksessnæringar i ulike land og hadde som føremål å identifisere kva som var dei kritiske suksessfaktorane. Utgangspunktet var at suksessnæringar, altså næringar med stor konkurransekraft på verdsmarknaden, viste stor stabilitet over tid, og at dei òg tenderte til å vere geografisk konsentrerte, dvs at det ofta fanst fleire innbyrdes konkurrerande bedrifter av same i type i eit land og gjerne òg innafor mindre område. Porter meinte å finne at suksessrike næringar inngjekk i sjølvforsterkande dynamiske system som omfatta konkurrerande bedrifter av same type, underleverandørar og relaterte næringar, kundar, støttesystem (t.d. utdanning), i tillegg til tilgang på arbeid og kapital. Dette representerte ei utviding av det tradisjonelle nyklassiske forklaringane på økonomisk suksess som hovudsakleg la vekt på siste faktoren. Spenningar i systemet skapte eit innovasjonspress som dreiv det til stadig aukande prestasjonar i marknaden. Konkurranse mellom likeverdige aktørar var ei særleg viktig spenning, men i prinsippet kunne innovasjonpresset oppstå kvar som helst i systemet. Det avgjerande var at det var konstruert slik at innovasjonspresset spreidde seg og dreiv alle delar av systemet til forbetra prestasjonar. Om eit slikt system nytta Porter termen «cluster» som seinare er blitt fornorska til «klynge».⁵²

Det er råd å stille spørsmål ved kor godt «fordisme» karakteriserer den norske økonomiske utviklinga etter krigen, men ein del fellestrekks finst: Òg i Noreg dominerte dei store einingane fram til i 1970-åra, i alle fall i førestellingane om kva som burde vere

⁵¹ Piore og Sabel (1984) er truleg den studien av småbedriftsnettverk som har hatt størst innverknad.

⁵² Porter 1990.

drivkrafa i økonomien. Særleg to typar føretak var sentrale: For det første slike som bygde på energikrevjande prosessar innan kjemi, metall og treforedling; for det andre store verkstadbedrifter og då i første rekkje skipsverft. Denne industrien blei politisk stimulert på ulike måtar: Dels gjennom direkte statleg deltaking på eigarsida; dels gjennom energipolitikken; og dels gjennom ulike former for finansielle støtteordningar, kreditgarantiar, osv. Områdepolitikk var berre delmotiverande til denne politikken. Dei fleste av dei dei større verfta låg i store og mellomstore byar, sjølv om ein del etableringar hadde ein klar distriktpolitisk profil, som Stord Verft, Ankerløkken (Florø, Førde og Verdal). Mykje av den kraftkrevjande industrien var lokalisert i distrikta av produksjonstekniske grunnar utan at det kravde særlege styresgrep for å få dette til. Men ved nokre høve spela områdepolitikk meir direkte inn som då Norsk Jernverk blei lagt til Mo i Rana for å vere med å industrialisere Nord Noreg (kraft og tilgang på jernmalm spela òg inn), og staten var med å finansiere Norske Skog i Skogn i Nord Trøndelag av tilsvarande grunn.

Denne storindustrialiseringa kulminerte i 1970-åra. Med staten som sterkt medverkande aktør, blei det satsa på å utvikle stadig større einingar som skulle kunne vere store nok til å oppnå ei viss internasjonal marknadsmakt, og som skulle auke verdiskapingsgraden gjennom integrasjon nedstraums, altså ein større del av produksjonen som ferdigvarer. Mykje gjekk därleg og førte til giganttap. Ei rekkje verksemder blei avvikla som dei fleste skipsverfta i byane i Sør-Noreg. Andre blei oppsplitta. Dette skjedde mellom anna med dei store statsføretaka, Norsk Jernverk og Kongsberg Våpenfabrikk. Ved inngangen til 1980-åra var den tradisjonelle storindustrialiseringa i diskredit.⁵³ Det låg derfor godt til rette for at dei internasjonale fordismekritiske teoriane skulle slå inn i norske forskingsmiljø.

Siste tjue år har norsk FoU om bedriftssystem hatt to ulike orienteringspunkt: Det første har i kjølvatnet til Porter analysert norske bedrifter i eit klyngeperspektivet. Det andre har studert geografiske konsentrasjonar av bedrifter for å finne ut kva som verkar til å oppretthalde dei og korleis nyskaping skjer i desse bedriftskonsentrasjonane. Denne tilnærminga nyttar seg av ein del ulike konstituerande omgrep, der «industridistrikt» og «innovasjonssystem» er av dei meir sentrale.⁵⁴ Det er likevel klare likskapstrekk og til dels overlapping mellom dei to tilnærmingane. Begge legg sterkt vekt på nettverksorganisering, men medan klyngetilnærminga er mest orientert mot samspeleffektar, er geografisk konsentrasjon av bedrifter objekt for den siste.

Den første norske klyngestudien, «Et konkurransedyktig Norge», blei gjennomført om lag samtidig som Porter lanserte boka si. Den var tenkt som ei norsk landstudie tilsvarande dei som Porter bygde på. Ei rekkje ulike bransjar blei analyserte for å identifisere klyngetrek. Arbeidet, som for det meste blei utført av økonomar på NHH/SNF, resulterte i fleire delrapportar og ein samlande hovudrapport.⁵⁵ Studiane

⁵³ Byrkjeland og Langeland 2000.

⁵⁴ For begge gjeld at dei hovudsakleg er opptatt av industribedrifter eller av produksjonssystem der industribedrifter står sentralt.

⁵⁵ Reve m.fl. 1992.

var opptatt av å kartlegge konkurransefordelar i norske eksportbransjar med Porters klyngemodell som det sentrale analytiske verktøyet. Dei var ikkje spesielt opptatt av samlokalisering som fenomen.

I ettertid har klyngeomgrepet blitt ein del av sjargongen i næringsretta FoU. Det har blitt tilsvarande analytisk utvatna, og undersøkingane som har omgrepene som det sentrale orienteringspunktet, trekkjer i noko ulike retningar. Nokre vektlegg kombinasjonen av komplette verdikjedar og fleire føretak i konkurranse med kvarandre og tonar ned geografisk lokalisering.⁵⁶ Eit teoretisk problem for dei verdikjedeorienterte klyngeteoretikarane er å finne kriteria som skil ei klynge frå ein verdikjede som ikkje er klynge, sidan alle bedrifter inngår i produksjonssystem som dannar komplette verdikjedar. Andre legg derfor vekt på samlokalisering av likearta bedrifter og korleis samlokalisering er sjølvforsterkande som det sentrale kjenneteiknet til klynga.⁵⁷ Også i desse studiane er samspelet mellom konkurrerande/samarbeidande aktørar og mellom ulike leverandørar i eit produksjonssystem viktig, men dette har analytisk kraft gjennom å forklare geografiske fortetting av beslektta bedrifter. Kjerneeksempel for studiar av den siste typen er skipsbyggingsindustrien i Møre og Romsdal og møbelindustrien same stad.

I tillegg finst det studiar som er opptatt av geografiske bedriftskonsentrasjonar utan å lene seg så tungt på klyngeteori(ar). Ut over at dei studerer ei relativ opphoping av bedrifter innom eit område – det vere seg likearta eller forskjellige produksjonstypar – er det vanskeleg å finne noko samlande perspektiv på studiane. Fleire (dei fleste) analyserer likevel bedriftenes innovasjonsevne. Ein av dei mest omfattande og innsiktsfulle studiane blei levert av Step-gruppen i 1999.⁵⁸ Den analyserte ti regionale bedriftskonsentrasjonar i Noreg for å kartlegge innovasjonsevne og -typar. I tillegg ville den undersøke i kva grad konsentrasjonane utgjorde system der bedrifter lærte av kvarandre, slik at innovasjonar ikkje berre skjedde i enkeltbedrifter, men var resultat av samspelet i heile systemet av bedrifter. Studiane har mykje til felles med klyngetudiane, men er mindre forplikta på ein bestemt modell og langt opnare med omsyn til kva faktorar som er relevante for bedriftsutvikling. Dei ti konsentrasjonane omfatta svært ulike bedrifts- og produksjonstypar og hadde ulik grad av lokal avgrensing.⁵⁹ Analysen konkluderte med at alle bedriftskonsentrasjonane var innovative. Som forfattarane sjølve peikar på, er dette ikkje å undrast over, sidan konsentrasjonane var valde ut på grunnlag av ei forventing om at dei hadde høg innovasjonsaktivitet. På den andre sida er det grunn til å spørje seg om ikkje alle bedrifter som har vist overlevingsevne over tid, vil vise seg å vere innovative gjeve det opne innovasjonsomgrepet som denne analysen nyttar: Det

⁵⁶ T.d. Benito m.fl. 2000.

⁵⁷ Hervik, Nesset og Opdal 2000.

⁵⁸ Isaksen (red.) 1999. Prosjektet var i røynda eit samarbeid mellom fleire av dei sentrale regionalforskningsmiljøa i Noreg.

⁵⁹ Dei ti var: Verkstadindustrien i Moss og Indre Østfold, verkstadindustrien i Kongsberg, elektronikkindustrien i Horten, mekanisk industri i Grenlandsområdet, Tesa-bedriftene på Jæren, matvareindustri i Rogaland, fiskeindustri i Måløy (SF), skipsbyggingsindustrien på Sunnmøre, metallvare- og plastindustri i Leksvik (ST) og mekanisk industri og engineering i Mo i Rana (N).

omfattar både produkt- og prosessinnovasjonar og både radikale og stegvise innovasjonar.

Derimot var det store forskellar i innhaldet av innovasjonane; måten bedriftene innoverte på; og i kva grad og med kven dei samarbeidde om innovasjonane. Undersøkinga har ein heller open konklusjon: At det ikkje er så lett å identifisere éin enkel, felles modell som forklarar den innovative aktiviteten i bedriftskonsentrasjonane. Men den peikar på to faktorar som er av generell interesse: For det første var det vanleg at innovasjonsaktivitetane involverte aktørar utanfor det avgrensa geografiske området som studiane var retta mot; då særleg nasjonale fou-miljø og bedrifter lokaliserer i andre område av landet eller i utlandet. For det andre meiner den å finne ein regional faktor som er med å forklare ein høg innovasjonsaktivitet i dei aktuelle bedriftskonsentrasjonane. Denne faktoren kan splittast opp i fleire dimensjonar. Forfattarane meiner å ha funne sju, men dei kan konsentrerast i fire hovudpunkt:

1. Samlokalisering av fleire likearta bedrifter innanfor eit område verkar til å skape ein spesialisert og høgkompetent arbeidsmarknad.
2. Nærleik mellom leverandørar og kundar er med på å skape kjennskap og tillit som lettar kommunikasjon om innovasjonsprosessar.
3. Offentlege og private institusjonar og bedrifter i området kan skape knutepunktfunksjonar.
4. Eit område kan vere prega av særeigne sosio-kulturelle forhold: t.d. felles haldningar til og visjonar om å utvikle lokalområdet, «entreprenørånd», m.m.

Også dei sentrale studiane av bygdeutvikling som blei gjennomførte innanfor det første bygdeutviklingsprogrammet, hadde studiar av bedrifter og bedriftssystem som kjerne, då i første rekke industribedrifter.⁶⁰ I begge omhandlar dei sentrale eksempelstudiane bedriftssystem i utvalde kommunar, i eit par tilfelle i område som er mindre enn ein kommune. Almås hentar alle sine (fire) eksempel frå Møre og Romsdal og Trøndelag,⁶¹ medan Amdam, Isaksen og Mattland Olsen sine er frå heile Sør-Noreg. Det eine eksempelet er frå eit bysamfunn, Flekkefjord. Til gjengjeld har den òg eitt frå eit meir perifert bygdesamfunn, Geiranger. Dette siste er det einaste som ikkje studerer industribedrifter, men reiseliv, og det liknar meir på dei BU-fond-finansierte prosjekta.⁶² Eksempla til Amdam, Isaksen og Mattland Olsen er valt ut for å kaste lys over ulike tiltaksstrategiar, og studien er såleis noko annleis innretta enn den til Almås som har ei breiare syntetiserande tilnærming til bygdesosiologi.

⁶⁰ Almås 1995, Amdam, Isaksen og Mattland Olsen 1995.

⁶¹ Almås supplerte dessutan med ein studie av utvalde prosjekt som var blitt finansiert med midlar frå BU-fond. Den skal vi kome tilbake til nedanfor.

⁶² Almås sine eksempel er frå Åfjord (NT), Misund (MR), Stordal (MR) og Meldal/Løkken (SR). Amdam, Isaksen og Mattland Olsen sine er frå Åmli kommune (AA), verkstadindustrien i Flekkefjord (VA), industrien på Stranda (MR) og reiselivsverksemda i Geiranger (MR).

Studiane demonstrerer at i mange bygder er industribedrifter ein sentral del av næringsgrunnlaget, og bedriftenes evne til nyskaping og omstilling er viktige for bygdesamfunnets overlevingsevne.

Derimot kan det vere vanskelegare å identifisere eit einsarta mønster for suksess. Almås avviser eksplisitt at det finst ein generell utviklingslogikk som forklarar næringsmiljøas suksess. Kvart av dei må forståast som resultat av historiske prosesser som er ulike frå stad til stad. Nokre bedrifter har gjennomført dramatiske og risikoprega innovasjonar og omstillingar; andre er prega av stegvis og «snusfornuftig» utviking. Han spekulerer om bedriftene er prega av ein bygdenorsk egalitær bedriftskultur og meiner å finne at deltaking i nettverk ofte er grunnlag for suksess. Men desse nettverka er svært ulike og involverer oftare samarbeidspartnerar utanfor enn innanfor lokalmiljøet og bygda. Amdam, Isaksen og Mattland Olsen legg større vekt på dei lokale nettverka enn Almås, og har i tillegg stor tru på lokalt eigar- og entreprenørskap utviklingsfaktor.

Dei to studiane er tidstypiske i vektlegginga av nettverk som suksessfaktor. Til liks med mange andre blir likevel den operasjonelle definisjonen av nettverk så svak at det er vanskeleg å skilje samverknad som har karakter av å vere nettverk, frå annan samverknad. Alle bedrifter samverkar med andre bedrifter på ulike måtar, utan at det dermed er tale om nettverk.⁶³ Forholdet mellom nettverksorganisering og lokale næringsmiljø blir derfor noko uforklart. I ein del næringsmiljø er interne nettverk viktige og er med på å vedlikehalde miljøet; i andre er det ikkje slik.

Mykje tyder på at det er ein viss eigendynamikk som er med å vedlikehalde bedriftskonsentrasjonar i avgrensa område, og at denne dynamikken er sterkest når bedriftene har ein likearta produksjonsprofil. Denne dynamikken byggjer på slike faktorar som Isaksen peika på: spesialisert arbeidsmarknad, læring mellom bedrifter m.m.. Dessutan vil det alltid vere slik at der det historisk har vore mange bedrifter, vil det også vere større sjanse for at nokon overlever enn der det er få. Det kan også vere at enkelte stader er meir prega av ein gründerkultur enn andre, sjølv om konsentrasjonar av bedrifter like mykje kan vere ei årsak som ein verknad. I Stranda t.d. ser det ut til å ha vore ein høg sosial aksept for å prøve og feile.⁶⁴ Almås meiner å finne at næringslivet i Misund viser større risikovilje enn andre stader, noko han forklarar med historiske erfaringar frå det å drive fiske. Dette må likevel ikkje gjøre oss blinde for at det finst mange enkeltståande bedrifter i bygdemiljø som ikkje inngår i lokale konsentrasjonar; Åsnes Skifabrikk i Fjaler, Fresvik Produkter i Vik i Sogn, Dalen Lid Jarnindustri i Kvam for å nemne eit lite utval. Det kan vere at desse er meir utsette fordi dei ikkje er del av eit større lokalt industrimiljø, men sidan dei har vist stor overlevingsevne trass i dette, er dei truleg særleg robuste.

⁶³ Manuel Castells (1996) har gjennomført ein av dei meir systematiske drøftingar av nettverk i økonomien. Han definerer nettverksforetak svært allment; «a form of entreprise whose system of means is constituted by the intersection and segments of autonomous system of goals» (det blir ikkje så mykje betre på norsk). Men eit nettverksforetak kan, til forskjell frå eit leverandørsystem, attkjennast på graden av kopling (connectedness) som sikrar uforstyrra (noise-free) kommunikasjon mellom elementa, og graden av felles målsetjing mellom elementa i nettverket.

⁶⁴ Amdam, Isaksen og Mattland Olsen 1995.

Det er òg mykje som tyder på at lokalt eigarskap er ein viktig grunn til bedrifters overlevingsevne. Lokale eigarar har gjerne ei interesse i bedrifta som går ut over reine avkastingskrav. Alle dei tre enkeltbedriftene ovanfor har lokale eigarar som for tilfellet Fresvik omfattar dei fleste husstandane i bygda. Lokalt eigarskap blir òg halde fram som eit trekk ved industrien på Osterøy,⁶⁵ og det ser ut til å vere ein type eigarskap som går att i mange mindre bedrifter. Vidare er det lokale eigarskapet gjerne kopla saman med lokalt busette arbeidstakrar som har ei særleg ansvarskjensle overfor bedrifta. Det er sjeldan at ein høyrer om opne arbeidskonfliktar i bygdebedrifter. Men det finst òg velfungerande bedrifter i bygdemiljø som ikkje er lokalt eigde. Til dømes er det meste av skipsbyggingsindustrien i Møre og Romsdal del av internasjonale konsern.⁶⁶

Det finst heller få systematiske undersøkingar av lokale og regionale næringsmiljø i Hordaland. Industrimiljøet på Osterøy er eit som liknar dei som studiane ovanfor er opptatt av.⁶⁷ På Osterøy finst ein relativt stor førekomst av mindre bedrifter som i nokon grad samarbeider med kvarandre. Dette er nærmere drøfta i kapittel fire. Men Osterøy er langt frå einaste Hordalandkommune med relativt solid industrimiljø. Sunnhordland er ein industrialisert region, og i mange andre kommunar i Hordaland er industribedrifter ein viktig del av næringsgrunnlaget – òg i bygdemiljø. Knut Venneslan har gjennomført ei kartlegging av industrien i Sunnhordland basert på data frå perioden 1990–1995. Han undersøkjer særleg integrasjon på eigarsida og i leverandørssystemet og finn at industrien i Sunnhordland utgjer eit sett av dels overlappande leveransesystem som er samla i to (tre?) bransjekonsentrasjonar: oljeinstallasjonar/fartøy og fiskeforedling.⁶⁸ Sunnhordland har såleis ein industristruktur som liknar den på Møre, om vi held møbelindustrien utanfor. Graden av integrasjon varierer noko, men fleire av leveransesistema er tette nok til å kunne karakteriserast som nettverk. Mykje av denne industrien er dominert av storføretak som òg for ein stor del er organisert som konsern.

Delar av industrien i Hordaland har ein monoselskapsstruktur som gjer at dei blir liggjande utanfor bygda. Det gjeld særleg industrien i Odda og Ålvik, der samfunna rundt klart skil seg frå den idealtypiske bygda; dei er byliknande samfunn; men det kan òg i nokon grad gjelde stader som Husnes og Leirvik. Dette er ikkje det same som at denne industrien er irrelevant for utviklinga i eit større omland. Det eine eksempelet til Almås handlar om næringsendringane i bygdemiljø som følgjer i kjølvatnet av avviklinga av eit monoselskap; Løkken Verk. Og dei reiser i alle høve problemstillinga om forholdet mellom bygdeutvikling og annan lokalsamfunnsutvikling, som vi skal drøfte avslutningsvis i kapittelet.

⁶⁵ Lindelov og Karlsen 2004.

⁶⁶ Denne industrien viser dessutan problemet med å kople lokale konsentrasjonar mot særlege sosio-kulturelle lokalisingstrekk: Nokre bedrifter ligg i mellomstore byar, nokre i tettstadar/småbyar og nokre i bygdemiljø.

⁶⁷ Lindelov og Karlsen 2004.

⁶⁸ Venneslan 2000.

Andre tema: Nisje og/eller tilleggsproduksjon i landbruket

Det er vel og bra med all nisjeproduksjonen, men nokon må drive vanleg landbruk òg (hjartesukk frå kommunal landbruksjef)

Dokumentasjonen av den landbruksretta delen av bygdeutvikling omhandlar stort sett nisje- og tilleggsproduksjon i landbruket medan ordinær produksjon, dvs hovudprodukta frå gardsbruka blir lite tematisert. Samanlikna med analysane av den industrielle utviklinga som vi har presentert ovanfor, er denne økonomiske aktiviteten langt mindre teoretisk undersøkt. Det finst mykje dokumentasjon om nisje- og tilleggsproduksjon, men det meste rapporterer om dei mange enkelte tiltak og satsingar, av og til supplert med ei vurdering av kva som går godt og kva som går gale. Men få analysar prøver å samanfatte og setje tiltak inn i større utviklingstrekk i samfunnet.⁶⁹

Vi kan dele nisje- og tilleggsproduksjon⁷⁰ i to hovedtypar etter kva distribusjonsform som dominerer:

1. Produkt som blir selt lokalt, og som derfor for det aller meste er retta mot reiseliv og føreset reisestraumar.
2. Produkt som blir distribuert i eit større omland, og som bygger konkurransefordelen på særlege kvalitetar i produktet.

Dei to kategoriene er ikkje gjensidig utelukkande, og produkt med eit vidare distribusjonsapparat har ofte først blitt marknadsført lokalt.

1. Lokalt marknadsførte produkt

Då Reidar Almås analyserte BU-fondsfinansierte prosjekt frå perioden 1989–1993 var 2/3 reiselivsrelaterte.⁷¹ Det dreidde seg enten om direkte sal av reiselivstenester og då i første rekke overnatting i form av campinghytter o.l., eller om sal av mat- og husflidsprodukt til reisande. Vi har ikkje funne tilsvarende systematisk oversyn av nyare dato. Dei mange rapportane om BU-tiltak i dei ulike fylke, tyder på at dette biletet ikkje har endra seg mykje.

Mat- og husflidsprodukta er vanlegvis tradisjonsbaserte, altså representative for ein lokalt spesialisert produksjonsprosess og lokal produktutforming. Når det gjeld husflidsprodukt, inngår dette i definisjonen av produktet, medan matprodukt er opnare i så måte. Krava til profilering gjer likevel at òg mat helst bør signalisere lokalkoloritt for å konkurrere med lågare prisa og meir standardiserte produkt, men kvalitetsfordelane

⁶⁹ Dag Jørund Lønning (2003) prøver å setje denne typen tiltak i samanheng med «postmoderne» utviklingstrekk. Det skal vi kome tilbake til nedanfor. Almås (1995) drøftar BU-tiltaka tidleg i 1990-åra og då først og fremst som lokale læreprosessar om verksemrdsutvikling. Det finst også ein del større studiar om økologisk landbruk, t.d. Brendehaug og Groven 2000 og 2002.

⁷⁰ Vi kjem ikkje til å gjøre så mykje ut av skiljet mellom nisjeproduksjon og tilleggsproduksjon, som ofte går ut på det same, men medan nisjeprodukt ofte tar utgangspunkt i eksisterande drift, og altså dreier seg om landbruksprodukt, kan tilleggsproduksjon vere heilt andre typar produkt som handverksprodukt og reiselivstenester.

⁷¹ Almås 1995.

treng ikkje byggje på mattradisjonar. Òg overnattingstenester kan utnytte lokalitetar som konkurransefordel, men dette er vanskelegare å få til sidan det føreset særlege stadtqvilitetar som t.d. historisk bygningsmasse. I den grad det blir prøvd å kople overnatting til særlege lokale kvalitetar er det derfor gjerne ved å tilby opplevingar i tillegg til overnattinga.

Matsalet er for det aller meste basert på ulike former for preserverte matprodukt som kan seljast diskontinuerleg. Matservering er mindre vanleg. Dette er då òg vanskelegare å få til, i alle fall om det skal lønne seg. Matservering krev særleg kunnskap om vareflyt og hushaldsøkonomi og føreset eit minstemål av føreseiing i etterspørsele i form av jamt oppmøte eller forehandsbestillingar. Men det finst eksempel på vellukka serveringsstader òg i Hordaland. Sjølv om ferdiglaga mat framleis dominerer, har det vore ein kraftig auke i serveringstilbod seinare år. Dei fleste ser ut til å vere innanfor ein meir eksklusiv prisklasser eller å vere lokalisert nær jamne reisestraumar.

Vi finn sjeldan andre typar produkt. Almås rapporterer om ei verksemder som produserte parfyme basert på ekstrakt av norske urter. Frå Hardanger kjenner vi eksempel på forsøk med produksjon av eplekjips. Men dette er unntaka. I den grad det blir produsert «andre» produkt er det helst krossoverprodukt som kombinerer norske mattradisjonar med utanlandske (sjå nedanfor).

At dei lokalt distribuerte produkta dominerer, er ikkje så merkeleg sidan det vanlegvis lågare tersklar for å få dette til. Ein treng ikkje å byggje opp eigne distribusjons- og marknadsføringsapparat. Ulempa er først og fremst at dei føreset reisestraumar av noko omfang og derfor ikkje eignar seg like godt alle stader, i alle fall om mange aktørar i same område skulle starte nisjeproduksjon. Dei er òg for det meste sesongavhengige. Det kan vere ein fordel med at det ikkje belastar familiebedrifta like tungt gjennom heile året, men vil for gardsbruks normalt bety at toppsesong for nisjeproduktet kolliderer med den mest arbeidskrevjande delen av produksjonsåret elles.⁷² Elles krev sal av reiselivstenester eigen kompetanse i service og menneskehandtering, noko som ofte kan vere ein flaskehals for lokale småprodusentar.

2. Produkt som er marknadsførte i eit større omland

Dette dreier seg i første rekke om produkt der særlege kvalitetar gjer at dei kan seljast til høgare pris enn standardiserte produkt. Med unntak av nokre utvalde husflidsprodukt dreier det seg for det meste om matprodukt. Vi kan skilje mellom tre typar:

- økologiske matvarer
- tradisjonsmat
- annan spesialisert høgkvalitetsmat

Økologiske produkt er berre dels blitt trekt inn i diskusjonen om bygdeutvikling, men problemstillingane er mykje dei same som for dei to andre matprodukttypene. Økomat har truleg betre føresetnader for distribusjon, sidan fleire og fleire økologiske matvarer inngår i utvalet til dei store daglegvarekjedane, noko som rett nok ikkje er heilt utan

⁷² For ein del ferdiglaga matprodukt og huflidsprodukta er det råd å skilje produksjonsperioden frå salssesongen.

problem. Det blir klagt over at varene ikkje alltid får den handtering og plassering som den bør ha. Økomat kan også profitere på å ha større og meir veletablerte interesseorganisasjonar i ryggen enn annan nisjemat. Til gjengjeld er det ein del særlege krav til produksjonsprosessen som kan redusere fortenestemarginane og på andre måtar gjere produksjonen meir krevjande.

Tradisjonsmat som blir selt på ein større marknad, er stort sett av same typen som blir selt lokalt. Ein større marknad stiller likevel strengare krav til marknadsføring og merkevarebygging sidan produkta møter hardare konkurranse frå andre tilsvarende produkt. I tillegg er truleg fallhøgda større ved kvalitetssvikt.

Annan kvalitetsmat blir meir og meir vanleg. Dette er ikkje tradisjonsmat i streng tyding, men ulike former for matprodukt som trekkjer vekslar på ein felleseuropéisk mattradisjon eller er kross-overprodukt; som ulike former for blåmuggost, spekepolser basert på oppskrifter frå mellomhavslanda, osv. Dessutan treng ikkje kvalitetsmat berre vere prosessert og preservert mat, men kan også vere høgkvalitets råvarer, noko som ser ut til å få stadig større del av omsetninga.

Problema med å selje på ein større marknad er mykje dei same som for dei lokalt distribuerte: Det dreier seg om å få kontroll over heile verdikjeden og sikre tilstrekkeleg volum av og kontinuitet i tilboden. Kontrollen over verdikjeden omfattar både salsleddet og råvaresystemet. For råvareleveransen er problemet at dei færraste produsentar har vore i stand til å bygge ut fullstendige prosesseringsanlegg som sikrar full kontroll over kvalitet på grunn av krav til hygiene, manglende skalafordelar m.m. Dei er derfor avhengige av å få råvarer frå dei store selskapa. Problemene er mest akutt i kjøtbransjen, men gjeld også for ysting og i ein viss grad for frukt og grønsakproduksjon. Det er visse teikn i tida til å bygge lokale småskala-anlegg, men hygienekrav frå styresmaktene ser framleis ut til å vere ein markert flaskehals. Slike krav skapar også i høg grad utfordringar for den lokalt selde maten.⁷³

Behovet for kontrollen over salsleddet spring ut av tilsvarende behov: Det gjeld å sikre at varene blir korrekt handtert slik at kvaliteten ikkje blir forringa. I tillegg er det også viktig at seljar har den nødvendige kunnskapen om dei forskjellige varene og at dei er synleggjorde på ein god måte.

Dei fleste stader er derfor fjernsal basert på periodevis torgdagar o.l. Men i alle fall i Bergen er dette blitt institusjonalisert til ein gong i månaden, og frå og med september 2005 blir det forsøkt med eit kontinuerleg butikkutsal.⁷⁴ Kontinuerleg sal krev også jamt tilbod slik at varene kan fåast når kunden vil ha dei.⁷⁵ For nisjeprodusentar er ofte den sentrale flaskehelsen å få eit tilstrekkeleg volum som kan sikre eit jamt tilbod. I tillegg verkar det som dei fleste får selt det dei produserer utan problem. Dersom produksjonen skal aukast, krev dette at innsatsen må opp eit trappetrinn som mange

⁷³ Jf. Mattilsynets siste påfunn med krav om vippekranar på hytter på Hardangervidda og varsel om hygienekontroll av matsalet langs vegane.

⁷⁴ Rett skal vere rett: Det finst også eit par etablerte spesialbutikkar som fungerer som utsal for nokre lokale nisjeprodukt. På den andre sida er det slående at det etablerte Fisketorget ikke har ein slik funksjon.

⁷⁵ Ein viss grad av diskontinuitet blir normal akseptert, sesongvarer i sesongen, osv.

vegrar seg for; t.d. ved å nytte større delar av arbeidsåret til dette; tilsette folk; investere i anlegg og utstyr m.m.⁷⁶

Vi har ikkje hatt tilgang til systematiske undersøkingar om nisje- og tilleggsproduksjon. Spreidd dokumentasjon i presse, prosjektrapportar, muntleg informasjon, m.m. tyder på at det finst mange suksesseksemplar, og at aktiviteten er aukande. Vi skulle likevel gjerne visst meir om prosjektas utvikling over tid. I tillegg til dei strukturelle flaskehalsane som er nemnde ovanfor, ser det òg ut til at arbeidsinnsatsen til familiebruket blir ein flaskehals. Arbeidet med den spesialiserte produksjonen, skjer ofte i kombinasjon med vanleg drift. Det blir såleis mykje dobbelt arbeid. I mange av BU-satsingane er samarbeid, erfaringsoverføring, nettverksbygging m.m. ein viktig føresetnad for tildeling av midlar. Vi har litt vanskeleg for identifisere i kva grad dette faktisk skjer, og i den grad det skjer ser det ut til å mest dreie seg om gjensidig læring og erfaringsoverføring og mindre om å utvikle systematiske samarbeidsformer. Truleg er det mykje å hente i å utvide samarbeidet mellom produsentane til i større grad omfatte produksjonssprosessar. Klynge- og nettverksideane frå industribedifter bør i større grad kunne realiserast i jordbruket.

Dette reiser òg spørsmålet om forholdet mellom nisjeprodusentar og andre produsentar i eit område. Blir nisjeprodusentane verande isolerte øyar, eller skjer det ei utvikling i retning av meir integrerte lokale produksjonssystem? Og i kva grad kan nisjeproduksjon erstatte den tradisjonelle? Førebels ser det lite realistisk ut. Kva då med bulkproduksjonen i landbruk og skogbruk? Denne er altså i svært liten grad tematisert i bygdeutviklings-FoU. Problemstillingar som samdrift, IT-fjøs og nye bulk-produkt er stort sett fråverande i dokumentasjonen om og kommentarane til bygdeutvikling.

Tredje tema: nye og gamle næringar

Fleire har peika på at bygdeutviklinga ikkje har tatt tilstrekkeleg inn over seg at det ikkje er industri og landbruk, men tenesteytande næringar som dominerer norsk arbeidsliv.⁷⁷ Blant dei tenesteytande er det dei såkalla kunnskapsnæringane som det er mest interessese for. Dei blir oppfatta å vere næringar for framtida som sysselset yngre og relativt høgt utdanna arbeidskraft. Kunnskapsnæringar er derfor særleg viktige om bygdene skal få gjort noko med den demografiske klemma.

No er ikkje tenesteyting nokon eintydig kategori, men eit sekkeomgrep for verksemder med det til felles at dei ikkje er industri og anlegg eller primærnæringar.⁷⁸ Tenesteytande næringar er heller ikkje spesielt nye, heller ikkje på bygda. Visse typar tenesteyting, som reiseliv og handel, har vore viktige for norske bygder i meir enn hundre år. Reiseliv er altså den vanlegaste tilleggsnæringa for norske gårdsbruk, og det finst fleire eksemplar på bygdeutviklingsprosjekt som tar sikte på å oppretthalde nærbutikken. Så heilt fråverande er ikkje tenesteyting i bygdeutviklinga. Derimot er det

⁷⁶ Aaberge og Larsen 2002.

⁷⁷ Aasbrenn 2000.

⁷⁸ Sayer og Walker 1992.

liten tvil om at tenesteyting har fått meir og meir å seie som sysselsetjingsfaktor i norsk arbeidsliv. Viktigast her er den offentlege tenesteytinga, då særleg kommunale helse- og omsorgstenester. Dette er av dei mest utbreidde arbeidsplassane i Noreg, og dei er òg viktige for mange bygdesamfunn.

I diskusjonen om kva plass dei tenesteytande næringarne skal ha i bygdeutvikling, er det viktig å skilje mellom to typar: Dei som er avhengige av direkte kontakt med kunde/brukar (det følgjande nemnd som «kontaktenester»), og dei som *kan* utførast i romleg avstand frå kunde/brukar (i det følgjande nemnd som «fjerntenester»). Kontakttenester er normalt fremja av folkekonsentrasjonar og har ein tendens til å bli lokaliserte i tettstader og særleg slike som er viktige kommunikasjonsknutepunkt. I tillegg er det ofte ein naboskapseffekt av kontakttenester, dvs der det finst ei verksemeld, vil det gjerne finnast fleire fordi kunden/brukaren gjerne nyttar hove til å besøke fleire tenestetilbod samtidig.⁷⁹ Ekspansjonen av kontakttenester er derfor ein kritisk faktor for bygdeutvikling og ei vesentleg drivkraft bak den relative sentraliseringa som har skjedd sidan 1970-åra. Rett nok har utbygginga av det offentlege velferdssystemet ført til ei utbygging av desentraliserte arbeidsplassar. Dei er ofte lokalisiert til kommunesenteret, men i større kommunar kan det òg finnast sjuke/aldersheimar og liknande på fleire stader i kommunen. Kommunale tenester er viktige som sysselsettingsgrunnlag for bygdefolk: Dei gjev arbeidsplassar innan korte reisetidsavstandar, og dei er særleg viktige sidan det for ein stor del er arbeidsplassar som er attraktive for kvinner.⁸⁰

Likevel vil slike arbeidsplassar ha ein viss sentraliserande effekt òg der dei finst på fleire stader i kommunen. Det er derfor viktig å oppretthalde eit minstemål av desentraliserte basistenerster i bygda, ikkje minst fordi dei er viktige sosiale møtestader og fungerer som identitetssignal. Derfor blir det sett mykje inn på å halde oppe nærbutikken og grendeskulen. Nærbutikk er fleire stader grunnlag for bygdeutviklingsprosjekt; eventuelt som del av multifunksjonell tenesteverksemd, som kan tilby servering, møtelokale m.m.

Fjerntenester er tenester som kan utførast i fråstand frå brukarar og kundar. Viktigast her er kunnskapstenester. Ikkje alle kunnskapstenester kan utførast i fjernavstand, men mange resulterer i avhendbare produkt. Moderne IKT-teknologi har dessutan revolusjonert vilkåra for avstandskommunikasjon, slik at mange tenester ikkje er stadavhengige. Til denne gruppa kan vi òg rekne ulike former for telefon- og internettbasert on-line rådgjeving, sentralbord og sal. Tilrettelegging for høgkapasitetsoverføring av elektronisk informasjon, såkalla breiband, ser ut til å vere av dei vanlegaste satsingane i norske distriktskommunar, og dei skjer både i privat og kommunal regi.

Trass i dette er det knapt noko næringstype som har sterkare tendens til sentrumslokalisering enn kunnskapsnæringar. Ei undersøking som Step-gruppa gjennomførde i 1999, fann at det var eit stor overvekt av etableringar av kunnskapsbedrifter i hovudstadsregionen og dei andre norske storbyområda.⁸¹ No er ikkje kunnskapsbedrift

markert tilbake etter at distrikssjukepleien flytte til kommunesenteret

⁸⁰ Aasbrenn 2000.

⁸¹ Braadland m.fl. 1999.

nokon klar og eintydig kategori. Definisjonen av byggjer gjerne på kjenneteikn både ved produksjonsprosess og produkt, dvs. grad av kunnskap som blir nytta i produksjonen og om produktet er eit kunnskapsprodukt eller ikkje. Kunnskap i produksjonen blir igjen målt ved talet på tilsette med høgare utdanning, medan kunnskapsprodukt er eit produkt som inngår som kunnskap i annan produksjon, politisk-administrative vedtaksprosessar, utdanning og private hushald. Men definisjonane er ikkje konsistente, og det er knapt noko annan del av yrkeslivet der er meir forvirring om enn skiljet mellom kunnskapsbedrifter og andre (høg- og lågteknologiske bedrifter er ein liknande distinksjon). I SSBs kategorisering blir t.d. produksjon av oljeplattformer og andre utaskjers installasjonar rena som låg-teknologisk produksjon, trass i stort ingeniørinput i produksjonen. Om ei verksemd skal reknaast som kunnskapsbedrift eller ikkje er derfor i høg grad avhengig av måten den er organisert på.

Ein konsekvens er at det nok finst langt meir kunnskapsintensiv produksjon, eller kunnskapsintensive delar av produksjonssystem utanfor storbyane enn det vanlegvis blir rekna med. Det finst t.d. tunge ingeniørmiljø i Årdal som er verdsleiane i kunnskapen om aluminiumelektrolyse. På Fitjar finst eit skipskonsulentfirma som er blant dei førande på verdsmarknaden. Likevel rører dette lite ved det generelle biletet av at det er ein tendens til at større bedrifters FoU-miljø, uavhengige kunnskapsbedrifter m.m. blir lokalisert i storbyområde. Spørsmålet er kvifor.

Ei vanleg forklaring er at kunnskap berre dels kan abstraherast i ei ikkje persontilknytt form, altså som dokument o.l. Kunnskapsformidling og -utvikling skjer òg gjennom direkte språkhandlingar og i andlet-til-andlet-relasjonar. Kunnskapsbedrifter vil i høg grad profittere på nærliek og tette kontaktar og derfor endå meir enn andre tendere til samlokalisering. Større sentra vil ha større tiltrekkingeskraft enn mindre, og storbyane følgjeleg den største, noko som blir forsterka av at dei store forskings- og utdanningsinstitusjonane er plasserte der i utgangspunktet. At det meste av kunnskapen er internasjonal, forsterkar sentraliseringa endå meir: Den fremjar kunnskapsmiljø som har lett reisetilgang til andre land; i praksis større byar med godt flysamband til utlandet.

Dessutan er mange kunnskapstenester spesialiserte. Sjølv om dei kan *utførast* i fråstand frå kunden, blir dei gjerne *utforma* i nær kontakt mellom leverandør og kunde. Kunnskapsleverandørar blir derfor lokaliserte i nærlieken av kundar, og sidan største folkekonsentrasjonane og dei fleste sentralinstitusjonane i Noreg er å finne i Oslo og omegn, finn vi òg dei fleste kunnskapsverksemndene her. Tendensen til geografisk konsentrasjon blir forsterka av at det ofte er ein høg grad av tillit mellom kunde og produsent: Nettopp fordi tenestene er spesialiserte, kan det vere vanskeleg å stille opp kvalitetskriteria på førehand. Ein held seg til same leverandør som tidlegare fordi ein veit kva ein får. Nettverk og kjennskap er viktigare enn marknad når slike tenester skal byggast opp.

Motsett av kva ein skulle tru ut frå kunnskapens immaterielle karakter, ser det ut til at aukande vekt på kunnskapsnæringar i økonomien forsterkar ulempa med å halde til å periferien. I samband med prosjektet Fjernarbeid, som blei gjennomført som eit samarbeid mellom Telenor, Ementor og Semco, blei det vurdert kva verknader fjernarbeid kunne ha for distrikutvikling. Sjølv om teknologiutviklinga siste 10 år gjev heilt nye vilkår for fjernarbeid, er det ikkje nokon klar tendens til at distrikta hentar vinstane. Tvert om verkar fjernarbeid til å ha størst relevans i perferiane rundt større

sentra, der ein innom tidsrom på ein til tre timer kan reise til arbeidsplassen ved behov.⁸² Det er langt mellom dei fjernarbeidande kunnskapsleverandørane som lever det gode livet på bygda og kommuniserer med heile verda over Internett og telefon. Men dei finst. Dei aller fleste av dei er tilbakeflyttarar som har eit opparbeidd nettverk med seg, og som har stor tillit hos bestillarane. Det største problemet deira ser ut til å vere reisetida til større sentra og då særleg hovudstaden.⁸³

Sidan 1970-åra har det vore gjort mange forsøk på å kanalisere kunnskapsinstitusjonar til distrikta: Distrikthøgskular, regionale forskingsinstitutt, regionale kompetansesentra, ekspertisesenter, kunnskapsparkar osv. Om lag like lenge har det vore diskutert om det har over vellukka eller ikkje, og kvifor det i tilfelle har vore mislukka.⁸⁴ I alle høve er dette ein type verksemder som det er plass til eit avgrensa tal av. Dei har ein tendens til å blir plasserte i regionsenter og verkar såleis til ei regional sentralisering, om enn ei nasjonal desentralisering.

I seinare tid er næringshagar blitt eit verkemiddel som har eit større spreiingspotensial enn dei tyngre forskings-, utdannings- og innovasjonsinstitusjonane. Systematisk satsing på å utvikle næringshagar byrja i 1999 i regi av Kommunal- og regionaldepartementet og Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA). I perioden 1999 til 2004 blei det etablert 34 stykke i 11 fylke.⁸⁵ Næringshagane var eksplisitt retta mot å stimulere mindre verksemder og nyetableringar i distrikts-Noreg utanom dei større regionsentra.⁸⁶ Næringshagar kan likne på tidlegare kommunale næringsområde ved at det dreier seg om å tilrettelegge infrastruktur for å tiltrekke seg verksemder. Men der dei kommunale næringsområda var retta mot arealkrevjande industri- og tenestebedrifter, skal næringshagane hyse kunnskapsbedrifter og spesialiserte teknologibedrifter. Dei er då ofte mindre, og krev følgjeleg mindre investeringar. Trivelege lokale og omgjevnader og gode nettverksløysingar er like viktige som veg, vatn og kloakk. Tanken er å legge til rette for den direkte samhandlinga og uformalisierte kommunikasjonen som kan oppstå meir spontant på større stader.⁸⁷ Men det kan også vere eit attraksjongrunnlag å tilby infrastruktur og utstyr som vil vere kostnadskrevjande for enkeltpersons/fåpersonsvirksemder, slikt som møterom, avanserte kopimaskiner og skrivrarar, o.l.

Erfaringane med næringshagar verkar å variere. Ein del er alt blitt nedlagde. Ei evaluering som blei gjennomført i 2004, konkluderte med at dei ikke har ført til særleg nyetablering. Det er for det meste eksisterande verksemder som flytter inn i

⁸² Bakke m.fl. (2001). Sjå også Sturesson (2000)).

⁸³ Dette er basert på spreidde inntrykk, ikke systematisk kartlegging.

⁸⁴ Kommunaldepartmentets og Forskningsrådets mange evalueringar av dei regionale forskingsstiftingane konkluderer med at dei på mange måtar har vore ein suksess, men ikke som leverandør av kunnskapstenester til næringslivet. Evalueringa av kompetansesentra (Uhlén 1996) konkluderer med at dei ikke fekk den nærigseffekt dei var tiltenkt. Lista kunne vore forlengt.

⁸⁵ Ideen om samlokalisering av særleg mindre kunnskapsintensive bedrifter er derimot ikke ny. Det finst «næringshagar» som ikke er del av KRD-satsinga, og fleire av desse byggjer på eldre etableringar og miljø.

⁸⁶ Hartmark Consulting AS 2004.

⁸⁷ Også større i sentra er det vanleg med tiltak av typen næringshage, gjerne i eldre industrilokale o.l.

næringshagane. Derimot kan det vere at næringshagane har verka til å gjøre verksemndene meir robuste. Fleire har ekspandert etter at dei etablerte seg i næringshagane: Det ser ut til at næringshagane har vore viktige for å få til kommunikasjon og samhandling internt mellom leigetakararane, og dei har òg fremja eksterne nettverk. Derimot merkjer ikkje næringshageverksemndene seg ut med å vere særleg FoU-intensive, om dette blir forstått som samarbeid med eksterne FoU-institusjonar.⁸⁸ Næringshagane har òg ein tendens til å bli lokaliserte til lokale sentra, særleg kommunesenter, sjølv om det ikkje er noko i vegen for at dei kunne lege andre stader.⁸⁹ Utviklingslogikken som ligg til grunn for dei, skulle tilseie at det ville vere ein fordel med ein viss storleik på næringshagane. I eit tidlegare arbeid åtvara vi mot å trekke dette for langt i retning av regionale næringshagar.⁹⁰ Det er viktig at hagane er små nok til å kunne tilby eit velfungerande kunnskaps- og arbeidsmiljø. Og dersom ei relativ sentralisering fører lengre arbeidsreiser, går vinninga ofte opp i spinninga. Truleg kan mykje oppnåast gjennom regionalt samarbeid mellom fleire næringshagar og liknande miljø, i staden for geografisk samlokalisering.

Trass i motbakkane som er nemnde ovanfor, trur vi at satsing på kunnskapsarbeidsplassar kan vere viktig for perferiområde og bygdelag, om ikkje for alle. Kunnskapstenester er immaterielle og *kan* utførast i fråstand frå bestillar (dei fleste). Det er råd å finne eksempel på leverandørar i nasjonal eliteserie på stader med tungvinte reiser til større sentra. For å bygge slike arbeidsplassar er rekruttering av personar med opparbeidde nettverk både til kundar og andre kunnskapsmiljø svært sentrale. Personar som kjem frå staden, eller på andre måtar har band til den, er lettast å få tak i. Men det er ikkje noko prinsipielt i vegen for at det kan rekrutterast personar frå eit større europeisk omland, eller for den slags skuld, globalt omland.⁹¹

Dette tyder altså ei tilbakevending til «å gjøre seg lekker»-strategien frå 1970-talet og tidlegare. Fire vilkår er viktige om ein skal ha suksess med dette:⁹² For det første at ein er i stand til å tilby velfungerande infrastruktur i form av kontorlokale, internettoppkoppling osv. Her skal vi ikkje sjå bort frå at kostnader med å halde lokale i dei større byane er ein vesentleg utgiftspost. For det andre at dette òg utgjer velfungerande kunnskaps- og arbeidsmiljø. Dei to vilkåra kan kombinerast i næringshagar og liknande. For det tredje at staden tilbyr attraktive oppvekst- og levevilkår som barnehageplassar, godt skule- og fritidstilbod m.m. Dette er særleg viktig for å tippe vekta for personar som vurderer tilbakeflytting, og er eit viktig argument for dei ulike trivsel- og identitetsfremjande tiltaka som vi drøftar i 3.8. Det tyder òg at det kan vere ein viktig motsetnad mellom

⁸⁸ Hartmark Consulting AS 2004. Evalueringa byggjer på intervju med leigetakarar og leiarar av næringshagane.

⁸⁹ Av dei 34 som er finansiert gjennom KRD/SIVA ligg 27 «mindre tettstedregioner», for det meste i kommunesenteret.

⁹⁰ Gunnes og Byrkjeland 2003.

⁹¹ Reglane for arbeidsinnvandring tilseier at ein bør halde seg til EØS-området.

⁹² Dette har vi drøfta nærmare i Gunnes og Byrkjeland 2003. Denne undersøkinga handlar om næringsutfordringar for kommunane i Indre Sogn, Årdal, Lærdal, Aurland og Vik, og byggjer mellom anna på intervju med lokale næringsaktørar. Resultata skulle vere relevante også i Hordaland.

kommunens behov for kostnadsreduserande tiltak og stadens behov for å gjøre seg attraktiv.⁹³ For det fjerde gode kommunikasjonar til andre delar av landet og til utlandet. Dette er vanskelegast å gjer noko med og kan hende det minst viktige av dei fire vilkåra. Vi trur likevel at ein strategi som tar sikte på å trekke til seg kunnskapsarbeidsplassar vil ha størst sjanse for å lukkast der reisetid til nærmeste flyplass med regularitet er overkomeleg, dvs to til tre timer.

Fjerde tema: Postmoderne opplevingsbygd

Ein del forskrarar postulerer at det særeigne i vår tid ikkje så mykje er produksjonen av tenester, men ein økonomi der produksjon og kjøp av opplevelingar står sentralt. Dette opplevingsomgrepet går på tvers av både varer og tenester og kan omfatta begge, men «opplevelinga» siktar til ein mental dimensjon ved konsumet: Eksemplifisert gjennom t.d. gardsturisme så er det ikkje måltidet eller overnattinga i seg sjølv som er det sentrale, men at det skjer i særlege omgjevnader; at maten signaliserer det å vere unik osv. «Oppleveling» refererer til dei symbolske og immaterielle aspekta ved konsumet, der «settinga» er vel så viktig som kjernen. «Oppleveling» har mykje til felles med «kultur» om vi forstår dette siste som eit eige utsiktig samfunnsområde, altså som sektoren «kunst og (annan) kultur». I bruken av kulturhandlingar er det jo nettopp opplevelinga som utgjer konsumet. Men «oppleveling» omfattar i tillegg aktivitetar som vi vanlegvis ikkje reknar inn under kulturområdet, som moroparkar, elvepadling og hundekøring. Opplevingsøkonomien omfattar både kultursektoren, aktivitetsturisme og kommersialisert leik.

Så svært ny er ikkje opplevingsøkonomien. Då europeiske «gentlemen» (og nokre women) oppdaga attraksjonane med den utevde naturen på 1600- og 1700-talet, var det verknadene den hadde på kjenslelivet som låg til grunn. Der den ville naturen tidlegare blei opplevd å vere stygg og skremmande, blei den no oppfatta som makelaus og endåtill vakker.⁹⁴ Då det på 1800-talet blei stadig fleire reisande i Alpane og det skotske høglandet, blei norsk natur, og då særleg det vestnorske fjordlandskapet, oppdaga som eit nytt jomfrueleg og nokolunde tilgjengeleg område. Landskapet har sidan vore den sentrale attraksjonen som ligg bak norsk og vestnorsk turisme. Bygdelag var tidleg ute med å tene pengar på aktiviteten som tilleggsnæring til jordbruk, då først og fremst skyssing og overnattingsverksemد.

At masseturismen i Noreg ikkje lenger blir oppfatta som opplevingsøkonomi, skuldast truleg at den opplevelinga som blir tilbydd, er standardisert: Overnatting, transport og aktivitetar er mykje likt overalt. Så om naturen er unik, er måten den blir opplevd på den same som for dei fleste andre reisemål. Det er i tillegg ei oppleveling som i høg grad er temd. Det dreier seg for det meste om skoding på avstand, frå bil, buss og skip, med ein og annan tilrettelagd stoppestad undervegs.

⁹³ Skulesentralisering slår oss som eit mogleg problem. Vi merkjer oss at Rättvik kommun i Värmland gjorde det å oppretthalde greneskulane som eit sentralt verkemiddel for å trekke til seg folk.

⁹⁴ Thomas 1983, Corbin 1994.

Småskalareiselivet prøver å skape ei nisje gjennom tilbod som direkte konfronterer masseturismen og reetablerer den unike opplevinga som det sentrale. Der masseturismen standardiserer opplevinga, prøver småskalareiselivet å skape tilbod som blir opplevd som særeigne og unike. Der masseturisten rører seg gjennom landskapet godt innkapsla i transportmidla, prøver småskalareiselivet å skape nærliek, noko som igjen medverkar til å gjere opplevinga unik. I tillegg blir opplevinga gjerne til som ein kombinasjon av natur og kultur; kulturspor i landskapet, historiske bygningar og andre konstruksjonar og tilbod av tradisjonsmat og handverksprodukt (jf. ovanfor).

Småskalareiselivet står overfor tre store utfordringar: For det første å utforme aktivitetar som gjev inntekter, for det andre å sikre autensitet, og for det tredje å halde skaleringa under kontroll. Eit problem med landskap som attraksjon, anten det er natur eller kulturlandskap er at det er eit fellesgode som er vanskeleg å prissetje. Inntekter må derfor kome frå tilliggande tilbod: Inngangspengar til avstengde attraksjonar som bygningar, sal av matvarer og handverksprodukt, overnatting og sal av informasjonsstenester (guiding, bøker og brosjyrar). Dette er grunnen til «souvineringa» som oppstår rundt attraksjonane. Det er òg grunnen til at det gjerne er andre enn dei som har ansvar og utgifter med å halde attraksjonane i hevd, som skummar fløyten av reiseaktiviteten.

Souvineringa, altså sal av gjenstandar som skal minne om opplevinga, blir gjerne sett på som kjerneeksempelet på masseturismens øydeleggjande effekt på det autentiske. No treng ikkje minnetinga vere masseprodusert juggel. Dei kan òg vere dyre kunstgjenstandar som ikkje nødvendigvis er meir autentiske av den grunn, om vi forstår dette som å symbolisere det særeigne for staden. Mengda av keramikkgjenstandar som er råd å få kjøpt på norske bygder, verkar å vere utømeleg og er noko av eit allment fenomen. Dei kunne vore kjøpt kvar som helst. Men sidan dei fleste er produserte på staden i tidkrevjande prosessar, kan dei oppfattast å vere autentiske i ein grad importerte masseproduserte minneting ikkje er. Spørsmålet om autensitet er komplekst. Det varierer dessutan ein heil del med augo som ser. Men om autensitet er ein sentral del av den formidla opplevinga, er det viktig å sikre truverdet av dette så godt som råd er. For småskalareiseliv på bygdene er det ei kvalitetssikring som må vere innretta mot område av ein viss storleik for å vere effektiv.

Dette heng nær saman med den tredje utfordringa: Småskalareiselivet føreset gjerne at småkala er nokolunde gjennomført innanfor eit område. Det er lett å finne eksempel på at små- og storskalaturisme eksisterer side om side, der den første gjerne er eit vedheng til den siste. Men om småskalaturismen skal byggje på den type opplevingar som er skisserte ovanfor, kan konsentrerte reisestraumar og folkeopphopingar fort bli øydeleggjande. Attraksjonar som natur- og kulturlandskap er òg interessante for storskala-anlegg som hyttegrender, cruisehavner og mekanisk transport. Det er ofte større politisk interesse for å satse på slike anlegg, sidan dei ser ut til å kunne ha eit større inntektpotensial for bygda eller kommunen. Det kan òg vere tilfelle, men det er grunn til å sjå kritisk på dei økonomiske effektane av større anlegg. For det første er investeringskostnadene større. For det andre er ofte utnyttingsgraden låg sidan mykje av norsk reiseliv har ein kort sommar- eller vintersesong. Det er slåande kor stor del av norsk reiseliv som har låg inntening.

Utfordringane stiller store krav til felles strategiar og organisatoriske løysningar på to nivå. For det første må aktørar innanfor eit tilstrekkeleg stort nok område ha ein

nokolunde einskapleg oppfatning av kva type oppleving det skal satsast på, slik at ikkje den eine øydelegg for den andre. Det gjeld elles ikkje berre reiselivsretta tiltak, men òg andre næringstiltak, infrastruktur og private påfunn. Vi tru dette lar seg gjere utan å skape museale regionar. I praksis er folks toleranse for variasjonar og avvikande inngrep stor, men det er truleg vanskeleg å kombinere t.d. helikoptertrafikk med stille og tenkjero. For det andre trengst det organisatoriske løysingar som kan sikre felles økonomiske interesser innanfor eit område som høver som ei funksjonelt integrert oppleving. Løysingane må kunne sikre kostnadsreduserande fellestiltak, tilby komplementære tilbod, totalpakkar m.m.

Småskala-reiseliv og opplevelingsturisme kan oppfattast som ein variant av kulturøkonomi, dvs. som det å selje kulturvarer og -tenester. Kulturøkonomi som norsk distriktsnæring oppstod i andre halvdel av 1980-åra, altså om lag samtidig som bygdeutvikling blei sett på den politiske dagsordenen. Dette hadde ein dobbel klangbotn. For det første hadde nedbygginga av tradisjonelle næringar og då særleg industri i ei rekke europeiske område, både sentrale og perifere, opna augene for kultur som kommers. Kulturtildel viste seg å ha ei økonomisk side. Det var høg betalingsvilje og store marknader for mange av dei. I tillegg førte kulturarrangement til mange tilreisande og dermed monalege ringverknader for andre næringar. Analysar tydde på at næringspotensialet i kultur var stort, kan hende større enn noko anna næringsgruppe. I tillegg førte kultursatsinga med seg førestellingar om å vere framtidsretta i motsetnad til industrien som blei sett på som avlegs. Satsing på kultur blei ein viktig del av restrukturering av europeiske industriområde i kjølvatnet av fordisme-krisa på 1970-talet, i tillegg til at ny arkitektur og byutforming blei viktige attraksjonar i byane konkurransen om å trekke til seg reisande. Dei europeiske kulturhovudstadene blei kan hende det klaraste uttrykket for denne satsinga.

For det andre skjedde det ei regional oppvakning i Europa.⁹⁵ I denne kom òg kultursatsing til å spele ei viktig rolle; dels som næring slik det er skissert ovanfor; dels som identitetsmarkør. Regional kultur blei merkevare. Dette kom synleg til uttrykk i Europarådets satsing «Kultur og regional utvikling» som òg hadde norsk deltaking, mellom anna i form av eit eige forskingsprogram med same namn.

I Noreg blei kultur og regional utvikling til kultur og distriktsutvikling.⁹⁶ Som statssekretær Per N. Hagen uttrykte det på ein konferanse i Førde i 1990: Dei som dreiv med distriktpolitikk, hadde fått auga opp for «kulturens rolle for å skape mer livskraftige lokalsamfunn i distriktene». Argumenta var mykje dei same som blei ført i marka for tenesteyting generelt: Industrien var på hell. Distrikta trond nye arbeidsplassar, særleg for dei med høgare utdanning og blant dei igjen, særleg kvinner.⁹⁷

⁹⁵ Regionaliseringprosessen i Europa har avfødd mange FOU-sider med varierande kvalitet. Oppbygginga av EU som overnasjonal overbygning betydde mykje for den regionale oppvakninga, men den hang nok og saman med ei regional tygdeforskyving som følgje av dei økonomiske endringane etter 1970.

⁹⁶ Heilt rett er ikkje dette. Kultur og *region* blei òg det dominante omgrepsparet i Noreg, noko som nok skuldast at det var eit ønske om å distansere seg frå verkemidla til den tradisjonelle distriktsutviklinga, i tillegg til at regionane kom til å omfatte fleire område enn dei som var blitt rekna inn under distriktsomgrepet.

⁹⁷ NAVF 1990.

Det er to hovudlinjer i denne distriktspolitiske kultursatsinga: Dels var ein oppteken av kultur som næring; rett nok for det meste som støttenærинг til reiseliv. Dels var ein opptatt av kultur som ein kvalitet ved lokalsamfunnet. Kultur, i denne samanheng forstått som kulturtilbod, blei sett som ein sentral, for ikkje å seie den sentrale, attraksjonsfaktoren i eit lokalsamfunn. Kultursatsing smelta saman med andre typar trivselstiltak og estetiserande tiltak til ei generell satsing på stadutvikling. Dette fekk sitt politisk-administrative uttrykk mellom anna i PTD-programmet, ei satsing på å utvikle privat tenesteyting i distrikta. PTD-programmet hadde vide rammer som skulle opne for å utvikle mange ulike typar tenesteyting. I praksis blei mange av prosjekta lokal stadutvikling.

Distriktskultursatsinga kom langt på veg til dekka bord. I Noreg fanst det lange tradisjonar med desentraliserte kulturtildod. Denne skaut særleg fart etter 1975, men òg før dette fanst det viktige kulturtildod på kommunalt nivå som kommunale bibliotek og samfunnshus. Grunngjevinga for den desentralisere kulturpolitikken var dels at kulturell kompetanse var ein viktig del av den generelle dannninga som samfunnsborgar og dermed ein viktig føresetnad for demokratiet.⁹⁸ I utbygginga av det regionale og lokale forvaltings- og politikknavet etter 1975 fekk kulturen ein sentral plass, noko som resulterte i at det blei etablert ein kommunal kultursektor.⁹⁹

Likevel skjedde det ei markert akselerasjon av den desentrale kultursatsinga i andre halvdel av 1980-åra. Det blei utvikla kulturtildod på fylkesnivå: fylkesgalleri, fylkesorkester, distriktsmusikarar, regionteater, m.m. (mange rett nok som forsøksordningar). Den kommunale kultursekretæren/sjefen blei ein sentral lokal utviklingsaktør; glimrande parodiert i ein del Smørifik-julehefte. Det blei produsert ei stor mengd studiar om lokalkultur, kulturbruk og -forbruk, og effektane av dette for trivsel og identitetsdanning.¹⁰⁰

I ettertid kan det verke som lufta har gått noko ut av kulturballongen, i alle fall som regional og lokal satsing.¹⁰¹ Dette har fleire årsaker. For det første er det som var satsing og utviklingsprosjekt for 15 år sidan, blitt del av den daglege verda; det er mindre merksemad om dei. For det andre blir kultur lett ein salderingspost når økonomien i fylkeskommunar og kommunar kjem under press. For det tredje har byområda kome på offensiven som kulturpolar. For det fjerde har tiltrua til næringspotensialet i kulturen avteke. Dette siste har det vore kritiske røyster mot heilt frå starten. Det blei sådd tvil om den metodiske stringensen til mange av ringverknadsstudiane som meinte å demonstrere dei store vinstane av kulturarrangement, fordi det var vanskeleg både å avgrense ringane og kva som verka inn. Studiar som prøvde å berekne det kulturelle

⁹⁸ Som Per Mangset har peika på var desentraliseringa av kulturpolitikken i 1970-åra sterkt prega av franske førebilete, men den hadde òg sine førelauparar i arbeidarrørlas og venstrestatens danningsideal (Bjørkås og Mangset 1996).

⁹⁹ NAVF 1990.

¹⁰⁰ Det meste av det ved dei regionale forskingsinstitutta og finansiert over Kultur og regional utviklingsprogrammet, t.d. Breidablik 1991, og Vaagland og Vestheim 1991, Vaagland 1995.

¹⁰¹ Lagnaden til regional og lokal kultursatsing har mykje til felles med miljøpolitikken som hadde ein parallel høgkonjunktur i tida 1985–1995. Merksemad om denne er òg kraftig nedtona, mykje av dei same årsaker som kulturpolitikken.

bruttoproduktet innom større område, blei kritiserte for uklare kriteria for kva som skulle reknast som kultur og ikkje.¹⁰²

Denne relative togna må likevel ikkje overskygge at kulturaktivitetar og kulturtildod er utbreidde i norske distrikta, både i bygdemiljø- og tettstader. Dei er av mange slag og byggjer både på tradisjonell kultur og meir moderne. Festivaliseringa av Noreg er òg eit bygdefenomen, og spenner frå heller lokaliserte arrangement i form av rekonstruerte og nykonstruerte bygdefestar¹⁰³ til musikk, teater og andre kunstnarlege arrangement med internasjonale dimensjonar. I Hordaland har vi både bluesfestival i Skånevik og jolemesse i Vikebygd. Historiske spel oppstår på stadig nye stader. Det er i alt ca. 80 i Noreg. Dei kan både ha ein lokal identitetsskapande funksjon og vere eit trekkplaster for tilreisande, særleg dei meir etablerte. Det blir fleire og fleire faste kulturtildod av typen museum, galleri osv. Desse spenner òg frå typiske formidlarar av førmoderne produksjons- og levemåtar via industriminne som Vestnorsk industristadtmuseum til moderne kunstgalleri som dei på Mehl i Herand og Hjadlane i Osa. Det siste ligg i ei bygd der einaste fastbuande er galleristen med familie.

Dag Jørund Lønning er ein av dei som drøftar kva denne vendinga mot kulturen har å seie for norsk bygdeutvikling.¹⁰⁴ I følgje Lønning har det skjedd ei fundamental samfunnssendring i dei vestlege samfunna frå eit moderne til eit postmoderne samfunn.¹⁰⁵ Denne endringa har for det første frigjort individua frå modernismens einsrettande livsstilstvangstrøye, og for det andre gjort av med bulkproduksjonen av industri- og landbruksvarer som dominante form.¹⁰⁶ Resultatet er eit samfunn der individua er langt mindre bundne av økonomisk og normativ tvang. Det er eit samfunn prega av «livsstilsshopping». Lønning synest å trekke tre sentrale konklusjonar for bygdeutviklingsstrategiar: For det første fører denne livsstilsfridommen til at den mentale konstruksjonen av (biletet av) ein stad der avgjerande; marknadsføring og merkevarebygging blir dei sentrale strategiane. For det andre må denne konstruksjonen ta eit oppgjer med det tradisjonelle bygdebiletet som staden der bulkproduksjon av landbruksvarer dominerer, men den må òg skje med front mot det urbane. Bygda må framstå som unik og annleis, ikkje som ein nedskalert variant av ein by. I konstruksjonen av bygda som unik spelar ei oppatthenting av førmoderne produksjonsformer ei sentral rolle. Ein fellesnemn er at bygda må framstille seg som unik oppleving, noko som vil gje grunnlag for å trekke til seg både fastbuande og turistar.

Lønning og medforfattarar gjer eit heilhjarta forsøk på grunngje kvifor lokaliserte etterlikningar av førmoderne produksjons- og levemåtar synest få meir å seie i ei

¹⁰² Arnestad 1992.

¹⁰³ Det kan nok òg finnanst slike som har ein ubroten tradisjon, men det ser ut til at fleirtalet av bygdefestivalane er nykonstruksjonar.

¹⁰⁴ Lønning 2000, (red.) 2003.

¹⁰⁵ Lønning lenar seg tungt på sosiologen Zygmunt Bauman i si forståing av denne overgangen.

¹⁰⁶ Dette er kan hende ei noko fortetta attgjeving av argumentasjonen til Lønning. Han har ambisjonar om ein symtse om den nye tida og konsekvensar for norske bygder. Den kunne i og for seg vere verdt ein grundigare kommentar, men det får ligge her.

globalisert tid. Vi er kritiske til vektlegginga av handverkstradisjonar og ikkje-mekaniserte driftsformer som fundamentet i bygdenes overlevingsstrategiar. Men vi er samde i at norske bygder ikkje er kva dei var, og at det kan vere bygdeutviklings-strategiar er for prega av eit tradisjonelt bilet av bygda (i tydinga slik den var i 1970-åra). Men vi trur heller at utviklinga er prega av livsstilskonvergens; levemåtar i byar, bygder og tettstader er blitt meir like. I følgje Ottar Wiik, arkitekt busett i Vik i Sogn, kan ein der velje mellom fleire kafear som har eit variert tilbod av kaffitypar lik det han finn i hovudstaden (altså ein moderne café, ikkje ein gammaldags norsk kafe).¹⁰⁷ I Steinsdalen i Kvam hyser gamle Handelslaget ein «pub», og jolerevyen i Steinsdalen for nokre år tilbake gjorde eit poeng av at den moderne bonden vindssurfa på Movatnet (medan faren passa fjøset som han hadde gjort før). Det skulle ikkje undre oss om mest utbreidde kulturaktivitet i norske bygder er å spele i rockeband.

Det finst elles ein heil del studiar av den kulturelle transformeringa av norske bygder og distrikt. Geir Breidablik har undersøkt etterspørselet av kulturtildi i tre kommunar i Sogn og Fjordane; Førde, Årdal og Askvoll, altså ein nyvaksen tettstad, eit etablert industrisamfunn, og ein kommune meir prega av tradisjonelle bygdenæringer.¹⁰⁸ Han fann at, sjølv om tradisjonelt lags- og foreningsarbeid stod sterkest i Askvoll og svakast i Førde, spela tradisjonelle kulturformer ei mindre rolle i alle kommunane. I alle var det ei rørsle i retning av eit meir differensiert kulturtildi. I tillegg var etterspørselet størst etter tilbod der ein kunne delta i den skapande aktiviteten, altså amatørteater, orkester og akvarellkurs.

Likevel er ikkje ei bygd ein by. Trass i konvergensen vil bygdesamfunn vere mindre ein by. Det vil ein tettstad vere òg. Østlandsforsking har forsøkt å kartlegge omfanget av kulturnæringer i Noreg.¹⁰⁹ Dei finn at dei utgjer om lag 3,5 % av BNP og samle andel av total sysselsetting. Dette bruttoproduktet er dobbelt så høgt som det til jord- og skogbruk. Sysselsettingseffekten er òg høgare. Men undersøkinga viser òg at kulturnæringer er eit byfenomen og særleg eit storbyfenomen. Oslo har klart dei fleste kulturarbeidsplassane i landet med over tre gonger så mange som i Hordaland som er på andre plass.

Femte tema: Frå produsent til landskapsforvaltar og tradisjonsbærar

Siste femten åra har det skjedd ei endring i funksjonen til det norske bygdelandskapet. Frå i første rekke å vere ein ressurs for produksjon av jordbruksvarer, har det i aukande grad fått funksjon som kulisse, eller rettare som nettopp landskap. Denne funksjonen eller verdien hadde nok landskapet òg tidlegare, men den blei då meir tatt for gjeven. No er behovet for å oppretthalde landskapet i bestemte former og tilstandar medvite

¹⁰⁷ *Bergens Tidende*, kronikk 12.09.2004.

¹⁰⁸ Breidablik 1991.

¹⁰⁹ Haraldsen m.fl. 2004.

artikulert og blitt ein del av norsk landbrukspolitikk og bygdeutviklingsstrategiar. Dermed har bonden fått ei ny rolle i tillegg til den tradisjonelle. Han og ho er ikkje berre brukar av jord. Han og ho er i tillegg pleiar og forvaltar av landskap. I kva grad dette er og skal vere ein tilleggsfunksjon eller ei erstatning for tradisjonelt jordbruk, er eit diskusjonstema; likeins korleis kombinasjonen skal skje.

Kulturlandskap er eit forholdsvis nytt tema i bygdeutvikling. I 1995 spela landskapsivaretaking framleis ei lite viktig rolle når bygdeutvikling blei drøfta.¹¹⁰ I den grad ein var oppteken av å ta vare på kulturlandskap blei det rekna som ein del av miljøpolitikken. Og det var helst dei meir marginale delane av jordbrukslandskapet interessa var retta mot, som gamle utslätter og lauvskoglier. I dag er kulturlandskapsivaretaking og -pleie ein heilt sentral del av bygdeutviklingsstrategiane, og det blir meir og meir tale om å ta vare på heile landskapsformer. Denne totaliserande tilnærminga tyder òg at den er integrerande: Det som skal takast vare på er både landskapsformer, kulturspor som vegar og stigar, vegetasjonsformer, bygningar og tekniske innretningar, m.m.

Prosessane som endrar kulturlandskapet og har skapt behovet for ivaretaking, er ikkje av ny dato. Det er for så vidt ei historisk allmennsanning at kulturlandskap alltid har vore under endring, og at alt kulturlandskap såleis er historisk.¹¹¹ Men siste 30–40 år har landskapsendringane i norske bygder akselerert. Mange av inngrepa er dessutan irreversible, eller i alle fall svært tunge å rette opp att: Dels har urbanisering og rurbanisering omgjort jordbrukslandskap til ikkje-jordbrukslandskap, som byggjefelt og industriområde. Dels har tekniske endringar og omlegging av driftsformer i jordbruket ført til landskapsendringar, som planering, kanalisering av bekker og elvar, brakklegging av utmark og område som ikkje eignar seg for mekanisk hausting.¹¹² I tillegg er ein blitt meir medvitne om at grensene mellom natur- og kulturlandskap ikkje er einstaka og skarpe. Svært mykje av det som blir oppfatta som natur, er kulturlandskap; er avhengig av at det blir vedlikehalde av menneskeaktivitet.

Endringane gjev grunn til uro av fleire grunnar. For det første kan det forstyrre «biletet av Noreg» og dermed Noreg som turistattraksjon. Den naturen utlendingar kjem til Noreg for å oppleve er for ein stor del kulturlandskap, eller blir opplevd saman med kulturlandskapet, slik vi ser det på det klassiske biletet av Noreg, fruktbløminga i Hardanger. I orienteringa mot landskapsnær turisme blir koplinga mellom natur- og kulturlandskap særleg viktig. For det andre reiser det spørsmålet om forholdet mellom omgjevnader, historisitet og identitet, altså kva bestemte tilstandar og former i landskapet har å seie for måten vi oppfattar historia og dermed oss sjølv. For det tredje er det å ta vare på kulturlandskapet viktig for å oppretthalde det biologiske mangfaldet, sidan mange plante- og dyrearter er knytte til kulturlandskapet og er avhengige av dette.

Kulturlandskapsivaretaking som bygdeutvikling er likevel ikkje utan problematiske sider. For det første er det eit spørsmål om å finne vederlagsformer som sikrar inntekt for pleiarane. For det andre er det i eit land som Noreg der landskapet er fordelt mellom

¹¹⁰ Almås 1995, Amdam, Isaksen og Mattland Olsen 1995.

¹¹¹ Hoskins 1975 [1955].

¹¹² Lie Christensen 2002. Gjerdåker 1999.

mange grunneigarar, eit spørsmål om å finne organiseringsformer som sikrar einskaplege strategiar og handlemåtar. For det tredje er det eit spørsmål om å avvege og tilpasse landskapsivaretakinga mot andre inntekstgjevande aktivitetar, enten dette dreier seg om jordbruk «as usual», tilleggsnæringer som småkraftverk og hytteområde, eller andre nærings- og infrastrukturtiltak.

Sjette tema: Den demografiske ubalansen

Norske bygder har eit dobbelt demografisk problem: For det første opplever dei (fleirtalet) ein generell folkenedgang. For det andre skjer det ei relativ større utflytting av yngre, særleg yngre kvinner. Dermed er bygdene inne i ein vond sirkel sidan dette fører til at det blir fødd færre born. I den ekstremt uttunna bygda risikerer ein at det berre er att eldre, ugifte menn.¹¹³

I nokon grad har dette med tilgang på arbeidsplassar å gjere og særleg arbeidsplassar for dei med høgare utdanning. Både for kvinner og menn er høgare utdanning ein svært effektiv utflyttingsgenerator fordi dei må flytte for å skaffe seg utdanning, og fordi det er få tilbod i heimbygda å flytte tilbake til når utdanninga er avslutta. I den norske arbeidsmarknaden, der det normale er at begge i eit sambuarforhold/ekteskap har lønna arbeid, er dette eit særleg problem sidan det må vere arbeid til to. Dessutan er det ein tendens til at krake søker make, altså der den eine har høgare utdanning, har gjerne den andre det òg. På den andre sida er, som vi har peika på ovanfor, av dei mest utbreidde arbeidsplassane i Noreg innan offentleg helse- og sosialomsorg, arbeidsplassar som særleg rekrutterer kvinne med mellom-høg utdanning.

Det har derfor òg med livsstil å gjere. Breidablik fann at det var særleg kvinner som etterspurde eit variert kulturtilbod i lokalsamfunnet.¹¹⁴ Gunnar Jørgensen har undersøkt ungdoms preferansar for livsstil og lokalsamfunn i Sogndal. Han fann at særleg dei jentene som gjorde det skarpt på skulen, ønskte seg bort. Dei etterspurde livsstilsvariasjon og «duften av den store verda», og mislikte synleggjeringa i små lokalsamfunn. Dei typiske attverande, som uttrykte identitetskjensle med bygda, var gutter som gjorde det därleg på skulen; opptekne av bil og bilkøyring og med tendensar til å uttrykkje aggressjon mot urbane livsstilar i byen og i tettstaden.¹¹⁵ No må det takast atterhald om at Jørgensen her skildra idealtypar. Dei fleste var å finne mellom dei to yttertypane. Andre undersøkingar synest likevel å stadfeste inntrykket av at det særleg er dei flinke jentene som ønsker seg bort.¹¹⁶

Dette kolliderer likevel med ein annan preferanse. Unge kvinner vurderer bygdemiljø og mindre lokalsamfunn som positive fordi dei oppfattar at bygda har eit betre og tryggare oppvekstmiljø for barn enn større stader. Mange uttrykkjer derfor eit ønske om

¹¹³ Aasbrenn 1990.

¹¹⁴ Breidablik 1991.

¹¹⁵ Jørgensen 1993.

¹¹⁶ Heggen, Myklebust og Øia 2001.

å kunne etablere seg på bygda når dei skal stifte familie. Det finst då òg eksempel på relativt små stader som har snudd den demografiske trenden og framstår som vellukka småbarnsfamiliebygder. Lokal skule, barnehage og elles gode fritidstilbod for barn- og unge er ein føresetnad. Skulesentralisering er derfor truleg av dei større problema når bygder skal trekke til seg barnefamiliar, men lokal barnehage kan nok motvirke dette ein del. Tilflytting av barnefamiliar har både ein dominoeffekt og ein kritisk masse: Nokre trekkjer lett fleire med seg.

Ein del forskarar og samfunnsmeinarar har gjort mykje ut av det såkalla generasjonX fenomenet: At ungdom i vår tid ikkje etterspør stabilitet og klare karrierevegar, men variasjon og stadig nye utfordringar. Livstilsshopping og karrierehopping dominerer der ein tidlegare ønskte materiell tryggleik og forutseielege livsvegar.¹¹⁷ Byen blir derfor særleg attraktiv fordi den tilbyr stort variasjon og gjev flest moglege val. Men Lønning (sjå ovanfor) meiner at bygda skal utnytte den same variasjonspreferansen til å trekke til seg ungdom. Den bør ikkje profilere seg som trygg, men spennande. Andre har meir problem med å finne att generasjonX. Ei undersøking Forskningsstiftelsen Fafo gjennomførte av ungdom i Ulsteinvik fann at dagens ungdom var minst like opptatt av trygge og stabile arbeidsutsikter og av å byggje hus og stifte heim som foreldre-generasjonen.¹¹⁸

Norsk bygdeutvikling har frå starten vore opptatt av problemet med den demografiske ubalanse. Av dei første bygdeutviklingstiltak både i Hordaland og andre stader, var tiltaksarbeid som var særleg retta mot kvinner. Som tiltak retta mot frå/tilflytting var dette mindre effektivt. Det var helst kvinner med solid ankerfeste i bygda som starta næringsverksemd. Den typiske etablerarkvinna arbeidde på gard og hadde born i vaksen eller nærvaksen alder. Men tiltaka gav kvinner sjølvkjensle og førte til ei generell oppvurdering av kvinnas posisjon i bygdesamfunnet. Med eit av tidas moteomgrep: dei var med å auke den sosiale kapitalen til kvinner på bygda. Næringsaktiviteten hadde såleis ein effekt ut over seg sjølv. Andre typar livsstils- og trivselstiltak vil kunne supplere denne oppbygginga av sosial kapital som kan motvirke fråflytting og endå til stimulere tilflytting. Truleg er det framleis eit behov for å sivilisere bygdemannen, som var ein av Reidar Almås føresetnader for vellukka bygdeutvikling i 1995, ikkje minst den yngre varianten. Men det må strekast under at norske bygder, i det minste mange av dei, ser ut til å ha gjennomgått noko av ein likestillingsrevolusjon siste 20 år.

På sikt er den grunnleggjande utfordringa for norske bygder at det i den vestlege verda blir fleire og fleire eldre og færre og færre unge.¹¹⁹ Konkurransen om dei yngre blir hard. Ikkje alle vil kunne vinne. Det er to måtar å bøte på dette: Det kan satsast på innvandring frå dei ungdomsrike delane av verda. I nokon grad har dette alt skjedd gjennom den desentraliserte asylmottakspolitikken som både har verka til større variasjon i norske bygder og, nokon stader, har skapt konfrontasjonar. Men skal dette bli eit effektivt verkemiddel må det skje grunnleggjande endringar i norsk innvandrings-

¹¹⁷ NOU 1999.

¹¹⁸ Berg 1998.

¹¹⁹ *Scientific American*, sept. 2005.

politikk, og det er kan hende ikkje lettare å rekruttere folk med annan kulturbakgrunn til bygdene enn såkalla etniske nordmenn.¹²⁰

Eller ein kan satse på dei eldre. Det er visse tendensar òg til det. Ein del norske (og svenske) lokalsamfunn og kommunar satsar på ein nordisk Florida-strategi: Å framstå som særleg attraktive stader for pensjonistar, som jo stort sett har høg betalingsevne. Vi er noko usikre på kor realistisk ein slik strategi er. Den vil i alle fall krevje godt strødde vegar og gangstiar om vinteren. Men dersom ikkje den demografiske trenden snur, vil bygdene til liks med resten av Noreg ha ein stadig meir aldrande folkesetnad. Det kan vere at òg bygder treng seniorpolitikk.

Sjuende tema: Entreprenørskap og brei mobilisering

For ti år sidan dreidde bygdeutvikling seg for det meste om entreprenørskap: Det var å få til nye næringsaktivitetar som stod i sentrum. Tiltaksarbeid var dominerande input frå det offentlege. Seinare år er det den breie mobiliseringa som dominerer bygdeutviklingsaktivitetane. Input er organisasjonpsykologiske teknikkar som skal gjere folk medvitne om eigne evner og oppdage idear. Dette er sett på spissen. Det kan vere at næringsutvikling, etablerarstimuering og tiltaksarbeid (i dag er det innovasjon som er merkelappen) er like utbreidd som tidlegare, men at det har skjedd ei spesialisering slik at det no skjer i regi av Innovasjon-Noreg og fylkeskommunen med regionråda og ein del kommunale næringsutviklarar som forlenga arm.¹²¹ Men det rører ikkje ved det generelle inntrykket av at i dei aktivitetane *som har merkelappen «bygdeutvikling»*, er næringsutvikling sett på sidelinja. Næringsutvikling finst, i første rekke som matprosjekt og småskalareiseliv, men dette er ikkje integrert i bygdeutviklingsprosjekta som hovudsakleg rapporterer om trivsel- og identitetsfremjande tiltak og aktivitetar.

Fordelen med den breie mobiliseringa er nettopp at den er brei, at den eignar seg til å involvere mange og avdekke dei hundre blomane som skal bløme. Ulempa er at den er arbeidskrevjande når prosessane som skal setjast i gang, skal vere over noko tid, og det skal dei mest alltid. Det kan derfor lett oppstå frustrasjonar fordi det buttar i mot etter ei tid. Alt dette gjer at det blir stilt store krav til lokal organisering og involvering. Mobiliseringsprosessane er dessutan basert på ein sjølvaktiveringstankegang: Dei mobiliserte skal i størst mogleg grad drive utviklinga sjølve etter initieringsfasen. Det er derfor oftast dei enkle tiltaka det blir satsa på. Ein plukkar dei lågthengande fruktene først, noko som blir forsterka av at det lite eksterne økonomiske ressursar som blir tildelt dei forskjellige lokale prosjekta. Tiltak blir derfor enkle og billege. Det kan verke som det typiske bygdeutviklingstiltaket er blitt rydding og merking av turstiar.

Mobiliseringsstrategien heng saman med at målsetjinga med prosessane i første rekke er å skape trivnad. Det er sjølv sagt ikkje noko i vegen for at dei kan resultere i

¹²⁰ Det utvida EU gjev nye vilkår, men Aust Europa er i ferd med å utvikle same demografiske profil som i vest, slik at eventuelle vinst for norske bygder vil vere eit tap i dei austeuropeske.

¹²¹ Dette blei hevd i av representantar for Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg på eit arbeidsmøte i prosjektet.

inntektsgjenvande aktivitetar, men det blir i tilfelle ein positiv sideeffekt. Trivnadsmålsetjinga blir dobbelt grunngjeve: For det første blir det hevda at det ikkje er tilstrekkeleg med arbeidsplassar for å halde oppe busetnaden. Stader må ha attraksjonsverdi i tillegg som gjer at folk har lyst å bli buande. Det er truleg godt grunnlag for ein påstand om at arbeidsplassar er nødvendige, men ikkje tilstrekkelege. I alle fall rapporterer mange bedrifter i perferiområde at største problemet er å rekruttere folk, særleg nyrekruttering av yngre etter kvart som eldre sluttar.¹²²

For det andre blir det hevda at attraktive stader skapar arbeidsplassar ved å trekke til seg dei rette initiativrike personane som enten har verksemda med seg, eller får oppretta slike i lokalsamfunnet. Dette blir påstått å særleg vere tilfelle i den nye immaterielle kunnskapsøkonomien. Ein skal altså ikkje vere så opptatt av å påverke entreprenørskap og innovasjonar direkte, men leggje indirkete til rette for at initiativrike personar flytter inn i lokalsamfunnet, eventuelt lar vere å flytte bort. Dette har vore eit vesentleg argument for stadutviklingsprosjekt sidan tidleg 1980-tal.¹²³

I tråd med argumentasjonen ovanfor ønskjer vi å snu denne påstanden på hovudet: Trivnadsskapning, mobilisering og stadutvikling er nødvendige, men ikkje tilstrekkelege. Ein kan ikkje leve av trivnad og identitetar åleine. Det er òg nødvendig å stimulere til næringsutvikling, og her er det eit problem at dei siste åras bygdeutviklingssatsingar ser ut til å ha mista blikket noko for dette. Vi saknar modellar for korleis dei litt meir vanskeleg tilgjengelege fruktene skal kunna plukkast.¹²⁴ Dette skal vi drøfte nærmare i avslutningskapittelet.

¹²² Basert på samtalar og intervju med ei rekke bedriftsleiarar opp gjennom åra. Dette kan sjølv sagt like gjerne skuldast at det arbeidet som skapar misnøye, ikkje staden.

¹²³ Det andre har vore å trekke til seg tilreisande, turistar og fjernhandlande.

¹²⁴ Dette blei sagt tydeleg under oppsummeringa av Streif på Utne 12.11. 2005. At denne type moblisering, ikkje bar i seg noko klar modell for vidare utvikling.

4 Utviklingstiltak i Hordaland 1992 – 2005

Prosjekta i Hordaland

I tida etter 1990 har det i Hordaland funne stad ei rekke prosjekt og program som fell inn under bygde- og lokalsamfunnsutvikling. Prosjekta vi har sett på, utgjer berre ein liten del av desse, og er valde ut i samråd med representantar frå FMLA og Hordaland Fylkeskommune. Prosjekta har i første rekke tematiske og prosessorienterte føremål, men eit av dei var i tillegg retta inn mot kvinner i distrikta, eit anna mot ungdom. Utover prosjekta frå Hordaland er det i nokon grad trekt inn erfaringar frå prosjekt andre stader. Vi oppfattar prosjekta som er valde ut, som sentrale i satsingane frå fylkesnivået i Hordaland innan bygde- og lokalsamfunnsutvikling i den aktuelle perioden. Med desse som materiale har vi så forsøkt å få fram samanhengar og endringar innan satsinga på slike utviklingstiltak.¹²⁵ Prosjekta har skjedd både i regi av Fylkesmannen si Landbruksavdeling (FMLA) og gjennom Hordaland fylkeskommune. Det er ei overvekt av prosjekt der FMLA har løyvd midlar og hatt prosjekteiaransvaret. Prosjekta attspeglar også at arbeidet til desse to instansane på fylkesnivået har blitt ført nærmare kvarandre i løpet av perioden.

Dette blir særleg avspegl i det regionale utviklingsprogrammet for fylket, der vi tek for oss det som no gjeld, under eit eige punkt etter å ha gått inn på eit av dei pågåande prosjekta i dette programmet.

Vi konsentrerer oss om innretting, målsetjing og gjennomføring av dei konkrete prosjekta. Overordna samanhengar innanfor distrikts- og næringspolitikk, landbruks-politikk og forvaltningspolitikk blir trekt inn der dette er relevant (jf. kapittel 2). Der det er gjennomført evalueringar eller andre vurderingar, gjer vi kort greie for hovudsynspunkta. Samla gjer desse omsyna det nødvendig med ein forholdsvis detaljert gjennomgang. I materialet inngår både eigenevalueringar og eksterne rapportar.¹²⁶ Etter gjennomgangen kjem ein samla diskusjon av prosjekta der vi forsøker å få fram samanhengar og endringar i innhald, gjennomføring og resultat.

Prosjekta vi har sett på er:

¹²⁵ Utvalet har blitt lagt fram og diskutert i møte med FMLA og Hordaland Fylkeskommune og har blitt supplert i samråd med desse instansane, sist i møte 8.12.05.

¹²⁶ I tillegg har vi fortløpende hatt kontakt med representantar frå fylkesnivået, og har i dessutan snakka med nokre av dei lokale aktørane som har teke del i slike prosjekt.

Prosjekt/program	Periode	Løyvingar	Prosjektleiing
Kvinneretta tiltak innan næringsutvikling	1992–1994	LUF, FMLA	FMLA
UTSYN	1995–1998	Hordaland Fylkeskommune, FMLA, (Strategisk Næringsplan)	FMLA
Levende bygder i Sogn & Fjordane	1997–2000	FMLA, S&F fylkeskommune	FMLA
Bygdemobilisering retta mot ungdom	1997–1999	FMLA, noko støtte frå HF, SN	FMLA
Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunn (program)	2000–2003	FMLA/Hordaland Fylkeskommune, samfin. KRD, LD, HFK, SND,VKA	FMLA/HFK
Trivselsgrenda	2001–2003	FMLA. Deltakarkommunane. KRD, HFK og IN i første fase	FMLA
Samhandling og næringsutvikling på Folgefonnahalvøya	2004–2006	RUP-prosjekt	Lokal prosjektleiar
Nyskaping i småbedriftsmiljø Osterøy	2001–2004	SND (IN), HFK, kommunen.	Lokal prosjektleiar.
Omstilling i Odda	1998–2003	SND (IN), HFK	Hardanger Vekst

FORKORTINGAR

BNL= Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunn

FMLA= Fylkesmannens landbruksavdeling

HFK = Hordaland Fylkeskommune

IN = Innovasjon Noreg

KRD = Kommunal- og regionaldepartementet

LD = Landbruksdepartementet

LUF = Landbrukets utbyggingsfond

S&F= Sogn og Fjordane

SND= Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

VKA= Vestnorsk Kultarakademi

Kvinneretta tiltak innan næringsutvikling

Prosjektet var ei stipendordning for kvinner i landbruket som Landbruksdepartementet oppretta i 1986, for å stimulera til opprettning av nye og sikre arbeidsplassar i tilknyting til landbruket.¹²⁷ Ordninga var finansiert av LUF og gav forutan midlar til personlege stipend tilskot til ei rekke andre tiltak.

LUF-midlane var øyremerka for tilleggsnæringer og i nokon grad tradisjonelt landbruk og med distriktpolitiske, næringspolitiske og kvinnepolitiske målsetjingar: å halde på folkesetnaden i distrikta, sikre nyrekrytting og halde liv i bygdene; å skapa nye næringar, ny kapital og utvikle næringsgrunnlaget på staden; og å styrka kvinner si

¹²⁷ Sjå evalueringa frå prosjektet (Bruknapp 1994) og situasjonsrapporten undervegs (Bygdeutvikling med kvinneperspektiv).

kjensle av eigevert ved å gje dei kvinnelege stipendmottakaren eigen kapital og råderett over den.

Stipenda blei gjevne etter individuelle søknader.¹²⁸ Stipenda gjekk til landbruksprosjekt, reiselivsprosjekt og prosjekt innan handverk. Næringer tilknytte landbruk fekk dei minste gjennomsnittleg stipendbeløpa, handverksnæringane mest, medan reiselivsnæringane plasserte seg midt i mellom. Den typiske stipendmottakaren var 35 år med to barn mellom 10 og 15 år, gift til ein gard og busett i Kvinnherad eller Voss.

I evalueringa frå Hordaland blei det lagt vekt på at det for å få gode resultat i prosjekta var viktig med nettverksdeltaking. Det blei likevel peika på at det var tendensar til svak lønsemd. Samtidig hadde mange av prosjekta ikkje vart lenge nok til å seia kva resultatet til slutt ville bli.¹²⁹ Det blei slege fast at den distriktpolitiske målsettinga hadde blitt styrka gjennom etablerarstipenda gjennom nettverksoppbygginga kvinner imellom og ved at aktiviteten i bygdene hadde auka. Den kvinnepolitiske målsetjinga var ivaretaken ved at dei som lukkast fekk positive vinstar gjennom auka sjølvstilling og kompetanse.

Prosjektevalueringa bygde vidare på ein rapport frå Østlandsforskning som såg på ordninga på landsbasis.¹³⁰ Denne konkluderte med at dei samfunnsøkonomiske effektane ikkje var så store, men at det var store kvinnekjønnspolitiske effektar ved bruken av midlane. Den auka sjølvkjensla til dei som deltok, i tillegg høgare aktivitetsnivå blei framheva, noko som igjen kunne motverka flytting til byane. Eit viktig forhold var at det ikkje var noko samsvar mellom høgt utdanningsnivå og evne til å gjennomföra prosjekta.¹³¹ Dei med høgare utdanningsnivå kom her därlegare ut enn dei som hadde utdanning på lågare nivå. Vidare blei det lagt vekt på at det burde leggast ned arbeid med å utvikla kvinnennettverka og løfta etablerarane fram. Rapporten konkluderte med at ordninga hadde verka, og burde halda fram. I prosjekta vi ser på i det vidare, er kjønns- og kvinnedimensjonen likevel lite tilstades.¹³²

UTSYN

Prosjektet starta hausten 1995 og skulle stå for bygdemobilisering innanfor Strategisk Næringsplan for Hordaland i eit samarbeid mellom FMLA og Hordaland Fylkes-

¹²⁸ Søknadene blei vurderte etter den gjelda forskrifa for slike tildelingar. Det går ikkje fram kor mange søkerar det var totalt.

¹²⁹ Prosjektevalueringa, s. 5–6.

¹³⁰ Van der Ros og Vaagland 1992., jf. s. 7 i eigen rapport.

¹³¹ Prosjektevalueringa, s. 5.

¹³² Dette skuldast truleg i første rekke utvalet av prosjekt, der slike seinare, kvinnekjønnsdimensjonen i livet på bygdene spelar inn, kjem såleis godt fram i ei forholdsvis omfattande studie frå byrjinga av 2000-talet, der det blir understreka korleis det å legga forholda for kvinnene på bygdene er viktige for å oppretthalda aktiviteten og livet på bygdene. Det blei her generelt tilrådd ei kjønnsretting av distriktpolitikken, der ein tek utgangspunkt i eit kjønnsperspektiv og utviklar ei differensiert satsing med ulike typar verkemiddel og framgangsmåtar for å treffa ulike kvinner og menn. Sjå Guldsvik m.fl. 2002.

komune. 22 bygder i 10 kommunar var med.¹³³ Hovudmålet var å utvikla lønsame og varige arbeidsplassar i hordalandsbygdene. FMLA hadde som eit delmål å få bygdefolk sjølve til å gripa fatt i og nytta ressursane bygda rådde over. Slik skulle prosjektet bidra til å skapa nye arbeidsplassar, men òg til å skapa eit godt og inkluderande bygdemiljø der folk fann det meiningsfylt å bu. Bygdemobiliseringa skulle skje i minst ei grend eller bygd i kommunen, og tilføra kommunane kompetanse i det å leia og gjennomføra mobiliseringsprosessar.

Innan bygdemobilisering representerte UTSYN noko nytt. Vi går dermed relativt utførleg inn på metodikken i prosjektet. Arbeidsmetoden for målretta bygdeutvikling i UTSYN-programmet tok utgangspunkt i eit definert verdisyn med desse hovudpunktata:

- Mennesket i sentrum
- Likeverd mellom deltakarane
- Mangfold
- Respekt for kvarandre
- Ta ansvar

Gjennom ein strategisk analyse skulle ein så finne sterke og svake sider ved bygda og formulera definerte mål for det vidare arbeidet. Konkrete forslag til tiltak skulle på bordet med avklara ansvarsforhold for gjennomføring, på same tid som ein ville stimulera folk til å utvikla eigne idear.

Den vidare arbeidsprosessen i mobiliseringa var sett opp slik:

1. Førebuing (prosjektskildring, politisk handsaming i deltakarkommunane, oppnemning av styringsgruppe, val av bygd/skolekrins)
2. Grunnlag (diskusjonar med bygdefolket om dagens situasjon, formulering og grunngjeving av målet for det lokale BU-arbeidet, val av arbeidsområde)
3. Tiltak (utvikla konkrete fellestiltak, kome med forslag til korleis nyskaping og nytablering kunne stimulerast)
4. Vidareføring (gjennomføring og oppfølging, plassering av ansvar, framdriftsplan og budsjett)

Kommunane var oppfordra til å söka om deltaking gjennom politiske vedtak i formannsskap eller kommunestyre. FMLA lærte opp lokale prosjektleiarar til å driva prosjekta i eigen kommune, stilte eigne folk til disposisjon og var elles aktivt med i oppfølginga. Prosjektleiarane var her heile tida lokalt forankra, medan UTSYN i andre fylke også hadde prosjektleiarar utanfrå (m.a. frå FMLA). Samtidig hadde FMLA ei eiga styringsgruppe med eigen prosjektleiar.

¹³³ Jf. Evalueringssrapporten frå Utsyn i Hordaland (Sørbrøden 1998).

Resultata frå UTSYN kan oppsummerast slik:¹³⁴

- Det var stor spennvidde og ei todeling m.o.t kor vellykka Utsyn-prosessen var for dei som var med
- Deltakarane meinte Utsyn gav resultat
- Metodikken blei sett som egna til å få til positive utviklingsprosesser
- Prosessen har vore positiv for samhald og trivnad
- Han har i liten grad ført til nye arbeidsplassar og bedrifter
- Dei vellukka Utsyn-prosjekta meiner resultatet var verd innsatsen
- Det kom fram konstruktive forslag til vidare oppfølging

Tilbakemeldingane frå kommunane som var med i UTSYN, viser heller ujamne vurderingar. Der utfallet viste lita avkastning, var vurderinga at dette i liten grad skuldast prosjektet. Då det i ei bygd (Bjoa) kom lite ut av arbeidet, var årsaka både at det var därleg samarbeidsklima mellom bygda og kommunen, og at andre kanalar enn dette programmet var tilgjengelege for å betre slike kontakt.¹³⁵ I ei anna bygd (Ostereidet) skjedde det motsett: her blei bygda meir synleg i kommunen og dei politiske prosessane. Nokre stader kom «reelle interesseomsetnader» mellom folk til syne (spesielt på Huglo), medan prosjektet andre stader (Masfjorden) var med på å få fram at det var nødvendig med eit tettare samarbeid kommune-bygd. Det kunne også (Sund og Røldal) vera eit misforhold mellom ønske eller forventningar og tilgjengelege pengar, der lufta gjekk ut av ballongen då tilstrekkelege midlar ikkje kunne skaffast. Der engasjementet var størst og dugnadsånda stor, var fallhøgda for prosjektet tilsvarande. Då kunne prosessane stoppa opp der prosjektet elles var vellukka (Bruvik).

Eit generelt trekk er at ungdomen blei lite engasjert. Når det gjeld undersøkinga som oppsummerte resultata, må det stillast spørsmål ved at det i analysen ikkje blei skilt mellom offentlege representantar som deltok i prosessen – heile 41 % – og bygdefolk.¹³⁶ Kva dette har å bety for tolkinga av resultata, blir ikkje teke opp. Evalueringa er ei systematisk opplisting av utsegner frå dei ulike kommunane, men erfaringane blir lite og heller generelt diskuterte. Korleis dei relativt eintydige konklusjonane og råda har blitt utvikla, kjem dermed lite fram.

¹³⁴ Evalueringsrapporten, s. 5–6.

¹³⁵ Evalueringsrapporten, s. 10–15.

¹³⁶ Evalueringsrapporten, s. 16.

Levande bygder i Sogn og Fjordane 1997–2000

Vå har også sett på prosjektet Levande bygder i Sogn og Fjordane, som kom til med bakgrunn i bygdeutviklingsprogrammet i fylket, som hadde vore i gang fra 1991.¹³⁷ I Sogn og Fjordane hadde i 1997 18 bygder vore innom programmet. Fylkeskommunen var initiativtakar, men programmet blei gjennomført og leia av FMLA. Kjernen var ei mobilisering på bygdenivået, der kvar bygd fekk tilført 240–250 000 kr over tre år, 60 000 kr frå kommunen, resten frå jordbruksavtalen.

Levende bygder hadde fylkesplanen for 1997–2000 som sitt utspring og omfatta sju bygder. Mobilisingsstrategien i Bygdeutviklingsprogrammet hadde vore for svakt kopla til dei kommunale strategiane for utviklinga av bygdene som hadde vore med. Det var her eit ønske om å kopla bygd og sentra for å følga opp målsetjingane i distrikts- og regionalpolitikken, der det å bygga opp sterkare sentra («oppdemningsstrategien») blei framheva som eit middel for å fanga opp fråflytting. Dette skulle mellom anna skje ved å tilby meir kunnskapsbaserte og spesialiserte tenester. For det nye prosjektet gjorde det at eigenutviklinga i bygdene skulle sjåast i lys av nærmeste større senter.

Bygdeutviklingsprogrammet hadde vore nedanfrå-opp orientert, med prosjektstyre i kvar bygd som stod svært fritt til å nytta midlar til eigne utviklingstiltak. Slik skulle eit anna trekk ved distrikts- og regionalpolitikken, mobiliseringa, følgast opp. Sjølvstendig eigenutvikling i bygdene hadde teke til å bli meir vektlagt enn kommunalt engasjement. For Levande bygder gav Bygdeutviklingsprogrammet si orientering både tildriv og problem.

I Levande bygder skulle ønsket om eigenutviklinga i bygdene sjåast i forhold til nærmeste større senter. Ønsket om å gjera begge deler blei berre gjennomført i eitt av fire delprosjekt – i dei tre andre var det eigenutviklinga i tråd med Bygdeutviklingsprogrammet som i første rekkje blei følt opp. Det kommunale planleggingssystemet som skulle utvikla bygdeutviklingsstrategiar for kommunane, blei heller ikkje gjennomført. Årsakene var truleg både manglande kompetanse med slik strategibygging på andre nivå hjå FMLA og at Levande Bygder-prosjektet av mange moglege deltakarar blei forveksla med Bygdeutviklingsprogrammet. Organisasjonsforma med bygdestyre og lokal mobilisering syntes ikkje så tenleg for slike føremål.¹³⁸

Fra Levande bygder er det påtakleg at målsetjinga om å knyta utviklinga i bygda til forholdet til nærmeste senter med eitt unntak (Eid) alt i iverksetjingsfasen blei skuva i retning av Bygdeutviklingsprogrammet¹³⁹ I rapporten heiter det at dette problemet kunne blitt løyst på to andre måtar: 1) ein kunne ha løfta fram sentrum-periferidimensjonar i Bygdeutviklingsbygdene og delprosjekta, og finansiert desse særskilt med Levande Bygder-midlane i staden for å gå utanom kommunen 2) Kommuneplanlegginga og kommunale bygdestrategiar kunne blitt delte ut via kommunen under føresetnad av

¹³⁷ Sjå studien «Levande bygdeutvikling».

¹³⁸ Bygdeutviklingsstudien, s. vii–viii.

¹³⁹ Bygdeutviklingsstudien, s. viii

ei tett kopling til kommuneplanarbeidet. Dette ville vore nyttig både for fylkesnivået og kommunane sitt arbeid med å iverksetje oppdemmingsstrategiar.

Det blei også peika på at det kunne kome for mange program samtidig frå fylkesnivået. Men Bygdeutviklingsprogrammet blei positivt motteke og burde takast vare på gjennom:

- Ei statleg småsamfunnssatsing mot utkantar utan noko naturleg regionalt senter. Her kunne det byggast vidare frå BU-programmet
- Ei sterkare regionalpolitisk rolle for fylkeskommunen gjennom ansvaret for RUP. BU-programmet kunne koma inn som element i desse.
- Nye måtar å yte og produsere tenester og tilbod i småsamfunn (basert på eit innspeil frå Jørgen Amdam ved Høgskulen i Volda). Dette ville kreve sterkare styring av innhaldet i programmet, og tett oppfølging. Det er ikkje gjeve at programstrukturen vil høve for eit slikt opplegg.¹⁴⁰

Punkta peikar samla mot meir styring av innhaldet i Bygdeutviklingsprogramma. Dette må likevel vegast mot trekka som gjorde at det har fungert: 1) nedanifrå-opp organisering, 2) mobilisering av eldsjeler som driv fram prosjekta, og 3) frie midlar som gav eigenkontroll og viste tillit.

Konklusjonane i rapporten frå Sogn og Fjordane blir styrka av erfaringane frå vurderinga av bygdeutviklingsprogramma i Oppland. Her blei det mellom anna vist til at programma opna for meir uformell arbeidsmåtar enn det som var vanleg hjå kommunane og gjorde det lettare å eksperimentera, samt at den auka fridomen til å bruka midlar både kunne vera positiv og negativ (lærings/overføringsvanskar).¹⁴¹

Bygdemobilisering retta mot ungdom 1997–1999

Prosjektet tok utgangspunkt i at ungdom knapt hadde vore med i UTSYN-mobiliseringa. Samtidig auka utflyttinga av ungdom frå bygd til by, noko som skapte problem med å få tak i arbeidskraft for typiske bygdenæringer. Mobiliseringa skulle her rettast direkte mot ungdomen og gje dei ein eigen arena, med ei overordna målsetjing om å «(med)verke til utvikling av ein kultur der ungdommen er oppteken av bygda si og ynskjer å satse på ei framtid i bygda». ¹⁴²

Prosjektet blei ein del av Strategisk Næringsplan frå 1997, i regi av FMLA, men med ei fagleg støttegruppe frå Fylkeskommunen (Regional Utvikling) og frå dei involverte kommunane Sveio, Tysnes og Fusa. I kvar av kommunane var det politiske vedtak om å delta og gje ressursar, og lokale styringsgrupper blei oppretta. Kvar kommune fekk vel 60 000 kr gjennom midlar frå Fylkeskommunen, Bygdeutviklingsforndet og kommunane. I tillegg kom 20 000 kr i såkalla prosessmidlar. Av dei tre kommunane var

¹⁴⁰ Bygdeutviklingsstudien, s. ix.

¹⁴¹ Kaltenborn 2003, s. 45–46.

¹⁴² Frå sluttrapporten til Bygdemobilisering retta mot ungdom.

Fusa den fremste «problemkommunen», med stor utflytting av ungdom og elles negativ folketalsutvikling, medan Sveio, med forholdsvis kort veg til gode arbeidsmarknader, hadde folkeauke. Tysnes plasserte seg mellom desse, men med ein svakt nedgang i folketal. Fusa var den einaste av dei tre med vidaregåande skule, og alle mangla eit kommunesenter som kunne fungera som møteplass for ungdom på kveldstid.

Det blei halde tre fellessamlingar mellom deltarane i den faglege støttegruppa, lokale prosjektansvarlege og medlemene i dei lokale styringsgruppene. Den første samlinga starta prosjektet, den andre tok opp arbeidet vidare, medan den siste samlinga fann stad på ein konferanse om berekraftig næringsutvikling i regi av FMLA og presenterte aktivitetar ein var i gang med lokalt. Temaene gjekk frå dei overordna spørsmåla om korleis ungdom kunne motiverast til deltagning, om unge som entreprenørar og til det å synleggjera dei unge sine aktivitetar og behov for administrasjon, politisk miljø og næringsliv i Hordaland.

Mobiliseringa av ungdomen i deltakarkommunane skulle skje i opne prosessar. Ansvaret for gjennomføring skulle ligga lokalt og med vekt på at prosessane som kom i gang, ikkje skulle konkurrera med eksisterande foreningsliv eller andre sosiale/kulturelle aktivitetar. Organiseringa av prosessen følgde modellen frå UTSYN, som prosjektet då også delvis skulle utfylla. I Sveio ser likskapen ut til å ha vore klarast, der ein spørjeskjemaanalyse av situasjonen blei lagt til grunn for tiltaka som blei sette i gang. Tiltaka famna frå fotballkafé og paintballklubb til internettarbeid og innkjøp av ulike typar fritidsutstyr. Her stod dei i ungdomsskulealder sentralt. På Tysnes skulle prosjektet først og fremst knyta ungdomane nærmare til bygda, med temaarbeid om lokalt næringsliv, lokalhistorie og fellessamlingar for utflytta og lokal ungdom som verkemiddel. Målgruppa omfatta alle frå born til utflytta ungdom. For den vidare satsinga blei det lagt vekt på å knyte ungdomen til gredene og lag/aktivitetar der, på same tid som ungdomsarbeidet skulle prioriterast av kommunen. I Fusa la ein innsatsen mot ungdom mellom 16 og 29 år. Mobiliseringa skulle finna stad gjennom ein nystart ungdomsklubb i kommunal regi (Eikelandsosen). Sjølv om oppmøtet på klubben var mindre enn venta, fekk dei til samlingar som førte til opprettinga av ein eigen ungdomsklubb ein annan stad i kommunen (Baldersheim). Vidare blei det utvikla ei brosjyre for å få utflytta ungdom til å flytta heim att etter ferdig utdanning, eit motorsagkurs og ei temaveke om det lokale næringslivet for 10. klasse.

Erfaringane frå prosjektet attspeglar skilnadene i kommunane som var med, men også at det viktigaste hadde vore å få ungdomen i tale.¹⁴³ Ei spørjeundersøking i dei aktuelle ungdomsgruppene viste svært god deltaking i Sveio og Tysnes (70–80 %), medan deltakinga i Fusa hadde vore dårleg (15 %). Hovudforklaringa her var den breie målgruppa Fusa forsøkte å nå. Kommunane meinte at prosjektet hadde fått gjennomført konkrete tiltak, men det var uvisst om det ville ha verknader på lengre sikt. Trua på det siste var størst Sveio og minst i Fusa. Mest positivt var samarbeidet med skulane. Samarbeidet mellom kommunane og prosjektleiinga ser ut til å ha fungert bra, og

¹⁴³ Sluttrapport, s. 16–18. Erfaringane frå prosjektet blei også systematisert og konkretisert i eit eige notat, «Levende bygder i Hordaland – som er gode å leva i for alle. Ein oversikt over aktuelle samfunnstiltak som kan styrke ungdomsrekryttertinga til bygdene i Hordaland. Rapport frå prosess-samlingar om lokalsamfunnstiltak».

tiltakspotten blei svært positivt vurdert. Samtidig kunne kommunane trengt meir praktisk hjelp til gjennomføringa av prosessar og tiltak.


Tilrådingane frå prosjektet viste til kor viktig grendenivået var for å få til engasjement, og at det var her identitet og tilhørsle låg. Samarbeidet med skulen viste at denne var ein viktig arena, der dei nye læreplanane (L97) la godt til rette for prosjektarbeid om problemstillingane som blei reist i prosjektet. Den siste og viktigaste konklusjonen var at ungdomen måtte følgjast skikkeleg opp for å vise at kommunen brydde seg om den. Effekten av ein tiltakspott blei også understreka.

Innrettinga av prosjektet synest å ha vore god, og understrekar det sentrale ved å få til dialog mellom dei ulike offentlege forvaltingsnivåa og grupper som er viktige for framtida til bygdene. Utfordringane i prosjektet var elles i hovudsak dei same som for andre bygdemobiliseringstiltak, også i understrekninga av at det er råd å få til mykje mobilisering for relativt små midlar og at fallhøgda var stor om det ein sette i gang ikkje blei følgt opp.

Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunn (BNL 2000–2003)

BNL var eit treårig program som starta hausten 2000 og var finansiert av KRD, Landbrukdepartementet, Hordaland Fylkeskommune, SND og Vestnorsk Kultarakademi på Voss.¹⁴⁴ Dei to prosjektleiarane kom frå FMLA og frå fylkeskommunen.¹⁴⁵

Ei styringsgruppe med representantar for dei løvvande instansane og ein programkomité blei nedsett. Arbeidstrategien for prosjektleiarane skulle omfatta fire delar som alle oppgåver seinare blei relaterte til: Oppsøkjande/initierande, 2) Katalyserande, 3) Nettverksbyggjande, 4) Samordnande. For programmet blei tematisk innhald og rammer presenterte som ein pyramideforma modell i tre trinn:



¹⁴⁴ Vi gjer merksame på at den eine av forfattarane av denne rapporten, Knut Grove, har bistilling knytta til Vestnorsk Kultarakademi, men ikkje hadde noko med dette konkrete prosjektet å gjera.

¹⁴⁵ Jf. søknaden om midlar frå Programkomiteen for BNL og Sluttrapporten frå prosjektet.

Den nederste delen av pyramida utgjorde trinn 1, der prosjekta skulle finna fram til tradisjonar, natur- eller kulturressursar. Dette utgjorde dermed fundamentet for den vidare prosessen. I trinn 2 skulle ein arbeide for å synleggjere ressursane og dermed få i gang utviklingsprosesser. Det tredje trinnet innebar at ressursane skulle nyttast for å bli satsa på som ei næring. Målsetjinga var her å medverke til vidare regional utvikling i Hordaland og til å oppretthalde og forbetra miljøkvalitetar. Dette skulle så gjere viktige deler av den kulturhistoriske arven til ressursar for næringsutvikling.¹⁴⁶ Miljødelen var også knytt til satsinga på lokalsamfunn og miljø i fylkeskommunen gjennom den såkalla Lokal Agenda 21, ein handlingsplan som blei utvikla av FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro i 1992, og som skal sikre berekraftig lokalsamfunnsutvikling.

Målformuleringa blei presisert gjennom to delmål, der det første viste til at lokal mobilisering skulle «Stimulere til lokalt engasjement og miljøvenleg bruk av lokale ressursar, med sikte på å auke verdiskapinga i næringssvake område». I det andre delmålet var utviklinga av attraksjonar og sambandet mellom attraksjonane og næringar det sentrale. Utviklingsarbeidet skulle skje gjennom løpenettverk, attraksjonsutvikling, bruk av historisk kunnskap og formidling av denne og den kulturhistorisk arven for å styrka reiseliv og anna næringsverksemd, og i tillegg ta i bruk kunnskap basert på lokale tradisjonar i fylket, gjere kunnskapskjeldene synlege og fremje regional utvikling ved å utvikle eit kontaktsystem aktørane imellom.

Programmet hadde 5,4 millionar kr til rådvelde. Lag, organisasjonar, kommunar og nettverk blei oppmoda om å söka tilskot for å stimulera til lokalt engasjement og samarbeid, medan einskildpersonar ikkje kunne söke. På grunn av at tilskotsmidlane kom frå ulike instansar, var deler av midlane var øyremerka for Områdetiltak eller til kommunar innanfor det distriktpolitiske tiltaksområdet. Områdetiltaka omfatta fylkeskommunal satsing mot lokal planlegging og mobiliseringsarbeid.¹⁴⁷ Slike midlar skulle nyttast til landskap og miljø i lokalsamfunnet innanfor eit geografisk avgrensa område (grend, dalside, nedslagsfelt, vassdrag) i område der det blei drive landbruksdrift. Målet var å få til ei heilskapleg miljøsatsing og landskapsutvikling i prosjektområda.

Styret for BNL fekk utvida fullmakter til å forvalta midlane. Frå å ha hatt heile fylket som utgangspunkt, blei programmet konsentrert mot to prioriterte område, Nordsjøløypa og Folgefonnahalvøya. Tematisk skjedde det ei avgrensing mot natur- og kulturbasert næringsutvikling, samt handlingsboren og formalisert kunnskap basert på historiske ressursar.¹⁴⁸ Avgrensinga skulle gje ei berekraftig næringsutvikling i lokalsamfunna, der innsatsen i første rekke blei retta mot småskala reiseliv, samt næringar knytte til tradisjonar og handverk.

¹⁴⁶ Sluttrapporten, s. 5.

¹⁴⁷ Om områdetiltak, sjå heimesida til BNL-prosjektet, <http://www.hordaland.f.kommune.no/klb/bnl/omradetiltak.htm#FORORD>.

¹⁴⁸ Handlingsboren kunnskap ser i programmet ut til å ha blitt oppfatta som ulike typar tradisjonell handverkskunnskap. Som omgrep viser handlingsboren kunnskap til vanleg til praktisk kunnskap som blir overført frå ein person til ein annan i ein mester-svenn-relasjon, og har i første rekke blitt utvikla i miljøet rundt det tidlegare Handverksregisteret på Maihaugen. Jf. Martinussen 2005, og for ein kritisk diskusjon Meland og Petersen 2005.

For programmet var ei samordninga av verkemiddela på fylkesnivået eit prioritert område. Programmet inngjekk derfor i det såkalla regionale utviklingsprogrammet (RUP).¹⁴⁹ Innafor BNL blei det samla fleire prosjekt og tilskotsordningar med BNL som paraply. Særleg Områdetiltaka var viktige. Områdetiltaksordninga hadde eksistert i to år før BNL, og gjeve erfaringar i samordningar verkemiddel innan landbruket. I BNL-regi kom det så ein fellesfaldar for tilskotsordningar under FMLA, Fylkeskommunen og SND, «Gjer heimplassen din til ein god stad å bul». 17 ulike sakshandsamarar knytte til ordningane møttest gjennom BNL til ein såkalla «aktiv lunsj», det ei samordning av kontakten mellom brukarane og dei ulike moglege pottane synest å ha vore viktigast.¹⁵⁰ Samordninga ser langt på veg ut til å ha blitt nådd, sjølv om aktiv-lunsj-ordninga ikkje blei vidareført etter BNL. Ei slik samordning var særleg viktig for Folgefondprosjektet, der det også fann stad ei samordning mellom kommunane i dette området med Forum Folgefond som arena.¹⁵¹ Det siste var også eit innsatsområde som kom til å bli satsa vidare på (jf. under).

I BNL blei det gjennomført over 80 prosjekt i perioden. Meir enn 30 av desse var knytte til arbeid med stiar og ferdslevegar. Det var mellom anna sju prosjekt i samanheng med Nordsjøløypa, eit prosjekt for å binda saman gamle ferdsleårer og vandringsvegar med landskap, miljø og overnattingsstader langs kysten. Kommunane fekk også høve til å søka om BNL-midlar. Mange av deltakarane dreiv eller planla å starte med reiselivsverksemder og nytta BNL til å styrka denne aktivitetene.¹⁵²

Elles var diverse opplevingspakker, kulturlandskapsprosjekt og prosjekt med fisk og vilt «...typiske tiltak som eignar seg for dugnad og er samlande i ein bygdemobiliseringsprosess».¹⁵³ Rundt 20 prosjekt var retta mot næring for det meste med basis i kultur- og naturressursar. Kashmirprosjektet, der Aurland Naturverkstad kartla interessa og høvet for geitehald og produksjon av kjøt og ull i Hordaland og Sogn og Fjordane, var her det fremste dømet, der trikotasjebedriffta Oleana kjøpte ulla inn som eksklusivt produkt, og blanda det med skotsk kashmir. Klinkeprosjekta på veteranbåtane, der ei rekke verft sette i gang kurs for å læra vidare denne handverksteknikken, blei også framheva som eit prosjekt som gav utbyte og omtale for bedriftene i tillegg til å føra vidare kunnskap til kursdeltakarane.

I sluttrapporten for prosjektet la dei to prosjektleiarane vekt på å synleggjera arbeidsmetodane i prosjektet. Dei meinte at det i praksis hadde vore lite å læra av arbeidsmetodane i tidlegare prosjektdokumentasjon, og at dei i denne vil prøve å

¹⁴⁹ Opplyst på møte 8.12.05. RUP-kopplinga framgår ikkje direkte i rapporten vi har sett på, som i første rekke omhandlar dei konkrete prosjekta som tok del i programmet, meir enn koplingane BNL som program gjekk inn. Jf. Sluttrapporten frå BNL.

¹⁵⁰ Sluttrapporten, s. 10–11.

¹⁵¹ Jf. søknad til FMLA om midlar frå BU-fondet frå «Samhandling og næringsutvikling på Folgefondhalvøya», 20.3.03.

¹⁵² Sluttrapporten, s. 17.

¹⁵³ Sluttrapporten, s. 20—21.

synleggjera strategiar og metodar.¹⁵⁴ Det blei vidare understreka at opprettinga av småskala næringsverksemd oftast er privat initiert, medan bygdelag og kommunar som var BNL si målgruppe, sjeldan driv verksemder. Etableringsverksemda er tid- og ressurskrevande. BNL-prosjekta synest å ha blitt føresett som eit grunnlag for slik etableringsverksemde.

Oppsummeringa av programmet viste til at det hadde utvikla ser kimer til kopling mellom kultur og næring. Slike koplingar attspeglar ein aktuell næringslivstrend, der grunnlaget for suksess ligg i det å selja ei forteljing eller historie rundt eit nisjeprodukt heller enn å kople kultur og til dømes industriproduksjon. Historia vekkjer ei interesse i marknaden, utan nødvendigvis å vere lønsam, men kan vere med å synleggjere verksemda og få auka sal på hovudprodukta. Her er døma skipsverfta sine ressursinnsatsar i klinking og Oleana, ei trikotasjebedrift si begeistring for å kunna fortelja om «det mjuke gullet» dei produserte.¹⁵⁵

BNL-programmet si vekt på koordinering av ressursar på fylkesnivå synest å ha vore verdfull både for deltakarane frå dei ulike instansane på fylkesnivå og for dei som skulle motta midlane.¹⁵⁶ For dei første blei det enklare å visa moglege prosjekt vidare, og dei siste slapp mykje av rundgangen i tilskotsjungelen. Koplinga mellom bygdemobilisering og etablerarverksemde blei også klart formulert, ikkje minst gjennom samanknytinga mellom kultur og næring. Det å selja prosjekta ved å knyta dei til ei forteljing, ei historie, iser til ei sterkare vektlegging av kulturbasert næringsutvikling og til ei delvis kulturøkonomisk orientering for prosjektet.

Trivselsgrenda (2001–2003)

Prosjekt Trivselsgrenda har to delar; ein del som gjekk frå 2001–2003 og ein del i 2003–2004. Prosjektet var delt i ein forskingsdel og ein tiltaksdel. Prosjektet var leia av FMLA, medan HFK og IN deltok i styringsgruppa og saman med KRD løyvde midlar til prosjektet.¹⁵⁷ Prosjektet skulle vera breitt og utovervendt. Det skulle legga til rette for nettverksbygging og gjensidig støtte mellom deltakarane og gje røynsler til vidare inspirasjon og hjelp «i arbeid med bygdemobilisering basert på trivsel, identitet, dugnadsand og samarbeid.»

I forskingsdelen (fase 1) blei det gjennomført ei undersøking av tre grender der funna skulle presenterast i desse lokalsamfunna før neste del, tiltaksfasen. Tiltaksdelen kom til å bli organisert etter mal av tidlegare bygdemobiliseringstiltak, mellom anna UTSYN og Områdetiltaka. Kvar av dei tre grendene fekk inntil 200 000 kr til tiltak. Det skulle vera ein sterk samanheng mellom dei to prosjektfasane, der resultat og erfaringar frå forskingsdelen blei trekke inn i tiltaksdelen. I tiltaksdelen av prosjektet (2003–2004) blei prosjektet utvida slik at ein totalt fekk 17 trivselsgrender i 12 kommunar. Midlane til

¹⁵⁴ Sluttrapport Bærekraftig næringsutvikling i Lokalsamfunna – BNL desember 2003, s. 2.

¹⁵⁵ Sluttrapporten, s. 2–3.

¹⁵⁶ På brukarsida viser vi her til samtale med to av deltakarane frå Folgefond-prosjektet.

¹⁵⁷ Frå rapporten om tiltaksfasen til Trivselsgrenda (Skage 2004).

tiltaksdelen var 60 000 kr frå FMLA til kvar deltakarkommune (90 000 kr til dei med to grender som deltok), medan kommunen gav 20 000 kr til kvar trivselsgrend..

I forskingsdelen blei det samla inn material om dei ulike grendene gjennom ei blanding av spørjeskjema og intervju. Den ferdige rapporten blei presentert i grendene som hadde delteke (og seinare i dei som var med i tiltaksdelen, jf. under). Desse spørsmåla var dei sentrale i undersøkinga:

- Bygda som ressurs. Kvifor folk blir verande, flytter attende eller blir innflyttarar.
- Kva skal til for at bygda skal vera ein triveleg stad å bu for alle?
- Kva for kvardagselement er dei viktigaste?

Ein underliggende premiss for datainnsamling og analyse var at det det teljelege og tradisjonelt målbare/kvantifiserbare ikkje var det avgjerande for at folk skulle trivast i bygdene. Slik var det langt på veg eit kulturøkonomisk perspektiv som låg til grunn for prosjektet.¹⁵⁸ Vekta på kulturøkonomiske forhold knytt til trivnadsfaktorar i lokalmiljøet var dermed stor, med det sosiale miljøet i bygdene i sentrum. Prosjektet skulle også ha ein demokratieffekt og gjera folk meir i stand til å forma si eiga framtid, med vekt på trivnad, identitet, dugnadsånd og samarbeid.

Forskinsdelen av Trivselsgrendene gjev mykje informasjon om eigenskapar ved grendene som blei undersøkte. Det blir mellom anna peikt på problem for dei som kjem utanfrå til å bli integrerte i bygdesamfunna, der særleg forholda i ein bestemt kommune (Fusa), blir omhandla. Samtidig er det vanskeleg å halde denne kjensla av misnøye opp mot forholda i andre kommunar, og det kan stillast spørsmål ved om undersøkinga har fått fanga opp alle sider ved forholda i denne kommunen – jamfør her det store bygdebokprosjektet og det historisk sett sterke sivile samfunnet i kommunen.¹⁵⁹ Spesielle forhold (etablerte nettverk mellom innflyttarane i Ølve/Hatlestrand) synest elles også å kunna forklara det motsette forholdet andre stader

Tiltaksfasen blei altså organisert etter mal av tidlegare gjennomførte bygdemobiliseringstiltak. Samtidig blei resultat/erfaringar frå første fase trekte inn og danna grunnlaget for presentasjonen av prosjektet i alle grendene som blei med i tiltaksfasen.¹⁶⁰ For oss ser forskingsdelen av prosjektet i liten grad ut til å ha påverka måten prosjektet blei gjennomført på. Resultata synest i første rekke å ha blitt nytta for å kartlegga forholda i dei utplukka kommunane og dermed kva utfordringar ein kunne venta å møta i tiltaksfasen.¹⁶¹

¹⁵⁸ Jf. om Lønning over, og Lønning (red.) 2003.

¹⁵⁹ Vangsnes 2003–2005.

¹⁶⁰ Det framgår ikkje klart av rapporten, men blei opplyst i møte med FMLA/Fylkeskommunen 11.11. 2005.

¹⁶¹ Frå FMLA blir det i denne samanhengen framheva at prosessarbeidet i tiltaksdelen er eit verktøy, og at forskinga som fann stad i første fase representerte kunnskap som låg til grunn for vala som blei fatta. Skriftleg kommentar FMLA, 14.12.05.

Arbeidet blei lagt opp med to heildagssamlingar, ei oppstartssamling (august) og ei storsamling (februar). Her blei kommunene og grendene som var med samla for å gje fagleg påfyll og inspirasjon og høve til samsnakking. Prosjektleieren frå FMLA fekk ei viktig oppgåve, som inspirator og katalysator på grendemøte, samtale- og samarbeidspartner for grendene, og vera lett å få tak i.

Lokalt tok tiltaksdelen av Trivselsgrendene til med eit folkemøte som presenterte resultata frå forskingsdelen, før ei styringsgruppe blei vald. Dette må då gjelde dei bygdene der dette var gjennomført, utan at dette altså blir noko tema i rapporten. Styringsgruppa kalla så inn til ein idédugnad (dette kunne også vera i framhald av folkemøtet) for å få opp idear om tiltak «som kunne gjere heimplassen litt varmare, trivelegare og meir inkluderande».¹⁶² Ideane blei skrivne ned, presenterte og sortert, med ei arbeidsgruppe for kvart tema..

Folkemøta ser ut til å ha byrja med å gjennomgå kva grendene har av gode.¹⁶³ Frå prosjektleiar blei det både lagt vekt på at det var viktig å skapa varige resultat. Det var avgjerande å koma gang og få resultat raskt. I tillegg var det viktig med kommunalt engasjement.¹⁶⁴

Tiltaka som blei prioriterte kan grupperast slik:¹⁶⁵

- Kommunikasjon og velkomst (informasjon om greda til innflyttarar og hyttefolk/turistar, men også interninformasjon til bygdefolk)
- Historie og identitet (innsamlingsarbeid, kulturstiar, vedlikehald av severdigheiter)
- Idrett og friluftsliv (rydding og merking av turløyper/vegar/stier, fiskebrygge, badeplass, klatreutstyr, ballbinge, oppslagstavler)
- Møteplassar (lokale som kan fungera som dette, vedlikehald/utbetring eksisterande stader, trivselstreff for alle, ulike samkomer)
- Fysisk tilrettelegging (blomar – krukker, urner, kasser, rekkverk, benkar, lys)
- Aktivitetar for born og ungdom (aktivitetsklubb, ungdomsråd, teatergruppe, arbeidsstove, trialbane, skatehall, leikeplassar)
- Aktivitetar for eldre (trivselstreff, seniordans, utfluktar, benkar aldersheim, eldre som hjelper eldre)

Erfaringane blei systematiserte på storsamlingar med 53 menneske frå 15 trivselsgrender. Her kom det innspel, meiningsutvekslinger fann stad, erfaringar blei delte og

¹⁶² Tiltaksfaserapporten, s. 6.

¹⁶³ Jf. avisoppslaga frå Bolstad og Myking (Hordaland og Strilen) attgjeve i Tiltaksfaserapporten.

¹⁶⁴ Tiltaksfaserapporten, s. 7.

¹⁶⁵ Tiltaksfaserapporten, kap. 6, s. 13 – 26.

det som blei kalla ein Vegvisar for seinare prosjekt blei laga. Ei rekke innlegg med forslag blei tekne opp til diskusjon, der resultatet blei systematisert i Vegvisaren:

- Trivselsgrendene ønskte å ta vare på den felles møteplassen prosjektet hadde gjeve
- FMLA ønskte at Trivelsesgrendene skulle vera gode dømer innan Bygdeutvikling basert på mellommenneskelege tilhøve
- Ei vidare oppfølging av samarbeidet mellom dei ulike Trivselsgrendene via Fylkesmannen og kommunane var viktig.
- Prosjektet la til rette for å styrka lokaldemokratiet, noko «som igjen bygger opp under trivsel, identitet, dugnadsand og samarbeid i grenda». Trivselsgrendene hadde sett spor etter seg. Desse spora måtte vera lette å følga, og det offentlege hjelpeapparatet måtte bygga oppunder tiltakslysta
- Det var ei von at tiltaka ville gjere grendene meir attraktive, og gjennom det føra til auka innflytting og tilbakeflytting, og minka frå- og vidareflytting.

Trivselsgrendene retta systematisk merksemda mot slike faktorar som gjorde at folk blei i eller flytte til bygdene. Eit kulturøkonomisk perspektiv ligg klart til grunn for prosjektet. Når det gjeld gjennomføringa, meiner vi rapporten frå forskingsdelen indikerer at det som skjedde der og i tiltaksfasen var noko svakt integrert i kvarandre. I alla hove saknar vi ei konkretisering av kva rolle forskingsdelen og funna spela for tiltaksdelen, utover å ha ei «kartleggingsrolle». Ei problematisering av i kva grad ei kulturøkonomisk satsing høver like godt alle stader med utgangspunkt i likskapar og skilnader mellom kommunane ville også kunna vere interessant.¹⁶⁶

Samhandling og næringsutvikling på Folgefonna halvøya (2004–2006)

Prosjektet som ikkje er avslutta, var i utgangspunktet retta mot samhandling og næringsutvikling på Folgefonna halvøya og hadde fått midlar frå Bygdeutviklingsfondet i 2003 (jf. BNL-programmet over).¹⁶⁷ Det er dessutan plassert i det nye RUP-programmet. Bakgrunnen for Folgefonna-prosjektet var nye vilkår for samarbeid på Folgefonna halvøya etter opninga av Folgefonna-tunnelen og planar om ein Jondalstunnel i eit område som sidan midt i 1990-åra hadde hatt nedgang i folketal og arbeidsplassar. Samtidig var Folgefonna no i ferd med å bli ein nasjonalpark. Gjennom Forum Folgefonna skulle lokallag og bygdelag få ein møtestad der røynsler, samordning og samarbeid om målretta aktivitetar og planar kunne skje, og grunneigarlagar få ein felles samskipnad. I forprosjektet som blei finansiert gjennom BNL i Hordaland og midlar frå Hordaland Fylkeskommune, blei det arbeidd målretta med å utvikla idear til felles tiltak.

¹⁶⁶ Frå FMLA blir det stilt spørsmål ved ei slik fortolking. Jf. prosjektmøte 8.12.05 og skriftleg kommentar til rapporten 14.12.05. Meir om dette i kommentaren til slutt i kapittelet.

¹⁶⁷ Sluttrapport *Samhandling og næringsutvikling på Folgefonna halvøya*, 15.05.2005, 2004–2006. Jf også søknaden frå prosjektet til BU-Fondet frå 2003.

Prosjektet var ei samfinansiering mellom FMLA, Hordaland Fylkeskommune, Hardangerrådskommunane Odda, Ullensvang og Jondal og Sunnhordlandsråds-kommunane. I fleire bygder hadde det kome i gang lokalt initiert bygdemobilisering frå midt på nittitalet, som så hadde blitt knytte til og til dels vidareutvikla gjennom ulike prosjekt og kontaktar med dei ulike instansane på fylkesnivået.¹⁶⁸ Folgefondprosjektet blei frå fylkesnivået nært knytt til utviklinga av Folgefondområdet som ein ny og slagkraftig region. Det galdt å skapa ein felles identitet for bygder og kommunar som tidlegare hadde hatt forholdsvis lite å gjera med kvarandre. Med dei nye vilkåra for kommunikasjon blei dette mogleg. Eit kartlegging og merking av stiar rundt Folgefonna blei det tydelegaste uttrykket for satsinga. I samband med hundreårsmarkeringa for unionsoppløysinga blei prosjektet også kopla til STREIF 2005, ei nasjonal satsing på matkultur og kulturlandskap som fann stad gjennom ei rekke arrangement ulike stader i Noreg, der Hardanger og Vikebygd kom til å bli den første av stadene dette skulle skje. Dette kom til å påverka den vidare utviklinga av prosjektet som heilskap, og var «nesten som ei gavepakke å rekna for Folgefondprosjektet», heiter det frå prosjektleiarene. Samtidig kravde STREIF mykje ressursar, men representerte truleg eit godt strategisk val også i prosjektsamanheng. STREIF i Vikebygd fekk mykje merksemd i media og kunne dermed skap blest rundt forsøket på å etablira Folgefonna som region og å få til samarbeid og ei styrking av identiteten. Det bidrog også til å synleggjera, styrka og vidareutvikla småskalaarbeidsplassar, heiter det i sluttrapporten frå dette prosjektet.

Folgefondprosjektet er frå fylkesnivået eit forsøk på å skapa ein felles identitet for området rundt den nye nasjonalparken. Slik kan samarbeidet aukast og felles ressursar nyttast betre. I ein viss grad ser også Folgefonna ut til å ha blitt innarbeidd som ei regional nemning. Spørsmålet er i kva grad dette blir attspeglia lokalt. Den lokale identiteten, først og fremst knytt til grinda, synest her langt viktigare. Her er det då også kreftene blir sette inn. Det er her eit spørsmål om ikkje midlane til å utvikla den regionale identiteten i realiteten blir sett på som hove til å styrka aktiviteten i grindene.

Folgefondregionen er langt på veg ein visjon som blir forsøkt sett ut i livet med fylkenivået som fødselshjelpar. Så langt er denne regionen berre det ein kalla eit «førestilt fellesskap». Dei kollektive identitetane i området rettar seg i første rekke mot Hardanger og moglegvis mot Vestlandet.¹⁶⁹ Forsøket på å skapa ein identitet framstår meir som ein form for regionalisering enn som uttrykk for ein slags regionalisme, der ein ut frå kulturelle fellesforestillinger ønsker å bli ei klart identifisert område. (Vanlegvis blir omgrepene knytt til former for separatisme for større område som tek sikte på sjølvbestemming, som baskarane sin kamp for eit eige Baskerland. For ein region på dette nivået er denne motivasjonen neppe relevant). «Regionalisering» inneber derimot ei skaping av regionar på statsmakta sine premissar. Den lokale orienteringa mot grender eller eiga bygd meir enn mot ein felles identitet tykkjест at attspeglia at ønsket meir ligg hjå fylkesnivået enn lokalt, sjølv om dette utvilsamt skjer for å styrka området som heilskap. Satsinga på breen som det felles samlande symbolet synest i så måte fornuftig og eit slags felles minste multiplum. Med aktivitetar som på ulike måtar viser til

¹⁶⁸ Dette ser i alle fall ut til å gjelde Herand og Vikebygd. Jf. samtalar med representantar for bygdelaga der 7.11.2005.

¹⁶⁹ Grove 2004.

breområdet (i første rekke stiar og opplevingspakkar), kan dette på sikt vera med på å skapa ein sterkare identitet til Folgefonna som ein mikroregion. Det kan også dei ulike publikasjonane som blir laga med Folgefonna som det samlande, med eit eige bokverk under utgjeving som viktigaste framstilling.

Endringane på fylkesnivå, med krav om sterkare samordning og ei overføring av ansvar til Fylkeskommunen, har endra situasjonen for bygdeutviklingsprogramma. Sjølv om regionale utviklingsprogram (RUP) hadde funnest sidan siste del av nittitalet, er dei pågående programma endra på fleire område (jf. over om BNL og i kapittel 2). Vi kommenterer difor dette for seg.

Regionale utviklingsprogram i Hordaland (RUP)

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland som gjeld fra 2005–2008 skil seg fra tidlegare i kva som blir vektlagt, og i måten det erorganisert. I presentasjonen av programmet heiter det at det skal stimulera til næringsutvikling og nyskapning og samordna aktørar som arbeider for dette. Programmet er utvikla av Regionalt Næringsforum (RNF) og er vedteke av fylkesutvalet i Fylkeskommunen, som også har sekretariatet.¹⁷⁰ Programmet disponerer for 2005 til saman ca 116 millionar kr til regional utvikling, der rundt 56,5 millionar kr er styrt gjennom eigne program og vedtak, og 6,7 millionar fordelte til ulike organisasjonar og tiltak. Bygdeutviklingsmidlane går gjennom FMLA og Innovasjon Norge (som får 11 av 15 millionar kr fra FMLA (i 2005)).¹⁷¹ Midlane er i hovudsak statlege overføringer, i tillegg til slike som er løyvd over fylkesbudsjettet. Sentrale postar er:¹⁷²

- Bedriftsretta verkemidlar (kanalisiert til einskildbedrifter via Innovasjon Norge)
- Tilrettelegging for næringsutvikling (til RUP 2005, utvalde næringer og bransjeområde, som energi, marin sektor, livskraftige lokalsamfunn, næringsretta kompetanse m.v.)
- Regionale næringsfond (til lokal forvaltning i fylket sine distriktsregionar)
- Omstilling og nyskapning (særskilde verkemiddel i område med uventa næringsutvikling, Stord/Fitjar/Sveio)
- Til rådvelde for RN (utnytting av kompetansen til ressurspersonar i RN)
- Enable-programmet (regionalt rammeprogram som arbeider for å knyta saman bedrifter og org i Tyskland, Austerrike, Litauen og Norge) i ein region i kvart land. Her har fylkeskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

¹⁷⁰ I RN sit Innovasjon Norge i Hordaland, NHO Hordaland, LO Hordaland, Aetat i Hordaland, UiB, Fiskeridirektoratet region Vest, Bergen kommune, NFR, KS og Hordaland fylkeskommune.

¹⁷¹ Regionalt utviklingsprogram for Hordaland. «Eit nyskapande Hordaland», s. 16.

¹⁷² RUP, s. 11.

gått saman i ein vestnorsk region. Utvalde bedrifter skal i fellesskap utvikla instrument for betre å utnytte FoU, byggje føremålstenlege nettverk og stimulera til entreprenørskap.

Programmet skal styra bruken av dei økonomiske midlane til fylkeskommunen for regional utvikling og gje mål og retningsliner for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid. Både nye tiltak og pågående utviklingsarbeid og prosjekt kan knytast opp til den nye satsinga, som er formulert slik:

«Den nasjonale politikken og verkemiddelbruken er prega av fragmentering og sektorisering. Gjennom samarbeid i regionen kan vi likevel klare å målrette verkemidlar og utviklingsarbeid slik at det tener utviklinga i vårt fylke. Regionalt utviklingsprogram skal vere vårt felles verktøy og rettesnor» (gjennom Regionalt Næringsforum).¹⁷³

Nyskaping i småbedriftsmiljø Osterøy 2001 – 2004

Prosjektet «Nyskaping i småbedriftsmiljø Osterøy» (i det følgjande kalla «Osterøy-prosjektet») gjekk føre seg i perioden 2001–2004 etter å ha blitt forlenga frå sommaren 2003. Prosjektleiar var Lars Mjøs som er industrikonsulenten på Osterøy. Ansvarleg for prosjektet var styreleiar for Osterøy utvikling, Hans Kvåle. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på 1,8 millionar kroner. Ekstern finansiering kom frå SND-Hordaland (600 000 kr) og Hordaland fylkeskommune – strategisk næringsprogram (500 000 kr). Osterøy kommune bidrog med 250 000 kr gjennom utviklingsselskapet Osterøy utvikling. Resten av var basert på deltakaravgift og kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift.¹⁷⁴

Prosjektets hovudmål var 1) å styrke nyskapingsevna i dei eksisterande småbedriftene i Osterøy og 2) formidle resultat frå prosjektet i Hordaland og i Noreg. Første del av hovudmålet blei konkretisert til at deltakande bedrifter skulle formulere strategiar som spesifiserte korleis innovasjonar skulle handterast, og gjennomføre minst ein innovasjon forstått som ei signifikant nyskaping av produkt, produksjonsprosess, organisasjon eller marknadsorientering innan to år etter prosjektstart. Ved startpunktet var ambisjonen at 10–15 bedrifter skulle delta.

Bakgrunnen for prosjektet var at ein del kartleggingar og prosjektaktivitetar hadde funne at det i Osterøy var eit relativt stort og aktivt småbedriftsmiljø som hadde vist stort tilpassingsevne til då, men at det var meir tvil om i kva grad og korleis det ville takle nye utfordringar. Det blei vidare påvist at bedriftene i Osterøy gjorde lite nytte av fagkompetanse i regionale og nasjonale FoU-miljø.

Sjølvé prosjektet hadde tre hovuddelar: Ein initierings- og kartleggingsfase, ein kurs- og opplæringsdel og bedriftsspesifikke endringsprosjekt enten i enkeltbedrifter eller som

¹⁷³ RUP, s. 13.

¹⁷⁴ Dersom ikkje anna er opplyst, bygger framstillinga av Osterøyprosjektet på sluttrapporten frå prosjektet som er ført i PC av prosjektleiaaren

samarbeid mellom fleire.¹⁷⁵ Sentralt i første del var ei kartlegging/tilstandsanalyse av 11 interesserte bedrifter (i prosjektet kalla «situasjonsanalyse»). Dobbelt så mange, 22 bedrifter, takka nei til tilbodet om situasjonsanalyse. Dei hadde enten alt gjennomført slik eller tilsvarande, eller mangla kapasitet til å gå i gang med slike i prosjektperioden. Analysane blei gjennomført av FRAM-konsulentar, prosjektleiar for Osterøyprosjektet og ein innhenta person med særleg kunnskap om dataassistert konstruksjon (DAK). Framprogrammet er eit program for leiari- og strategiutvikling i små og mellomstore bedrifter som er drive i regi av SND (og Innovasjon Noreg) sidan 1992. Programmet hadde utvikla ein eigen metode for prosjektgjennomføring, inkludert ein inneleande situasjonsanalyse. Denne blei òg lagt til grunn for Osterøyprosjektet, men verka å vere mindre tilpassa dei deltagande bedriftene. Prosjektoppsumminga opplyser at analysane ikkje gav tilsikta resultat, dvs avdekkja innovasjonspotensial i beddriftene.

Opplæringsdelen omfatta kurs i relasjonsleiing for mellomleiarar. Dette hadde 12 deltagarar mot planlagde 20. Rekrutteringsproblemet hadde stort sett same årsak som fråfallet i situasjonsanalysen: at bedriftene mangla kapasitet for gjennomføring eller alt hadde gjennomført tilsvarande. Prosjektet hadde problem med å finne relevante kurstilbod som altså var føresett levert av eksterne. Dei fleste var for dyre og /eller signaliserte at dei «ikkje forsto småbedriftskoden». Kurset blei til sist gjennomført av Relasjonsledelse AS ved Jan Spurkeland, og ser ut til å ha vore ein suksess. Kurset blei ein del tilpassa for betre å fange innovasjonsdimensjonen av leiing. Dette ser òg ut til å ha fungert godt, sjølv om den i følgje prosjektoppsumminga kunne vore endå meir vektlagt.

Leiaropplæringa var i utgangspunktet tenkt som den eine hovuddelen av såkalla kompetansehevingsdelen av programmet. Den andre delen var innovasjonsprogrammet, som igjen skulle bestå av tre delprogram valt blant seks moglege som var formulerte på førehand.¹⁷⁶ Delprogramma var tenkt som felles- og nettverksaktivitetar som òg skulle inkludere FoU-miljø. Denne delen av prosjektet blei mindre vellukka. Når det kom til stykket, var det vanskeleg å gje delprogramma eit konkret innhald som var relevant for deltagarbedriftene, trass i at dei medvite var utforma for å fange situasjonen til Osterøybedriftene. I tillegg var det vanskeleg å finne kontaktflater mot eksterne FoU-miljø. Lengst ser delprogrammet produktutvikling og -design å ha kome. Det blei arrangert ei større samling om temaet DAK, der det blei uttrykt stor interesse for kurs. Det viste seg likevel vanskeleg å få til felles kurs fordi bedriftene nytta ulik programvare og dermed hadde ulike behov. Til sist var det berre to bedrifter som sette i gang med kurs som separate arrangement, der dei delte på kursleiaren.

I staden blei det formulert nye «delprogram». Desse blei stort sett meir bedriftsretta enn dei opphavlege, sjølv om dei òg hadde nettverksdimensjonar. Programma blei dels

¹⁷⁵ Det kan vere at dette er å øve vald mot prosjektplanen, der det ser ut til at bedriftsprosjekta er tenkt meir integrert i opplæringa.

¹⁷⁶ Dei seks var 1) Styret som pådrivar og aktiv part i innovasjonsarbeidet, 2) Produktutvikling- og design, 3) Entreprenørskap og verktoy i innovasjonsprosessen, 4) Rettar og patentar, 5) Bruk av IKT-verktøy for å fremje innovasjonsevne, og 6) Marknadsinnovaasjonar/internasjonalisering.

trekt over i andre finansieringsordningar, særleg Skatte-Funn.¹⁷⁷ Tre delprosjekt merkjer seg ut:

Det eine var ei satsing for å få til ulike former for produksjon og bruk av bioenergi i Osterøy. Dette er det delprogrammet som har det sterkeste nettverksbyggingselementet. Delprogrammet er ei brei orientering som skal vere med å etablere eit gründermiljø som kan omfatte fleire parallelle utviklingsprosessar med bio-energi som fellesnemnar. Det omfatta då også mange ulike aktørar og idear med ulike potensial og ulik konkretiseringgrad.

Dei to andre var derimot direkte retta mot utvikling av konkrete produktidear. Det første var eit samarbeid mellom ei Osterøybedrift og ei på Sunnmøre om å utvikle eit nytt og mindre vakuumtoalett med filter. Den andre satsinga var ei vidareføring av den første: Å utvikle vakuumtoalettet til å kunne nyttast til biltihengarar. Dette skjedde i samarbeid med ei anna Osterøybedrift som produserte dei tilhengarane som toalettet skulle installeraast i. Òg her er det ei viss grad av nettverksbygging, sjølv om det første gjekk mot bedrifter utanfor Osterøy, og hovudsamarbeidet var etablert før Osterøyprosjektet blei starta. I tillegg er det aktivitetar i fleire andre bedrifter både som har sprunge ut av Osterøyprosjektet og som har utvikla seg på sida av dette.

Prosjektet er blitt oppsummert internt av prosjektleiar og evaluert eksternt av Nordlandsforskning.¹⁷⁸ Prosjektleiarene meiner at prosjektet har oppfylt dei forventa resultata. Det har vore med å få i gang innovasjonsaktivitetar i bedrifter, og fleire bedrifter enn forventa har vore innom prosjektet. Men han stikk ikkje under stol at prosjektet har utvikla seg annleis enn først var tenkt. Han er særleg kritisk til dei eksterne FoU-miljøa, som ofte er lite orienterte mot dei lokalspesifikke utfordringane, og i mange høve verkar å vere mest opptekne av å mjøle si eiga kake. Då det kom til stykket, hadde prosjektet mest glede av lokale og regionale kompetansemiljø. Ei generell erfaring med Osterøyprosjektet var at utviklingsprosessane var tidkrevjande, meir tidkrevjande enn prosjektramma gjerne skulle tilsei, og at dei var prega av ein «vegen blir til medan du går»-logikk. Tilstadeveret av ein lokal pådrivar og koordinator blir derfor svært viktig for å halde trykket i prosjektet og kunne fange opp og respondere på endringar undervegs.

Nordlandsforskning sluttar seg i hovudsak til dei positive vurderingane. Det blir særleg lagt vekt på at endringa i tilnærming som opna for dei interne bedriftsprosessane, var sterkt medverkande til denne suksessen. Evalueringssrapporten frå Nordlandsforskning har derimot vanskelegare for identifisere kva effektar prosjektet har hatt for klyngedanning. Dette heng saman med at rapporten ikkje opererer med eit presist klyngeomgrep. Det verkar å vere synonymt med lokal bransjekonsentrasjon, sjølv om det enkelte stader blir brukt på ein måte som føreset at det skjer former for samarbeid mellom bedriftene. Rapporten postulerer at klyngekarakteren til industrimiljøet på

¹⁷⁷ Skatte-funn er ei ordning som gjev rett til å trekke frå skatten kostnader med forsking og utvikling.

¹⁷⁸ Lindelov og Karlsen 2004.

Osterøy er blitt svekka, utan å gå særleg inn på korleis det var sterkare før.¹⁷⁹ Dette gjeld særleg metallindustrien. Den andre viktige bransjekonsentrasjonen på Osterøy, møbelindustrien, er også blitt svekka, men dette er mest gjennom nedlegging. Evalueringssrapporten meiner derimot at bioenergisatsinga kan ha ein kime i seg til ei ny næringsklyngje. Alt i alt gjev evalueringa ei positiv oppsummering av prosjektet og meiner det har nådd dei oppsette måla.

Etter vår mening viser Osterøyprosjektet mange typiske trekk med dynamikken i utviklingsprosjekt: Prosjektideen som er utvikla med utgangspunkt i meir generelle oppfatningar om korleis verda er og bør vere, viser seg å vere mindre tilpassa dei aktørane som utviklingsprosjektet rettar seg mot, slik at det blir endra undervegs. Dette skjedde trass i at prosjektet, i følgje prosjekteieren, medvite var uforma for å fange den særeigne situasjonen for industrimiljøet på Osterøy. Men det var også «dels eit resultat av ønske fra fylkeskommunen/dei som skulle finansiere prosjekta om eit 'handfast utgangspunkt og ønske om tema i samsvar med aktuell næringspolitikk'». Den grunnleggjande prosjektideen er tydeleg basert på ein variant av klyngeteori. Innovasjon og utvikling skal skje i samarbeid mellom bedrifter og mellom bedrifter og eksterne FoU-miljø. Bedriftene var derimot primært interesserte i få i gang interne utviklingsprosessar, og skjeringsfeltet mellom dei blei for smalt til at dette kunne kombinerast, med unntak av leiaropplæringa som var eit vellukka fellestiltak, sjølv om det rekrutterte noko færre deltagarar enn forventa. I dette interessespraket vann bedriftene fram, og vi er samde med evalueringa til Nordlandsforsking at dette sikra eit nokolunde vellukka resultat.

Prosjektet viser i tillegg at det ikkje er noko nødvendig samanfall mellom lokale bedriftskonsentrasjonar og nettverk. Dei nettverka som deltarbedriftene var del av, involverte bedrifter andre stader i landet. Dessutan kan det vere nødvendig å differensiere nettverksomgrepet. Underleverandørsystem er ein type nettverk, som var viktig for produktutvikling med vakuumtoalett. Idégenererande samarbeid, slik vi ser det i biobrenselsatsinga, er ein annan type nettverk. Dei to typane har ulike ressursbehov.

Ein tredje konklusjon frå Osterøyprosjektet er at det er stor avstand mellom FoU-miljø og bedrifter. Dette gjaldt ikkje berre dei eksterne miljøa, som det meininga å hente inn undervegs i prosjektet, men også Framkonsulentane, som skulle leve den innleiane situasjonsanalysen. Her har bedrifter og utviklingsagentar på Osterøy funne ut det forskarar visste frå før: At det sjeldan finst eit «naturleg» interessefellesskap og språksystem mellom FoU-miljø og produksjonsmiljø. Slikt kan berre utviklast gjennom tidkrevjande samarbeid, der ein lærer kvarandre og kjenne og forstå.¹⁸⁰

Osterøyprosjektet er såleis eit godt argument for skreddarsaum i lokale utviklingsprosjekt. Dei er avhengige av spesifikke og lokale føresetnader. Det er viktig med grundig førearbeid for å finne ut kva prosessar som relevante,¹⁸¹ og sjølv då må

¹⁷⁹ Arbeidet har då heller ikkje hatt rammer som har gjort det mogleg å gjennomføre ein meir grundig analyse av historisk utvikling.

¹⁸⁰ Uhlin 1996.

¹⁸¹ Vi har rett nok ikkje hatt tilgang til det arbeidet som var gjort forut for prosjektet.

prosjekta vere fleksible nok til å kunne endrast undervegs. Dette gjer prosjekta tidkrevjande og kostbare. Dei er særleg tidkrevjande og kostbare når eksterne aktørar skal bringast inn. Prosjektet viser i tillegg kor viktig det er å ha lokale utviklingsagentar som kjenner miljøet og som har tillit hos deltakarene. Vi tvilar på om prosjektet hadde vore såpass vellukka som det blei, utan industrikonsulentens innsats.

O m s t i l l i n g s p r o s j e k t e t i O d d a k o m m u n e

Omstillingsprosjektet i Odda kommune (i det følgjande kalla «Oddaprojektet») gjekk føre seg i perioden 1998 til 2003, men med førearbeit i åra 1996 og 1997.¹⁸² Prosjektet blei forvalta av Hardanger Vekst AS som er eit utviklingsselskap, der Odda kommune eig 40 % og resten av aksjekapitalen er fordelt på private verksemder. Prosjektleiar var Geir Johan Westerlund som er dagleg leiar for Hardanger Vekst. Ansvarleg for prosjektet var Toralv Mikkelsen, ordførar i Odda og styreleiar i Hardanger Vekst. Prosjektet hadde ei total kostnadsramme på 47,8 millionar kroner, inkludert dei to førebuingåra fordele på 50 % statlege omstillingsmidlar og 50 % kommunale tilskot. I prosjektperioden hadde prosjektet 8 millionar kroner i året til rådvelde, noko mindre dei to siste åra.

Prosjektet hadde som målsetjing å skape nye arbeidsplassar, der minstemålet blei sett til 200 nye ved slutten av prosjektperioden. Prosjektleiar meiner at dette må sjåast i samanheng med ei meir grunnleggjande målsetjing om å tilføre Oddasamfunnet generell endringskompetanse og få til ein kultur for nyskaping i kommunen.

Bakgrunnen for prosjektet var ein langvarig folketalsnedgang i tillegg til at kommunen var sterkt avhengig av tre nøkkelbedrifter. Kraftig rasjonalisering hadde redusert bedriftenes sysselsettingsevne. Ei av dei, Odda Smelteverk, var sterkt truga av nedlegging, noko som òg skjedde før omstillingsprosjektet var avslutta. Samtidig var det ein låg etableringsgrad av nye bedrifter i Odda. Odda hadde òg tidlegare hatt omstillingsstatus, i åra 1982 til 1987, i kjølvatnet av nedlegginga av DNN-aluminium i Tyssedal. Her blei det rett nok etablert ny industri med Ilmenittsmelteverket, men dette hadde langt færre arbeidsplassar enn den avvikla aluminiumfabrikken (ca. 1/3).

Oddaprojektet hadde to hovudstrategiar: Knoppskyting frå storbedriftene og sterke satsing på reiseliv. Verkemidla, kompetanseutvikling, profilering/informasjon og infrastruktur/stadutvikling, var likevel breie og omfattande og opna for mange ulike type tiltak. Prosjektet har drive aktivitetar som ligg utanfor ei snever fortolking av dei to hovudstrategiane, som generell etableraroplæring, nettverk og samarbeid mellom lokale små og mellomstore bedrifter. I tillegg har det verka til etablering av Næringshagen i Odda, som hyser ei rekke mindre bedrifter (12 hausten 2005 som er 5 færre enn i 2003), utan at desse er klare knoppskytingar av storbedriftene. Det har generert ei stor mengde under- og delprosjekt, i alt 236; dei fleste, 210, rett nok forstudiar og forprosjekt.

I prosjektperioden har det kome til 260 nye arbeidsplassar i Odda. Rett nok problematiserer både intern- og eksternevaluering i kva grad dette skuldast Oddaprojektet direkte, men prosjektmålet er nådd og vel så det. Eit skår i gleda er at

¹⁸² Framstilinga byggjer på Jacobsen 2003 og sluttrapport frå prosjektet: Geir Johan Westerlund: «*Ka blei det til?*». *Omstillingsprosjektet i Odda 1998–2003. Ei kvalitativ oppsummering*.

Odda Smelteverk blei nedlagt med tap av 217 arbeidsplassar, slik at nettoen ikkje blei så stor, men utan dei nye ville den vore verre.

Av hovudstrategiane verkar knoppskytinga å vere mislukka, medan reiselivssatsinga er vellukka. Den siste er rett nok retta mot utbygging av hyttefelt i fjellområda i kommunen. Her er det i ferd med å bli realisert eit større tal med hytter og fleire er under planlegging. Området er privat eigd, og det er i første rekke grunneigarane som får inntekter av satsinga. Men hytteområde kan ha betydelege ringverknader, særleg for handelsnæringa i Odda.

Knoppskytinga var derimot mislukka trass i etter måten stor innsats inn mot smeltverksbedriftene for å få til dette. Dette skuldast dels at det eine store prosjektet var retta mot Odda Smelteverk, og såleis kollapsa då det blei nedlagt. Men det skuldast òg at knoppskytinga var tenkt som vidareforedling nedstraums av utnytta restprodukt. Dette var produktidear som i stor grad var vurdert og forkasta av moderbedriftene, i tillegg til at det ikkje var noko industrimiljø rundt bedriftene som kunne fanga opp og vidareutvikle ideane.¹⁸³

Evalueringane av Oddaprosjektet er noko ambivalente. På den eine sida blir det understreka at prosjektmålet om nye arbeidsplassar er nådd. På den andre sida hevdar Jakobsen (2003) at prosjektet har hatt god lokal forankring, medan internoppsummeringa gjev uttrykk for det motsette, i alle fall om vi forstår lokal her som lokalpolitikken. Den hevdar at det har vore vanskeleg å få til ei lokalpolitisk forståing om naudvendet av nyskaping og at for mykje politisk energi for lenge har vore retta mot dei tre storbedriftene.¹⁸⁴ Men alt i alt blir det gjeve uttrykk for ein viss, om moderat, optimisme: At Oddasamfunnet er meir omstillingorientert no enn tidlegare, og at prosessar er sette i gang, men at dei treng vidareførast og styrkast.

Prosjekta – perspektiv og refleksjon

Gjennomgangen av utvalde prosjekta gjennom ein femtenårsperiode viser korleis nokre tema ligg fast, andre kjem til, medan andre forsvinn. I byrjinga av perioden vi har sett på, fann det også stad ei rekke endringar i synet på forholdet mellom forvaltning og politikk. Kva har så lege fast, kva har endra seg – og korleis kan vi forklare dette?

Vi har sett på desse prosjekta:

¹⁸³ Det kan verke som det er enklare å få til knoppskyting på leveransesida, truleg fordi dette lettare lar seg kople mot eksisterande bedrifter. I ei viss mening har det då òg skjedd knoppskyting frå Oddabedriftene om vi forstår dette som sjølständige bedrifter som er avleidde av produksjonssystemet som smelteverka er ein del av, t.d. Odda Plast og Odda Mekaniske Industrier.

¹⁸⁴ Vi må sjølsagt ta høgd for at eit slikt dokument er ein del av den lokalpolitiske diskusjonen og nok er medvite utforma for å påvirke denne.

Prosjekt	Målgruppe	Målsetjing	Verkemiddel	Kommentar
Kvinneretta tiltak innan næringsutvikling	Kvinner i landbruket	Arbeidsplassar, tilleggsnæring	Etablerarstipend	Individretta
Utsyn	Bygd/grend	Arbeidsplassar, eigenmobilisering	Bygde-mobilisering, ressursanalyse	Tilføra kommunen kompetanse. Eintydig verdigrunnlag, meir systematikk i framgangsmåte
Bygde-mobilisering retta mot ungdom	Ungdom	Mobilisering i glandene, halda på ungdomen	Tilskottspott, eigeninnsats, kommunen	Få ungdommen i tale
Levande bygder i Sogn og Fjordane	Bygdene, (sentra)	I praksis bygde-mobilisering	Tilskot til bygdene	Forsøk på å knyte bygd – tettstad, kople til kommunalplanlegginga. Lokal mobilisering og næringsutvikling
Bærekraftig næringsutvikling i lokalsamfunn (BNL)	Grend, spesielle område	Mobilisering og næringsutvikling	Tilskot lag/organisasjonar. Koordinerte løysingar fylkesnivået	Koordinert innsats fylkesnivå. Kulturbasert næringsutvikling. Synleggjera prosjektmetodikk
Trivselsgrenda	Grenda	Bygdemobilisering og vekt på trivnadsfaktorar	Ressurs-kartlegging. Kommunal deltaking.	Kulturøkonomisk perspektiv eksplisitt inn.
Samhandling og næringsutvikling på Folgefonna-halvøya	Lokal region	Mobilisering og skaping av regionalt samarbeid	Tiltak som knyter seg til Folgefonna	Regionalisering
Nyskaping i småbedriftsmiljø Osterøy	Bedrifter	Innovasjon; nettverk, produktutvikling, FoU	Kurs, kompetanse-tiførsel, nettverk	Klyngeteori, i praksis like mykje interne utviklingsprosessar
Omstilling i Odda	Bedrifter	Arbeidsplassar, endringskompetanse	Knoppskyting, meir reiseliv	Vellukka reiseliv, mindre vellukka knoppskyting

1. Vi presenterte i kapittel to tre ulike perspektiv på bygdeutvikling: *eit stiavhengig kontinuitetsperspektiv*, *eit kulturøkonomisk perspektiv* og *eit økonomistisk perspektiv*. Kva ser vi om vi nyttar dei tre perspektiva for å kommentera prosjekta vi har gått gjennom? For det første ser vi at det vi kalla eit kulturøkonomiske perspektiv blei ein del av grunnlaget for prosjekta frå og med BNL, og har gjeve mykje inspirasjon. Samtidig er det klart at koplinga til det fortidige eller stiavhengige framleis har vore med. Fortida er viktig, og det ein etablerer må ta utgangspunkt i dette.

For det andre ser det økonomistiske perspektivet ut til å ha lite nedslag i prosjekta, men er langt på veg ein del av den overordna tenkinga innanfor politikkområda vi har for oss her. Her ser det ut til å ligga eit visst misforhold mellom politikkutforminga og fylkesnivået. To av forholda som ligg innbakt i den økonomiske tenkinga bak denne

politikkutforminga, har blitt lite tematisert i prosjekta i Hordaland, nemleg forholdet bygd – lokalsentrum/bygdeby, og bruken av midlar til «oppstraumskommunar».

2. Dei kvinneretta tiltaka i første del av nittiåra var knytte til einskildetableringar, der dei i tillegg til distriktpolitiske og næringspolitiske siktet mål også målbar klare kvinnekritiske siktet mål. Dei var også retta inn mot tilleggsnæringer meir enn mot reine landbrukstiltak. Prosjektet kom i gang på åttitalet. I UTSYN, som blei sett i verk midt på nittiåret, er det mobiliseringa på bygdene som er det sentrale. Det gjeld å få til ei mobilisering for å få nye arbeidsplassar i bygdesamfunna. Dette kan sjåast i samanheng med at landsbrukspolitikken var i ferd med å bli lagt om, og at det galdt å få til ei mobilisering av ressursar på grunnplanet, ute i bygdene. Sjølve mobiliseringa kan forståast både som eit uttrykk for ei auka satsing på lokalsamfunnet som ein katalysator for å få til prosessar innan ein sentralstyrkt sektor, og gjennom dette simulere til auka borgarardeltaking og eliminere samrøret mellom interesseorganisasjonar og forvaltning (korporativisme) som er ei målsetting for NPM-tenkinga.

3. Det blei i siste del av 1990-åra erkjent (i dette høvet frå FMLA) at mobiliseringa i liten grad hadde treft ungdomen, og det blei sett i gang eit prosjekt for å mobilisera unge i bygdene. Bygdemobiliseringa retta mot ungdom klarte å koma i dialog med ungdomen. Samtidig vil vi meine at prosjektet som andre bygdemobiliseringstiltak viste at det var råd å få ei forholdsvis omfattande mobilisering til for relativt små midlar, men òg at fallhøgda var stor om det ein sette i gang ikkje blei følt opp. I prosjektet om Trivselsgrendene nokre år seinare har veka på mobilisering i bygdesamfunna blitt sterke, og faktorar som påverkar trivnaden i bygdesamfunnet, blir framheva. Forhold som ikkje direkte er knytte til lønsemd, blir viktigare. Det å forsøka å halda på dei som framleis bur i bygdene, blei prioritert. No galdt det å få desse til å mobilisera sine ressursar og legga grunnlaget for vidare busetnad i bygdene sine. Det galdt også å få kommunen på banen i slike saker. Bygdemobilisering er det nye slagordet frå midten av nittiåret. Det galdt å få bygd og kommune til å trekka i same retning. Gjennom Levande Bygder frå Sogn og Fjordane kjem til syne to forhold ved bygdemobilisering som kunne skapa problem for denne strategien: For det første involveringa til kommunen i høve til grenad/bygd, for det andre forholdet mellom bygdene og kommunenesentra/bygdebyar .

4. Medan prosjektet om kvinneretta næringer i hovudsak var retta inn mot kvinnelege etablerarar, er det frå UTSYN av bygda som heilskap som står i sentrum. Det skjer også ein overgang frå løyvingar til individ til prosjekt i den enkelte bygda. Samtidig er det ei sterke individorientering i prosjektføringa. Ei verdiorientering, der det å stilla mennesket i sentrum og få til dialog, blir vektlagt. Mjuke, ikkje-økonomiske verdiar skal fremjast. I UTSYN har FMLA det å skapa nye arbeidsplassar med som eit delmål, medan dette er borte i Trivselsgrendene. Det er forholdet mellom dei som utgjer bygdesamfunnet som skal fremjast, det ein kan kalla limet i bygdekollektiva. Fokuset på økonomisk lønsemd er så å seia fjerna. I Levande Bygder i Sogn og Fjordane blei koplinga opp mot bygdesentra som var tenkt inn i prosjektet, lite viktig, sidan dette av søkarane blei sett i framhald av det tidlegare bygdeutviklingsprogrammet. Dermed forsvann det som kunne ha blitt ein kopling til den økonomiske tenkinga som byggjer på klyngeteoriane. Det er realiseringa av eksplisitte sosiale verdiar som står i sentrum.

5. Gjennomføringa av prosjekta er også prega av nye kjenneteikn i den offentlege forvaltningspolitikken: Analysar skal gjerast på førehand, prosjektfasar bli utvikla, mål

definerast og ansvarsforhold klargjerast. Mobiliseringa på lokalt nivå skal også ha ein demokratiserande effekt (Trivselsgrendene); folk skal vera med på å forma si eiga framtid. Samtidig skal kommunen vera støttespelar og vera med i prosjektgruppene i bygdene. Slik skal også dei tilførast kompetanse. Når dette ikkje synes å ha hatt så stor gjennomslagskraft, kan ein stilla spørsmål ved om dette er fordi ei slik styrking vil bidra til å svekka fylkesnivået, som er det som har initiert desse prosessane. Endringane framstår som delvis inspirert av den nyliberale forvaltningspolitikken som har prega offentleg sektor i Norge på nittitalet (NPM, sjå kapittel 2) og småskala lokalsamfunnsorienteringar med vekt på dei små einingane som stadene der det gode livet kan realiserast. Dette kan synast noko paradoksalt all den tid ei svekking av det regionale nivået ligg innbakt i denne tenkinga.¹⁸⁵ Vekta på demokratieffekten lokalt understrekar at det er det stadspesifikke som står i sentrum, kva tilbod ein får nett der. Ein kunderelasjon meir enn ein borgar-relasjon blir vektlagt. Samtidig som denne nyliberale tenkinga slår gjennom på systemnivå, er det i prosjekta det ikkje-materielle som har forrang føre det materielle. I den grad økonomi er viktig, er dette som kulturøkonomi. Eit anna forhold ved nyliberaliseringa er måten ho implementerer same tenkjemåte i ulike sektorar, slik at sektorspesifikke forhold lenger blir tekne omsyn til på same måte som tidlegare.

6. Forholdet mellom bruken av teoretisk utvikla og orienterte modellar og tenkemåtar og praktisk utføring av prosjekta kan vera problematisk. Innverknaden frå forsking og bruk av tankemodellar ser ut til å vera sterkare i prosjekta enn det som kjem fram i eigne rapportar og evalueringar. Det blir frå aktørane på fylkesnivået lagt stor vekt på at ein må vera praktisk orientert i utviklingsarbeidet, og at elementa ein nyttar i dei aktuelle prosessane er slike som fungerer «i den verkelege verda». Vi meiner her at forsking som har blitt utført i ein initierande fase, må trekkast med vidare i det praktiske arbeidet for betre å perspektivera tolkingane av kva som skjedde i den vidare prosessen. Rapportane og evalueringane viser korleis tenkemåtane og arbeidet i prosjekta endrar seg over tid på same måte som perspektiva innan forskinga rundt desse prosessane gjer det. Den praktiske prosjektutføringa skjer ikkje i eit teorilaust vakuum. Medvit om kor ein hentar føresetnader og idear frå og i kva grad desse heng saman med kvarandre eller kolliderer som deler av eit teorigrunnlag bør også kunna byggast inn i ein tiltaksfase (jf. Trivselsgrendene over). Også når det gjeld fylkesnivået si aktive rolle i identitetsskapning, enten det gjeld merkevarebygging (jf. BNL) eller danninga av nye regionar (jf. Folgefondprosjektet), vil graden av medvit om kva samanhengar slike prosessar går inn i både teoretisk og praktisk vera viktig.

7. Dei to prosjekta som går på å utvikla bedriftene i lokalsamfunna, er retta inn mot å få til samarbeid mellom aktuelle bedrifter innan bestemte næringer eller område. Lokalsamfunna det er tale om, er svært ulike, der Osterøyprosjektet fann stad i eit område der næringslivet tradisjonelt har vore sett saman av ei rekke småbedrifter, er Odda prototypen på ein industristad dominert av ei eller fleire storbedrifter.

Både Osterøyprosjektet og Oddaprosjektet viste at skreddarsaum er viktig også i lokale næringsutviklingsprosjekt. Det er dei særeigne og lokale føresetnadene som gjev

¹⁸⁵ NOU 2004:19 og NOU 2003:19.

grunnlaget for å få i gang nye prosessar. Kva prosessar som er eigna, må det leggast arbeid ned i. Men prosjekta må også vere fleksible til å fange opp endringssignal som oppstår undervegs, særleg når aktørar utanfrå skal delta. Dette er også tidkrevjande. For å bli vellukka, er det også nødvendig med lokalkjende utviklingsagentar med tillit hos deltakarane.

Oddaprosjektet var retta inn mot å få til knoppskyting og ny satsing på reiseliv i ein vanskeleg periode der det var viktig å få til omstillingsprosessar. Evalueringane gjev eit noko sprikande bilet av kor godt prosjektet har vore forankra lokalt, og særleg om den politiske tilkoplinga. Samla ser prosjektet ut til å ha vore med på å gjera biletet av framtida noko lysare, med eit meir omstillingsorientert Odda der det er i gang prosessar som må vidareførast og styrkast.

5 Oppsummering og tilrådingar

Bygdeutvikling blei eit eige politikkområde i andre halvdel av 1980-talet. At spesielle område trond særlege tiltak for å oppretthalde næringsliv og busetnad, var ikkje av ny dato. Dette hadde lege til grunn for norsk distriktpolitikk det meste av etterkrigstida. Frå 1970-åra blei distriktpolitikk supplert med ei orientering mot meir avgrensa område: stader med einsidig næringsgrunnlag og andre som trond særlege tiltak. Om lag samtidig blei stadutvikling ikkje berre eit defensivt verkemiddel, men òg eit offensivt: Attraksjonsverdien til stader blei oppdaga som ei sentral drivkraft for å trekke til seg folk og verksemder.

Bygdeutvikling blei såleis del av eit større felt som òg omfatta regionalutvikling, næringsutvikling og annan lokalsamfunnsutvikling. I starten var det òg ei integrert tilnærming til bygdeutvikling som dominerte. Seinare er bygdeutvikling blitt stadig meir spesialisert, noko som i høg grad gjeld i Hordaland. Dette kjem seg av at bygdeutvikling blir identifisert med dei ordningane som finansierer dei og det forvaltningsapparatet som styrer med dei. Bygdeutvikling blir dermed sett lik tiltak som er finansiert over BU-fond og liknande, og blir tenkt fråskilt frå annan utvikling av t.d. bedrifter og tettstader som høyrer til andre stader i forvaltningsapparatet.

Spesialiseringa kan vere ein fordel når det gjeld å sikre ressursar til utvikling i dei mindre bygdelaga, altså at bygdeutvikling skjer i prototypebygda og ikkje blir vatna ut til alle moglege utviklingsprosjekt. Men det er ei ulempe at vi misser dei teoretiske koplingane mellom dei ulike prosessane som reproduserer folkesetnaden i eit område. Denne fråkopplinga blir forsterka av oppdelinga i forvaltingapparatet, der i Hordaland Fylkesmannens landbruksavdeling driv bygdeutvikling, Innovasjon Noreg (og tidlegare SND) driv bedriftsutvikling og Hordaland fylkeskommune litt av alt, i tillegg til utviklingsprosjekt i andre lokalsamfunn enn bygder. Kunnskapsproduksjonen er fragmentert på ein tilsvarande måte. Det finst få samanfattande drøftingar av nyare dato. Det meste er dokumentasjon av enkelprosjekt.

I Hordaland har den smale bygdeutviklinga tatt to parallelle retningar: For det første dreier den seg om å utvikle sidenæringer (kan hende òg erstatningar) til tradisjonelt landbruk i skjeringsfeltet mellom mat og kultur. For det andre dreier det seg om å få i gang trivsels- og identitetsskapande prosessar.

Dette prosjektet har ikkje studert nisje- og tilleggsproduksjon direkte. Inntrykket er at den er sett saman av mange fragmenterte satsingar som omfattar matprodukt, reiselivs- og opplevingsprodukt, stell av kulturlandskap og andre kultursporsatsingar. Inntrykket står ved lag trass i ein del forsøk på samordning som særleg ser ut til å vere retta mot matprodukt, som dei ulike menyprosjekta og aktivitetane rundt Vestnorsk kulturakadem. Men i Streif finst det eit utgangspunkt for kollektiv organisering av landskaps- og kulturopplevingar. Vi trur det er eit stort potensiale i å samordne og skape nettverk innanfor nisje- og tilleggsproduksjon. Slik samordning bør ha tre siktemål:

- Skape integrerte produksjonssystem for matprodukt under kontroll av primærprodusenten
- Systematisere aktivitetane innanfor eit område slik at dei framstår som heilskaplege opplevingar.
- Utvikle modellar som kan sikre inntektsfordeling for dei mange som trengst for å skape og vedlikehalde slike einskaplege område, t.d. A.S. Bygdelag.

At næringsaktiviteten er fragmentert, heng saman med at den for ein stor del blir ståande på sida av det som dominert bygdeutviklinga i Hordaland dei siste åra: mobilisering og trivselsskapning. Det er denne type prosjekt som har skapt samanhengar og nettverk. Dei blir grunngjevne med at trivsel i tillegg til eit gode i seg sjølv, òg er ein viktig føresetnad for næringsaktivitet både fordi det verkar til å rekruttere/halde på ressurspersonar og fordi mobilisering skapar idear som har næringsrelevans. Vi har likevel vanskeleg for å sjå at trivselsskapninga resulterer i nokon større næringsaktivitet. Tvert om skjer mobiliseringa rundt dei forholdsvis enkle aktivitetane. Inntrykket er at mange aktørar slit med å sjå korleis dei skal kome vidare etter å ha plukka dei lågthangande fruktene. Utviklingsprosjekta kan derfor lett møte veggen.

Særleg bygdeutviklingsprosjekta er prega av dei mange små pengesummane som har korte tidshorisontar. Dette gjeld òg der prosjekta er del av større program fordi dei blir spreidd ut over mange mindre lokale aktivitetar. Næringsutviklingsprosjekta er større og meir langsiktige, i alle fall mange av dei, men òg her blir midlane spreidde på mange delaktivitetar. Dette fører til at det går for mykje tid og ressursar til prosjektbyråkrati både i felten og i forvaltingsapparatet. I tillegg må ein stadig omstille seg til nye program og prosjektrammer. To kritiske ankepunkt går igjen og gjeld alle typar prosjekt: *Program- og projektutforminga er sjeldan godt nok tilpassa dei lokale realitetane, og prosessane lokalt tar alltid lengre tid enn dei tidshorisontane løvingane opererer med.*

I teorien er det éin tydeleg veg ut av denne situasjonen: La utviklingsprosjekta bygge på langsiktige utviklingskontraktar med dei ulike lokalsamfunn, der lokalsamfunna sjølve utformar innhaldet utan omsyn til kva forvaltingsapparatet oppfattar som strategisk korrekt satsing. Langsiktig tyder her minst 5 år. Derimot må det gjerne utformast kriteria for kva som er eit godt prosjekt, t.d. at det skal omfatte samarbeid mellom to eller fleire lokalsamfunn, eller at det skal integrere samfunns- og næringsutvikling. Prosjekta bør vere trinnvis oppbygde slik at løvingar i neste trinn blir utløyst av resultat i førre, men det må ikkje blir for mange trinn for å unngå at òg desse prosjekta blir oppsplitta og overbyråkratiserte. Eit fem til åtte års prosjekt bør ha to trinn. Òg prosjektutforminga bør vere trinnvis, slik at den skjer i ein utstrekkt dialog mellom forvaltingsapparat,

eventuelt annan ekspertise og prosjekteigarane på grunnlag av ei grovskisse av ideen. Der er viktig at det blir gjort grundig arbeid med prosjektplanlegging og -utforming. Derfor vil vi tilrå at det òg blir løyvd midlar til denne fasen etter ei første sortering av moglege prosjekt og utan at slik forprosjektløyving tyder nokon garanti for hovudprosjektet. Det er viktig at forprosjektløyvinga faktisk går prosjektplanlegging og -utforming og ikkje til ein nedskoren variant av eit utviklingsprosjekt som så altfor ofte er tilfelle.¹⁸⁶

Ulempa med ein slik modell er at den fører til ein konsentrasjon av ressursane. Med givne rammer blir det derfor færre prosjekt. For å sikre eit fleksibelt system er det derfor viktig at ikkje alle utviklingsmidlane blir kanalisert til dei langsiktige utviklingskontraktane, men at ein del blir reservert for frie prosjekt med mindre omfang. Prosjektfinansieringsmodellen som er skissert ovanfor, er dessutan ideell. Det lar seg gjere å finne mellomløysingar mellom denne og dagens fragmenterte prosjektindustri.

Eit gjennomgåande trekk er at dei lokale utviklingsprosjekta blir genererte og drivne av eit fåtal personar, til tider berre ein, dei såkalla eldsjelene. Betydninga av å ha lokal kunnskap, kjenne miljøet og kodane, kan ikkje overvurderast. Men det er ein stor fare for å overbelaste desse personane. Dette gjeld særleg dei reine bygdeutviklingsprosjekta som i liten grad er profesjonalisert, dvs har lønnsmidlar til å drive utvikling og derfor driv utviklingsarbeidet på fritida. I næringsutvikling finn vi oftare profesjonelle utviklingsagentar, oftast lønna av kommunen direkte eller gjennom eigne utviklingselskap. Sjølv om det er ein viss fare for å skape prosjektleiarar i staden for lokalt forankra prosjektaktivitetar, vil vi tilrå at utviklingsaktørane får lønnsmidlar frå det offentlege, i alle fall delstillingar, utan at dei er oppbunde til spesifiserte prosjektaktivitetar, altså ein slags bygdeutviklingslibro. Dette er ein modell som liknar den som no blir prøvd ut i Folgefondnahalvøyprosjektet, og den kan kombinerast med langsiktige utviklingskontraktar slik dei er skisserte ovanfor.

Dette reiser spørsmålet om forholdet til den kommunale verksemda. Svært mange av dei lokale bygdeutviklingsaktivitetane skjer utan særleg kontakt med kommunen og til dels òg i opposisjon til kommunen. Det lokale engasjementet botnar ofte i ein front mot kommunaleiinga; ein er misnøgd med sentralisering av skular, barnehagar m.m. eller opplevera at kommunen ikkje gjer nok for eige lokalsamfunn. Utviklingsprosjekta blir utforma som ein allianse mellom lokalsamfunnet og fylkesnivået medan kommunen som lokalsamfunnet tilhører er sett på sidelina. Dermed kan det lokale utviklingsprosjektet bli avskore for ressursar det elles kunne hatt tilgang til. Dessutan kan det skape problem når prosjektfasen er over og dagleglivet skal ta til, sidan prosjektet ikkje er forankra i det lokale forvaltingsapparatet.

Ein måte å motvirke dette kunne vere å øyremerke stillingar i kommunen til lokalsamfunnsutvikling. Dette måtte då vere stillingar som var fritt plassert i forhold til etatssystemet og med overgripande arbeidsområde, lik det som var tilfelle for den nå utdøydde kommunale miljøvernleiaren/rådgjevaren. Vi er likevel noko usikre på kor veleigna ei slik kommunalisering av bygdeutviklinga vil vere. Vi har ikkje hatt høve til å

¹⁸⁶ Svært original er ikkje denne prosjektmodellen. Den byrjar å bli den vanlege for mange FoU-prosjekt, t.d. EU-finansierte prosjekt og dei ulike eksellente sentra.

undersøke dette systematisk, men det ser ut til at den mest vellukka bygdeutviklinga skjer der det lokale sjølvstendet ser størst. Kommunaliseringa kan true dette.

I denne rapporten har vi prøvd å få til eit samlande perspektiv på prosessar som er viktige for bygdeutvikling. Dette er likevel for det meste basert på generell litteratur og spreidde rapportar frå ulike stader i landet. Vi har ikkje hatt høve til å detaljanalysere korleis dette konkret skjer i Hordaland. I kortform er prosessane:

- Bygdemobilisering har vore den dominerande strategien i bygdeutviklingsarbeidet dei siste ti åra. Strategien har vore tilpassa ein situasjon med mindre midlar, men har samtidig synleggjort lokale ressursar.
- Framleis er mindre industribedrifter (og ein del større) viktige for næringsgrunnlaget i norske bygder. Kunnskap om utfordringane dei møter har stor relevans for bygdeutvikling, men sprengjer samtidig rammene for den snevre bygdeutviklingssatsinga
- Privat og offentleg tenesteyting er likevel viktigare, særleg den siste. I ei tid då norske kommunar møter sterke krav om omstilling og effektivisering, er det grunn til å halde eit auge med kva verknader dette har for norske bygder.
- Mykje av privat tenesteyting blir lokalisert til tettstader av økonomiske årsaker. Mange immaterielle produksjonsformer, som t.d. kunnskapsverksemder, er likevel i prinsippet ikkje avhengige av å halde til på bestemte stader. Utbygging av informasjonsmotorvegar gjev nye lokaliseringsvilkår for slike. Kunnskapsverksemder kan bli ei bygdesatsing som er særleg viktig for å rekruttere og halde på dei med høgare utdanning.
- I konkurransen om kunnskapsverksemder er stadverdiane til bygda avgjerande, og det einaste som kan vege opp for konkurranseulempene med desentral plassering. Slike konkurranseulempar er mykje større for kunnskapsverksemder enn t.d. industribedrifter.
- Endringane i samfunnet går ikkje bygda forbi. Heller ikkje bygdefolks livsstil og levemåtar er slik dei var før. Ein skal vakte seg for å drive bygdeutvikling basert på fortidas biletet av bygda. Det er viktig at stadutvikling og profilering bygger på den moderne bygda.
- Den generelle demografiske utviklinga i den vestlege verda gjer det meir og meir vanskeleg for bygdene å oppretthalde ein generasjonsbalanse. Alle kan ikkje vinne kampen om dei unge.
- Innanfor korte tidshorisontar er reiseliv den næringa som har det største urealiserte økonomiske potensialet for norske bygder. Dette kan hentast ut ved å auke reisestraumane, men først og fremst er det viktig å auke inntekta per reisande.
- Nisje- og tilleggsproduksjon er eit viktig verkemiddel til dette, men har òg eit næringspotensial som er uavhengig av reiseliv. Vi veit likevel for lite om slik produksjon kan erstatte anna landbruk, og kva føresetnader og effektar det vil ha.

Bygdene i Hordaland og i resten av Hordaland blir såleis påverka og endra gjennom eit mangfold av prosessar, eit mangfold som meir enn nokon gong gjer det nødvendig å problematisere kva bygda er og kvar grensene går. Dette fordrar ei integrert tilnærming:

Bygdeutvikling må sikte etter å fange dei mange ulike endringsprosessane som lokalsamfunnet blir påverka av. Dette reiser òg spørsmålet om kva som skal vere områdeavgrensinga for utviklingsarbeidet. Vi har argumentert for at fleire moglege utviklingstiltak bør samordnast innanfor større område enn den enkelte bygda. Områda må utformast slik at dei er funksjonelle for dei ulike satsingane, men det er òg viktig at dei tar omsyn til historisk etablerte identitets- og kommunikasjonsmønster.

Litteratur og materiale

Litteratur

- Almås, Reidar (1985) *Bygdesosiologi*. Oslo: Samlaget.
- Almås, Reidar (1995) *Bygdeutvikling*. Oslo: Samlaget.
- Almås, Reidar og Nora With (1991) «Rural futures in an international world»: proceedings from the seminar in Trondheim, 17–18 September 1990. Trondheim: Centre for Rural Research.
- Amdam, Roar, Arne Isaksen og Grethe Mattland Olsen (1995) *Regionalpolitikk og bygdeutvikling. Drafting av lokale tiltaksstrategiar*. Oslo: Samlaget.
- Arnestad, Georg (1992) «Same kva det kostar. Om kulturøkonomi og kulturforskning: Rapport for forskningsprogrammet 'Kultur og regional utvikling'». VF-arbeidsdokument 6/92. Sogndal: Vestlandsforskning
- Bakke, John Willy m.fl. (red.) (2001) *Arbeid på nye måter: perspektiver på fjernarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Benito, Gabriel m.fl. (2000) *Den maritime sektor i Norge sett i et klyngeperspektiv*. Sandvika: Handelshøyskolen BI, Institutt for strategi.
- Berg, Lisbet (1998) *Utdanningssuget. Ungdoms utdannings- og yrkesvalg sett fra skipsindustrien i Ulsteinvik*. Faforapport 258. Oslo: Fafo.
- Bjørkås, Svein og Per Mangset (1996) *Kunnskap om kulturpolitikk: utviklingstrekk i norsk kulturpolitikkforskning*. Oslo: Norges forskingsråd.
- Braadland, Thor Egil, Anders Ekeland og Andreas Wulf (1999) «Norske IT-kompetansemiljøer». Step Arbeidsnotat 06-1999. Oslo: Stepgruppen.
- Breidablik, Geir (1991) *Lokalkulturen – lim eller løsemiddel?: ein analyse av kulturforbruk og etterspurnad i Askvoll, Førde og Årdal*. VF-rapport 21/1991. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Brendehaug, Eivind og Kyrre Groven (2000) *Økologi og marknad. Ein studie av rasjonalitet og markandsføring av økologisk mjølk og kjøt*. VF-rapport 2/2000. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Brendehaug, Eivind og Kyrre Groven (2002) *Evaluering av prosjekter innen økologisk landbruk*. VF-rapport 9/2002. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Byrkjeland, Martin og Ove Langeland (2000) *Statlig eierskap i Norge 1945–2000*. Oslo: Fafo.
- Castells, Manuel (1996) *The Rise of the Network Society*. Cambridge, Ma. & Oxford: Blackwell Publishers.
- Christensen, Arne Lie (2002) *Det norske landskapet: om landskap og landskapsforståelse i kulturmiljøperspektiv*. Oslo: Pax.
- Christensen, Tom and Per Lægreid (ed.) (2001) *New public management: the transformation of ideas and practice*. Aldershot: Ashgate.
- Corbin, Alain (1994) *The Lure of the Sea. The Discovery of the Seaside in the Western World 1750–1840*. Berkeley, Calif: University of California Press.
- Dyrvik, Ståle (1993) «Folkevekst og bondesamfunn». I N.B. Brekke: *Kulturarkeologisk vebok Hordaland*. Bergen: Hordaland Fylkeskommune.
- Gjerdåker, Brynjulf (2002) *Kontinuitet og modernitet: 1814–1920. Norges Landbrukshistorie, bind 3*. Oslo: Samlaget.
- Gjerdåker, Johannes (1999) *Levande landskap: Vossebygdene – Granvin – Nærøydalen*. Voss: Voss veksel- og landmandsbank.
- Grove, Knut (2004) «Vestlandsfanden og vestlendingen. Frå mørkemann til regional separatist», *Historie*, 1.
- Gulsvik, Ingrid m.fl. (2002) *Orienteringslop i ulendt terren. Ein studie av kvinner og menn i distrikta*. ØF-rapport 08/2002. Lillehammer: Østlandsforskning.

- Gunnes, Stein og Martin Byrkjeland (2003) «Næringspolitiske utfordringer i ÅLAV-regionen». Fafo-notat 2003:10. Oslo: Fafo
- Haraldsen, Tone, Simen Kristian Flygind, Kjell Overvåg og Dominic Power (2004) *Kartlegging av kulturnæringene i Norge*. ØF-rapport 10/2004. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Hartmark Consulting AS (2004) «*Næringshagene – omplanting og gjødsling av den eksisterende underskogen*. Evaluering av næringshagesatsingen. Sluttrapport. Oslo: Hartmark Consulting AS.
- Heggen, Kåre, Jon Olav Myklebust og Tormod Øia (red.) (2001) *Ungdom: i spenninga mellom det lokale og det globale*. Oslo: Samlaget.
- Holland, Astrid og Hege Østvang (1998) «Evaluering av bygdeutviklingsmidlene i Hordaland». Hovedfagsoppgave ved Institutt for Økonomi og Samfunnsfag, Norges Landbrukskole.
- Hervik, Arild, Erik Nesset og Øivind Opdal (2000) *Utviklingen i maritime næringer i Møre og Romsdal: status år 2000*. Molde: Møreforskning Molde.
- Hompland, Andreas (1991) «Rurbanization, Suburbia and Metropolis. Social Scenarios in Norway and Europe». I Reidar Almås og Nora With: «Rural futures in an international world»: proceedings from the seminar in Trondheim, 17–18 September 1990. Trondheim: Centre for Rural Research.
- Hoskins, W.G. (1975) [1955] *The making of the English landscape*. Harmondsworth: Penguin Books.
- Innst.S. nr. 105 (2001–2002) *Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkelse av regionale utviklingsprogrammer* (<http://odin.dep.no/lmd/norsk/dok/regelverk/rundskriv/049041-250002/>)
- Isaksen, Arne (red.) (1997) *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Isaksen, Arne (red.) (1999) *Regionale innovasjonssystemer. Innovasjon og læring i 10 regionale næringsmiljøer*. Step-rapport R-02 1999. Oslo: Step-group.
- Jacobsen, Knut Dahl (1978 [1964]) *Teknisk hjelp og politisk struktur: en studie av norsk landbruksforvaltning 1874–1899*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Jørgensen, Gunnar (1993) «*Slaur* og «geni» – om vedlikehold av sosiale og kulturelle ulikskaper i Bygdeby. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Kaltenborn, Otto (2003) *Bygdeutviklingsprogrammet i Oppland 2000–2003 (sluttrapport)*. ØF-rapport nr 17/2003. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Krokann, Inge (1982[1942]) *Det store hamskifret i bondesamfunnet*. Oslo: Samlaget.
- Lindeløv, Bjarne og Asbjørn Karlsen (2004) *Forskning på «Nyskaping i småbedriftsmiljø»*. NF-rapport 17/2004. Bodø: Nordlandsforskning.
- Lønning, Dag Jørund (2000) *Gøy på landet?: landbruk i ei postmoderne tid*. Oslo: Samlaget
- Lønning, Dag Jørund (red.) (2003) *Den Norske Bygda og Den Store Verda: om lokal utvikling i ei global tid*. Bø i Telemark: Telemarksforskning-Bø.
- Martinussen, Atle Ove (2005) *Vidareføring av handlingsboren kunnskap*. Lillehammer: Maihaugen.
- Meland, Ingmar og Helge Petersen (2005) *Mellan teori og praksis. Handlingsboren kunnskap som kulturpolitiske omgrep*, [Manus, under utgjeving av Norsk Kulturråd]. Oslo/Bergen.
- Norges Allmennvitenskapelige Forskningsråd (NAV) (1990) *Kulturforsking – tilhøret mellom kultur, politikk og økonomi*. Rapport fra landskonferansen i Førde 29.–30. oktober 1990.
- NOU 1982:3: *Maktutredningen. Sluttrapport*.
- NOU 1999: *Nytt millennium – nytt arbeidsliv? : trygghet og verdiskaping i et fleksibelt arbeidsliv*.
- NOU 2003:19: *Sluttrapport Maktredningen*.
- NOU 2004:2: *Effekter og effektivitet. Effekter av statlig innsats for regional utvikling og distrikspolitiske mål*.
- NOU 2004:19: *Livskraftige distrikter og regioner. Rammer for en helhetlig og geografisk tilpasset politikk*.
- Landbruks- og matdepartementet (2005) *Ny forskrift om midler til bygdeutvikling fastsett 24.01.05*. Oslo.
- Osland, Oddgeir og Svein Michelsen (2003) *Om den historiske formingen av dei kommunale arbeidslivsrelasjonane i Noreg*. Rapport nr. 83, Institutt for administrasjons- og organisasjonsvitenskap. Bergen: Universitetet i Bergen.

- Piore Michael J. & Charles F. Sabel (1984) *The Second Industrial Divide. Possibilities for Prosperity*. NY: Basic Books.
- Porter, Michael E. (1990) *The Competitive Advantage of Nations*. London & Basingstoke: Macmillan Press.
- Reve, Torger, Terje Lensberg og Kjell Grønhaug (1992) *Et konkurransedyktig Norge*. Oslo: Tano.
- Røkholt, Per Ove (2000) «Landbruksamvirket – redskaper for kven og kva». I Håvard Teigen (red.): *Bygdeutvikling: Historiske spor og framtidige regnal*. Trondheim: Tapir forlag.
- Sayer Andrew & Richard Walker (1992) *The New Social Economy. Reworking the division of Labor*. Cambridge Ma/USA & Oxford UK: Blackwell Publishers.
- Sturesson, Lennart (2000) *Distansarbete. Teknik, retorik, praktik*. Stockholm: Carlsson Bokförlag.
- St.meld. nr. 31 (1996–1997)
- St.meld. nr. 19 (2001–2002) *Nye oppgaver for lokal demokratiet – regionalt og lokalt nivå*.
- St.prp. nr. 8 (1992–1993) *Landbruk i utvikling*.
- St.prp. nr. 1 (2003–2004) *For budsjetterminen 2004*.
- St.prp. nr. 66 (2003–2004) *Om jordbruksoppgjøret 2004 – endringer i statsbudsjettet for 2004 m.m.*
- St.prp. nr. 1 (2004–2005) *For budsjetterminen 2005*.
- Sørensen, Rune J. (2005) «Et folkestyre i fremgang – Demokratisk kontroll med brannalarmer og autopiloter», *Nytt Norsk Tidsskrift*, 3.
- Teigen, Håvard (2000) (red.) *Bygdeutvikling: Historiske spor og framtidige regnal*. Trondheim: Tapir forlag.
- Thomas, Keith (1983) *Man and the Natural World: Changing Attitudes in England 1500–1800*. Harmondsworth: Penguin Books.
- Torsvik, Gaute (2000) «Social capital and economic development: a plea for the mechanisms», *Rationality and society*, 12.
- Uhlen, Åke (1996) *Kunnskapen många språk. Om offentliga strategier för lärande i små och mellanstora företag*. Oslo: Fafo.
- Vaagland, Jorid (1995) *Kultursatsing – prosess for profit: evaluering av kulturprosjektene i PTD-videreføringsfasen*. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Vaagland, Jorid og Geir Vestheim (1991) *Kulturmodell Tynset*. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Van der Ros, J. og Vaagland J. (1992) *Gi meg de faste og sterke*. ØF-Rapport nr 9/92. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Vangsnes, Ella Marie Brekke (2003–2005) *Heilt andre tider. Bygdebok for Fusa I–III*. Bergen: Vigmostad og Bjørke.
- Venneslan, Knut (2000) *Eier og marked. Sunnhordlandsindustrien på 1990-tallet*. AHS-serie A 2000-1. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Østerud, Øyvind, Fredrik Engelstad og Per Selle (2003) *Makten og demokratiet: en sluttbok fra Makt- og demokratiutredningen*. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.
- Aaberge, Terje og Øyvind Heimset Larsen (2002) *E-handel for småskala matprodusentar*. VF-rapport 14/2002. Sogndal: Vestlandsforskning.
- Aanesland, Normann og Inger-Lise Labugt (2000) *Bygdeutvikling – til nytte for hvem?* Oslo: Landbruksforlaget.
- Aasbrenn, Kristian (1990) *Uttynningssamfunnet, Utfordringer og forskningsbehov*. ØF-rapport 17/1990 Lillehammer: Østlandsforskning.
- Aasbrenn, Kristian (2000) «Periferiens plass i velferds- og tjenesteøkonomien – omstilling til sårbarhet», i Håvard Teigen (red.): *Bygdeutvikling: Historiske spor og framtidige regnal*. Trondheim: Tapir forlag.

Evalueringar og rapportar om bygde- og utviklingstiltak

Berekraftig Næringsutvikling i Lokalsamfunna, desember 2003 (Sluttrapport). Sjå <http://www.hordaland-f.kommune.no/klf/bnl/sluttrapport03.pdf>

Bleie, Arnhild (2005): RUP. *Samhandling og næringsutvikling på Folgefonnahalvøya*. Sluttrapport [frå prosjektleiar] 15.05.2005 2004–2006.

Bruknapp, Målfrid (1994) *Evaluering av kvinneretta tiltak – næringsutvikling 1992–94*. FMLA

Bygdeutvikling med kvinneperspektiv. Rapport frå kvinneretta tiltak perioden 17.08.92-01-09.93. FMLA 1993.[Situasjonsrapport].

Bygdemobilisering retta mot ungdom [udatert, FMLA 1999].

Jakobsen, Stig-Erik (2003) «Internasjonale endringer og lokal respons: En analyse av omstillingsarbeidet i Odda». SNF Arbeidsnotat A22/03.

«Levande bygdeutvikling». Ein studie av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder. R-Nr 4/2002, Avd for Økonomi og språk, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

«Nyskapning i småbedriftsmljø på Osterøy». Sluttrapport.

Rapport frå prosess-samlingar om lokalsamfunnstiltak i Hordaland. [udatert, 1999].

«Samhandling og næringsutvikling på Folgefonnahalvøya», 20.3.03. Søknad til FMLA om midlar frå BU-fondet.

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland. «Eit nyskapande Hordaland».

Skage, Torleiv (prosjektleiar) (2004) Trivselsgrenda. Tiltaksfasen. Studie av trivsel, sosialt liv, flytting og flyttemotiv i bygdene Oma, Fusa-bygda og Ølve/Hatlestrand. Kortversjon. Jeanine Heide (prosjektleiar) Åse Vaag (FMLA) og «Trivselsgrenda». Bygdeutvikling i eit livsstilssamfunn. Tiltaksfasen 2003-4. FMLA

Sørbrøden, Øyvind (1998) *Evaluering av bygdemobilisering i Hordaland på oppdrag fra Fylkesmannenes landbruksavdeling*. Senter for egenutvikling v/Øyvind Sørbrøden i samarbeid med sivøk Svend Aubert.

Søknad om midlar frå Programkomiteen for BNL til FMLA (SNR S-519/99).

Ungmob. Nyhetsavis frå prosjektet «Bygdemobilisering retta mot ungdom», nr. 1, 1998.

Westerlund, Geir Johan: «Ka blei det til?». Omstillingssprosjektet i Odda 1998–2003. Ei kvalitativ oppsummering. Intern sluttrapport.

NOTATSERIE ROKKANSENTERET (ISSN 1503-0946)

Notatene kan bestilles fra Rokkansenteret, tlf. 55 58 97 10,
e-post: post@rokkansenteret.uib.no, <http://www.rokkansenteret.uib.no>

2005

- 1-2005** *Ivar A. Lima og Agnetha Vabø*: «Instituttstruktur og fakultetsorganisering ved HF-fakultetet, Universitetet i Bergen». Mai 2005.
- 2-2005** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars*: «Modalen: Fra off-road til on-line på 25 år». Mai 2005.
- 3-2005** *Nanna Kildal*: «Fra arbeidsbegrepets historie: Aristoteles til Marx». Mai 2005.
- 4-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen*: «Autonomy and Control in the Norwegian Civil Service: Does Agency Form Matter?». September 2005.
- 5-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen*: «Regulating Regulatory Organizations: Controlling Norwegian Civil Service Organizations». September 2005.
- 6-2005** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Regulatory Reforms and Agencification». November 2005.
- 7-2005** *Anne Lise Fimreite and Per Lægreid*: «Specialization and Coordination: Implications for Integration and Autonomy in a Multi-Level System». November 2005.
- 8-2005** *Per Lægreid, Paul G. Roness and Kristin Rubecksen*: «Performance Management in Practice – The Norwegian Way». November 2005.
- 9-2005** *Stig Helleren*: «Omstilling i Arbeidstilsynet: Tilsynsmeldingens konsekvenser for strategi og organisering». November 2005.
- 10-2005** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinhorsson and Baldur Thorhallsson*: «Europeanization of Nordic Central Governments: Towards a Transnational Regulatory State?». November 2005.
- 11-2005** *Kari Ludvigsen and Kari Tove Elvbakken*: «The Public, the Mother and the Child. Public Health Initiatives Promoting the Strong and Happy Child – Focusing on Food and Mental Health». December 2005.
- 12-2005** *Rune Ervik and Ingrid Helgøy*: «Overcoming the Barriers and Seizing the Opportunities for Active Ageing in Norway: Report from an Expert Panel Meeting». December 2005.
- 13-2005** *Ingrid Helgøy*: «Active Ageing and the Norwegian Health Care System». December 2005.
- 14-2005** *Martin Byrkjeland og Knut Grove*: «Perspektiv på bygdeutvikling». Desember 2005.

2004

- 1-2004** *Dag Olaf Torjesen and Hallgeir Gammelsæter*: «Management Between Autonomy and Transparency in the Enterprise Hospital». January 2004.
- 2-2004** *Haldor Byrkjeflot and Simon Neby*: «The Decentralized Path Challenged? Nordic Health Care Reforms in Comparison». January 2004.
- 3-2004** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «The Fragmented State – the Challenges of Combining Efficiency, Institutional Norms and Democracy». March 2004.
- 4-2004** *Morten Dyrdal*: «Europeisering av tilsynsmyndigheter i Norge og Sverige». Mars 2004.
- 5-2004** *Karsten Vrangbæk and Katarina Østergren*: «The Introduction of Choice in Scandinavian Hospital Systems. Arguments and Policy Processes in the Danish and the Norwegian Case». March 2004.
- 6-2004** *Marit Tjomsland*: «Internationalization at Norwegian Universities and Colleges after the Quality Reform». April 2004. The Globalization Program.
- 7-2004** *Hans-Tore Hansen, Anne Hege Trædal-Henden, Olaf Jürgens and Wolfgang Voges*: «Poverty among Households with Children: A Comparative Study of Lone Parents and Couples with Children in Norway and Germany». April 2004.
- 8-2004** *Renate Storetvedt Lien og Arnhild Taksdal*: «Integrering av kjønnsperspektiv i offentlig tjenesteproduksjon og planlegging». Mai 2004.
- 9-2004** *Ingrid Helgøy og Synnøve Serigstad*: «Tilsyn som styringsform i forholdet mellom staten og kommunene». Mai 2004.
- 10-2004** *Morten Dyrdal*: «Legemiddeltilsyn og europeisering». September 2004.
- 11-2004** *Bodil Ravneberg*: «Økonomiske insentiv i arbeidslinjen, virker det? Evaluering av forsøksordning med kvalifiseringsstørnad i 'Prosjektet Amalie' i Åsane». Oktober 2004.
- 12-2004** *Per Lægreid and Synnøve Serigstad*: «Organizing for Homeland Security: The Case of Norway». November 2004.

- 13-2004** *Ivar Bleiklie*: «Institutional Conditions and the Responsibilities of Universities». November 2004.
- 14-2004** *Lise Hellebø*: «Food Safety at Stake – the Establishment of Food Agencies». November 2004.
- 15-2004** *Katarina Østergren*: «The Institutional Construction of Consumerism. A Study of Implementing Quality Indicators». November 2004.
- 16-2004** *Ingrid Helgøy and Anne Homme*: «Governance in Primary and Lower Secondary Education. Comparing Norway, Sweden and England». November 2004.
- 17-2004** *Tom Christensen, Per Lægreid and Inger Marie Stigen*: «Performance Management and Public Sector Reform: The Norwegian Hospital Reform». December 2004.
- 18-2004** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Regulatory Agencies – The Challenges of Balancing Agency Autonomy and Political Control». December 2004.
- 19-2004** *Dag Arne Christensen*: «Velferdsstat, rettighetslovgivning og lokalt selvstyre». Desember 2004.
- 20-2004** *Kristin Rubecksen*: «Civil Service Organizations in Norway: Organizational Features and Tasks». December 2004.
- 21-2004** *Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume and Lars Sørgard*: «National Versus International Mergers in Unionised Oligopoly». December 2004. The Globalization Program.
- 22-2004** *Birte Folgerø Johannessen*: «Ledelse og evidens i det psykiske helsevernet, konsekvenser for kunnskapsforståelse og organisering». Desember 2004.
- 23-2004** *Jacob Aars og Svein Kvalvåg*: «Politiske uttrykksformer i en bykontekst». Desember 2004.
- 24-2004** *Ingrid Helgøy*: «Active Ageing in the Labour Market. Country Report – Norway». December 2004.
- 25-2004** *Torgeir Sveri*: «Strukturer og reformer. En kvalitativ analyse av reformen 'Enhetlig ledelse' sett i lys av sykehusets arbeidsorganisering». Desember 2004.
- 26-2004** *Stig Helleren*: «Arbeidstilsynets rollekonflikt: Veksrende tilsynsstrategier mellom kontroll og veiledning». Desember 2004.
- 27-2004** *Kjell Erik Lommerud, Frode Meland and Odd Rune Straume*: «Globalisation and Union Opposition to Technological Change». December 2004.
- 28-2004** *Frode Meland*: «A Union Bashing Model of Inflation Targeting». December 2004. The Globalization Program.

2003

- 1-2003** *Tom Christensen og Per Lægreid*: «Politisk styring og privatisering: holdninger i eliten og befolkningen». Mars 2003.
- 2-2003** *Ivar Bleiklie, Per Lægreid and Marjoleine H. Wik*: «Changing Government Control in Norway: High Civil Service, Universities and Prisons». March 2003.
- 3-2003** *Badi H. Baltagi, Espen Bratberg and Tor Helge Holmås*: «A Panel Data Study of Physicians' Labor Supply: The Case of Norway». March 2003. HEB.
- 4-2003** *Kjell Erik Lommerud, Frode Meland and Lars Sørgard*: «Unionised Oligopoly, Trade Liberalisation and Location Choice». March 2003. The Globalization Program.
- 5-2003** *Lise Hellebø*: «Nordic Alcohol Policy and Globalization as a Changing Force». April 2003.
- 6-2003** *Kim Ove Hommen*: «Tilsynsroller i samferdselssektoren». April 2003.
- 7-2003** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Trust in Government – the Significance of Attitudes Towards Democracy, the Public Sector and Public Sector Reforms». April 2003.
- 8-2003** *Rune Ervik*: «Global Normative Standards and National Solutions for Pension Provision: The World Bank, ILO, Norway and South Africa in Comparative Perspective». April 2003. The Globalization Program.
- 9-2003** *Nanna Kildal*: «The Welfare State: Three Normative Tensions». Mai 2003.
- 10-2003** *Simon Neby*: «Politisk styring og institusjonell autonomi – tre illustrasjoner». Mai 2003.
- 11-2003** *Nina Berven*: «Cross National Comparison and National Contexts: Is what we Compare Comparable?». July 2003. The Globalization Program.
- 12-2003** *Hilde Hatleskog Zeiner*: «Kontrollhensyn og kontrollpraksis. En studie av Food and Veterinary Office (FVO)». August 2003.
- 13-2003** *Nanna Kildal*: «Perspectives on Policy Transfer». August 2003.
- 14-2003** *Erik Allardt*: «Two Lectures: Stein Rokkan and the Twentieth Century Social Science». «Den sociala rapporteringens tidstypiska förankring». September 2003.

- 15-2003** *Ilcheong Yi*: «The National Patterns of Unemployment Policies in Two Asian Countries: Malaysia and South Korea». September 2003. The Globalization Program.
- 16-2003** *Dag Arne Christensen*: «Active Ageing: Country Report Norway». November 2003.
- 17-2003** *Kim Ove Hommen*: «Tilsynspolitikk i Norge: Utflytting og autonomi». November 2003.
- 18-2003** *Dag Arne Christensen, Rune Ervik and Ingrid Helgøy*: «The Impact of Institutional Legacies on Active Ageing Policies: Norway and UK as Contrasting Cases». December 2003.
- 19-2003** *Ole Frithjof Norheim og Benedicte Carlsen*: «Legens doble rolle som advokat og portvakt i Fastlegeordningen. Evaluering av fastlegeordningen». Desember 2003. HEB
- 20-2003** *Kurt R. Brekke og Odd Rune Straume*: «Pris- og avanseregulering i legemiddelmarkedet. En prinsipiell diskusjon og en vurdering av den norske modellen». Desember 2003. HEB
- 21-2003** *Per Lægreid, Vidar W. Rolland, Paul G. Roness and John-Erik Ågotnes*: «The Structural Anatomy of the Norwegian State 1947–2003». December 2003.
- 22-2003** *Ivar Bleiklie, Haldor Byrkjeflot and Katarina Östergren*: «Taking Power from Knowledge. A Theoretical Framework for the Study of Two Public Sector Reforms». December 2003. ATM.
- 23-2003** *Per Lægreid, Ståle Opdal and Inger Marie Stigen*: «The Norwegian Hospital Reform – Balancing Political Control and Enterprise Autonomy». December 2003. ATM.
- 24-2003** *Håkon Høst*: «Kompetanse måling eller voksenutdanning i pleie- og omsorgsfagene? Underveisrapport fra en studie av pleie- og omsorgsutdanningsfagene». Desember 2003.
- 25-2003** *Kjell Erik Lommerud, Odd Rune Straume and Lars Sørgard*: «Downstream merger with upstream market power». The Globalization Program. December 2003.
- 26-2003** *Ingrid Drexel*: «Two Lectures: The Concept of Competence – an Instrument of Social and Political Change». «Centrally Coordinated Decentralization – No Problem? Lessons from the Italian Case». December 2003.

2002

- 1-2002** *Håkon Høst*: «Lærlingeordning eller skolebasert utdanning i pleie- og omsorgsfagene?». April 2002.
- 2-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand and Per Solvang*: «Rome – a Temporary Deaf City! Deaflympics 2001». June 2002.
- 3-2002** *Jan-Kåre Breivik, Hilde Haualand og Per Solvang*: «Roma – en midlertidig døv by! Deaflympics 2001». Juni 2002.
- 4-2002** *Christian Madsen*: «Spiller det noen rolle? – om hverdagen på nye og gamle sykehjem». Juni 2002.
- 5-2002** *Elin Aasmundrud Mathiesen*: «Fritt sykehusvalg. En teoretisk analyse av konkurransen i det norske sykehusmarkedet». Juni 2002. HEB.
- 6-2002** *Tor Helge Holmås*: «Keeping Nurses at Work: A Duration Analysis». June 2002. HEB.
- 7-2002** *Ingvild Halland Ørnsrud*: «Mål- og resultatstyring gjennom statlige budsjettreformer». Juli 2002.
- 8-2002** *Torstein Haaland*: «Tid, situasjonisme og institusjonell utakt i systemer». Juli 2002.
- 9-2002** *Kristin Strømsnes*: «Samspillet mellom frivillig organisering og demokrati: Teoretiske argument og empirisk dokumentasjon». August 2002.
- 10-2002** *Marjoleine Hooijkaas Wik*: «Mangfold eller konformitet? Likheter og forskjeller innenfor og mellom fem statlige tilknytningsformer». August 2002.
- 11-2002** *Knut Helland*: «Den opprinnelige symbiosen mellom fotball og presse». September 2002.
- 12-2002** *Nina Berven*: «National Politics and Global Ideas? Welfare, Work and Legitimacy in Norway and the United States». September 2002. The Globalization Program.
- 13-2002** *Johannes Hjellbrekke*: «Globalisering som utfordring til samfunnsvitskapane». September 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 14-2002** *Atle Møen*: «Den globale produksjonen av symbol og kunnskap. Verdsflukt og verdsherredømme». September 2002. Globaliseringsprogrammet.
- 15-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Complex Patterns of Interaction and Influence Among Political and Administrative Leaders». October 2002.
- 16-2002** *Ivar Bleiklie*: «Hierarchy and Specialization. On Institutional Integration of Higher Education Systems». Oktober 2002.

- 17-002** *Per Lægreid, Runolfur Smari Steinthorsson and Baldur Thorhallsson*: «Europeanization of Public Administration: Effects of the EU on the Central Administration in the Nordic States». November 2002.
- 18-2002** *Tom Christensen and Per Lægreid*: «Trust in Government — the Relative Importance of Service Satisfaction, Political Factors and Demography». November 2002.
- 19-2002** *Marit Tjomsland*: «Arbeidsinnvandringssituasjonen i Norge etter 1975». November 2002. Globaliseringssprogrammet.
- 20-2002** *Augustín José Menéndez m.fl.*: «Taxing Europe. The Case for European Taxes in Federal Perspective». December 2002. The Globalization Program.
- 21-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Globalization and Risky Human Capital Investment». December 2002. The Globalization Program.
- 22-2002** *Fredrik Andersson and Kai A. Konrad*: «Human Capital Investment and Globalization in Extortionary States». December 2002. The Globalization Program.
- 23-2002** *Anne Lise Fimreite, Yngve Flo og Jacob Aars*: «Generalistkommune og oppgavedifferensiering. Tre innlegg». Desember 2002.
- 24-2002** *Knut Grove*: «Frå privat initiativ til kommunalt monopol. Lysverk, sporvegar og renovasjon i Bergen og Oslo 1850–1935». Desember 2002.
- 25-2002** *Knut Grove*: «Mellom 'non-intervention' og 'samfundsvillie'. Statleg og kommunal regulering av økonomisk verksemd i Norge på 1800-talet». Desember 2002.
- 26-2002** *Dag Arne Christensen*: «Hovedtyper av valgordninger. Proporsjonalitet eller politisk styring?». Desember 2002.
- 27-2002** *Jan Erik Askildsen, Badi H. Baltagi and Tor Helge Holmås*: «Will Increased Wages Reduce Shortage of Nurses? A Panel Data Analysis f Nurses' Labour Supply». December 2002. HEB.
- 28-2002** *Sturla Gjesdal, Peder R. Ringdal, Kjell Haug and John Gunnar Mæland*: «Medical Predictors of Disability Pension in Long-Term Sickness Absence. December 2002. HEB.
- 29-2002** *Dag Arne Christensen og Jacob Aars*: «Teknologi og demokrati. Med norske kommuner på nett!». Desember 2002.
- 30-2002** *Jacob Aars*: «Byfolk og politikk. Gjennomgang av data fra en befolkningsundersøkelse i Bergen, Oslo og Tromsø». Desember 2002.
- 31-2002** *Hjørdis Grove*: «Kommunaliseringssprosessen i Århus 1850–1940». Desember 2002.